

Årsrapport 2014

Årsmelding og rekneskap



Opning
Hafslo barnehage




Grunnlovs-
markering





Årshjulet 2014 – Luster kommune



Teiknforklaring - Raud og Blå aktivitet <i>styringsdialog</i>	Teiknforklaring - Grøn aktivitet <i>medarbeidar- og brukardialog</i>
TP – Tenesteplan	LD – Leiardialog
B – Budsjett	BU-BH – Brukarundersøking barnehage
ØP – Økonomiplan	BU-S – Brukarundersøking Skule
PP – Planleggingsprogram	BD – Brukardialog
R - Rekneskap	MS – Medarbeidarsamtale
Å – Årsmelding	VR – Vernerunde
T1 – Tertialrapport 1. tertial	IS – Introduksjonsseminar nye medarbeidarar
T2 – Tertialrapport 2. tertial	MU – Medarbeidarundersøking

Innleiing og samandrag



Jarle Skartun

Utvikling og resultat

I det store og det heile syner denne årsrapporten at 2014 har vore eit greitt og godt år for drifta i Luster kommune. Tilbod og tenester er vidareført og utvikla i samsvar med planane. Utbygging og investeringar er om lag i rute. Det er lagt ned mykje arbeid i å planlegge framtidig arealbruk i arbeidet

med ny arealplan og

næringsutviklingsarbeidet kan og omtalast som eit normalår.

Det økonomiske resultatet kan omtalast med to ulike fortegn. Netto driftsresultat i kommunen bør syne eit resultat på 2,5-3%, eller målt i pengar eit overskot mellom 10 og 15 million kroner pr. år. Med 1,3 % er me ikkje der og målt i eit lengre løp er resultatet absolutt ikkje godt nok.

Budsjettet hadde mål om eit nullresultat inkl bruk av 5-6 million kroner frå fond. Resultatet er betre enn dette, inkludert div korrigeringar kan resultatet omtalast som eit nullresultat utan bruk av fond.

Meir om resultatet;

Luster kommune hadde på papiret eit netto driftsresultat på 1,3 prosent i 2014, eller 6,2 mill. kroner. Dette er noko svakare enn i 2013 då netto driftsresultat var på 1,8 prosent.

Medan netto driftsresultat seier noko om den langsiktige balansen i kommuneøkonomien, seier det rekneskapsmessige resultatet noko om kommunen samla sett har hatt eit netto meir- eller mindreforbruk i høve til budsjettet. Luster kommune hadde i 2014 eit netto rekneskapsmessig mindreforbruk på 5,9 mill kroner. 2014 var eit nytt år med utfordringar med å halda drifta innanfor vedtekne rårer med innlagte innsparingar

Årsrapport 2014

Rådmannen i Luster legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2014, som eit samla dokument. Dokumentet er etter mal av tidlegare år.

Dokumentet skal stetta dei krav kommunelova set i høve rapporteringa til kommunestyret. Rådmannen viser her til kommunelova § 48, punkt 1, der det står:

«Kommunane skal for kvart år utarbeide årsrekneskap og «årsberetning/årsmelding».

Kommunelova sitt rapporteringskrav på rekneskapsida ligg i § 48, punkt 2-4.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane.

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen, etter tilråding frå formannskapet. Vedtaket skal syne disponering av rekneskapsmessig resultat.

Rapporten skal det gi opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultat. Det er krav om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje miljø og likestilling på alle område i kommunen.

Slik rådmannen ser det vert desse lovkrava stetta i dette fellesdokumentet.

Innholdsliste:

Føreord	1	Oppvekst	21
Folketal og sysselsetjing	4	Helse	29
Tema natur	6	Pleie og omsorg	33
Interkommunalt samarbeid	10	Sosial	38
Kommuneplanarbeidet	12	Tekniske tenester	43
Kommunen som verksemd	14	Næringsutvikling og naturforvaltning	48
Folkevalde	17	Kultur	54
Administrasjon	22	Rekneskapen 2014	59
		Revisjonsmelding	76

og tilpassingar av drifta. Dette har kommunen samla sett i stor grad lukkast med slik at forbruket i eiga drift balanserer.

Kommunen kjem samla sett ut med eit rekneskapsmessig mindreforbruk, i hovudsak grunna eksterne forhold. Vesentleg lågare premieavvik enn budsjettert og høg fondsavkastning på 14,5 % /vel 7 million kroner, er hovudårsaka til eit positivt resultat. Høgare statleg tilskot til rentekompensasjon skular/basseng og omsorgsplassar, samt lågare renteutgifter enn budsjettert gir og resultatteffekt.

Utlån frå næringsfondet kan variera mykje frå år til år, og påverkar til liks med ovanemde punkt netto driftsresultat og dette året negativt.

I den sektorvise gjennomgangen seinare i årsmeldinga er det gjeve kommentarar til økonomien på kvar enkelt sektor.

Sjølv om drifta går nokolunde i balanse er det og driftsområde innan rettighetsfesta ordningar med ubalanse og auke som gir grunn til økonomisk bekymring. Me har hatt stor auke i spesped tiltak og i 2014 er det spesielt barnevern som aukar vesentleg utover budsjettråmene. Det er og tiltak innan ressurskrevjande tenester der utfordringane er labile og kostnadsveksten kan vere vanskeleg å kontrollere.

Luster kommune hadde i 2014 samla kraftrelaterte inntekter på 122 mill kroner. Dette er omlag 7 mill kroner lågare enn i 2013. Dersom kraftprisane fortsatt blir liggande lågt, vil nedgangen i inntektene gå ytterlegare ned grunna påverknaden på eigedomsskatten.

Luster kommune er inne i ein periode med høge investeringar, men grunna høg avdragsbetaling fram til no er ikkje lånegjeld unormalt høg.

Meir om årsmelding for 2014.

Aktiviteten er stor både når det gjeld drift og investeringar. I drifta leverar me gode tenester, investeringsnivået er høgt og me driv aktivt utviklingsarbeid av tenester, næring og lokalsamfunn. Alle tilsette gjer ein god jobb for å få dette til. Overordna meiner rådmann det er god budsjett disiplin og det vert aktivt teke tak i driftsmessige utfordringar.

Det er og i 2014 sett i verk fleire tiltak for å få betre balanse i økonomien.

Kommunal ressursbruk via vedtekte tiltak er regulert ned med 4-5 million kroner. Effekten av tiltaka har vore bra, men samstundes har det dukka opp nye utfordringar som krev auka økonomiske midlar.

God utvikling.

Luster kommune hadde også i 2014 positiv folketalsutvikling ved at innbyggjartalet auka frå 5.089 til 5118. Flytting er i balanse og det er eit fødselsoverskot på 29. 70 fødte er det høgaste talet på 15 år.

Kommunen har og i 2014 stort engasjement i næringsutvikling. 25 saker i næringsutvalet er ein viss nedgang, men det er utbetalt nye næringslån på 12,5 million kroner og det er gitt tilsagn på 4,8 million

kroner. Det er arbeidd med å tilby gode næringsareal og på Hafslo er det førebudd utbygging av næringsareal på Galdetoppen. Det har vore arbeidd aktivt med utviklings- og tilretteleggingstiltak til dømes breidband-utbygging. Det er løyvd midlar til seks bruksutbyggingar i landbruket.

Det har i utgangspunktet vore ein god sesong for reiselivet i kommunen, sjølv om cruisetrafikken i Skjolden fekk færre anløp med ca 25 i 2014. Dessverre vart og reiselivet råka av ei ulykke på Nigardsbreen der to tyske turistar omkom ved nedfall av isblokker. Sogn skisenter og Lustrabadet har og hatt ei positiv utvikling og er gode tilbod og besøksattraksjonar i kommunen.

Det vert arbeidd aktivt med å tilretteleggje for vidare bustadbygging i alle delar av kommunen.

Andre store saker

Rådmannen og administrasjonen sitt arbeid har i 2014 vore prega av å følgje opp kommunestyrevedtak frå 2012-13, budsjettvedtaket frå des-13 og leggje fram nye saker. Frå arbeidet i 2014 vil rådmannen særleg nemne:

- Kommuneplan areal, omfattande prosess og utgreiingar gjennom 2014, k-vedtak 05.03.15.
- Gjennomføring av tiltakspakken for nedregulering av ressursbruken i budsjettet med opp mot 5 mil i 2014.
- Årsrapport og rekneskap 2013, tilbakemelding og dokumentasjon av 2013-aktivitet.
- Arbeid med kraftutbyggingssaker.
- Handsaming av reguleringsplanar.
- Budsjettoppfølging, T1 og T2 m/regulering av budsjett.
- Tilstandsrapport for grunnskulen/temadag.
- Budsjett 2015, økonomiplan og planleggingsprogram for 2015-18.
- Utbyggingsplan for Hafslo barne og ungdomsskule og bustadfeltet Beheim II.
- Ny kjøkenorganisering med etablering av sentralkjøken.
- Utbygging av Gaupne omsorgsenter og Hafslo barnehage er ferdigstilt 2.halvår 2014.
- Interkommunalt skulesamarbeid, arbeid om spes-ped. organisering og «System for styrka læring.»
- Utvida folkehelsearbeid med etablering/vidareutvikling av Frisklivsentral, SognFMS.
- Busetjing av flyktningar.
- Vidareføring av ferjetilbodet Solvorn-Ornes.
- Adresseprosjektet. Avklaring av forskrift, vegparsellar og namnearbeid.
- Beredskapsplanverk. Oppdatering og fornying, inkl overordna ROS.
- Forvaltningsplanar for fredings-/verneområde.
- Utbyggingsprosjekt for bustader Gaupne og bustad Fortun.
- Kommunereform, lokal prosess.

Dei fleste sakene er nærare omtalte i årsrapporten.

Nokre nøkkeltal:	2011	2012	2013	2014
Netto driftsresultat	-1 276 084	3 345 771	9 564 819	6 178 936
Netto driftsresultet i %	-0,3	0,7	1,8	1,3
Investeringsutgifter. (inkl.mva)	85 575	54 561	49 165	64 118
Herav dekket av lån	55 760	42 191	35 292	42 169
Renteutgifter (mill kr)	12 933	13 064	11 948	11 453
Avdragsutgifter (mill kr)	18 863	21 346	22 676	24 512
Rente-utbytteinntekter (mill kr)*	5 736	13 657	18 373	15 734
Lånegjeld (mill kr)*	340 051	352 472	3 893	378 607

Lånegjeld Gullringen 115 mill kr er ikkje rekna med her. Av lånegjelda er 43,4 mill kr knytt til VAR/sjølvkost.

Måloppnåing - Kommunale styringsmål.

Gjennom årsrapporten prøver me å gi eit bilde av utvikling og resultat på viktige område.

På dei ulike tenesteområda finn ein meir detaljerte vurderingar.

Oppsummering av nokre sentrale område kan setjast opp i tabellform slik;

Tenesteområde/ styringsmål	Nådde vi måla i 2014 ?		
	Ikkje heilt	Så godt som	Og vel så det
Økonomisk resultat-god økonomi	X		
Driftsresultat			X
Budsjettkontroll-drift		X	
Budsjettkontroll-investeringar	X		
Pleie og omsorg, økonomi			X
Tiltaksarbeid økonomi, fornying, endringar, gevinstrealisering.....	X		
Medarbeiderus. trivsel			X
Tilsette – sjukefråvær		X	
Pleie og omsorg, sjukefråvær	X		
Klagesaker m/omgjerding		X	
Barnehage, brukarus.			X
Grunnskulepoeng			X
Grunnskulen, trivsel og motivasjon 7 og 10.kl.		X	
Grunnskulen, eksamen (10 kl)		X	
Sosiale tenester, barnevernet	X		
Utviklingsarbeid inkl. Ikt utvikling helse og pleie og omsorg.			X
KA-tilbodet			X
ATS, tilbod og resultat			X
Tilrettelegging for friluftsliv, naturarven i skule og lokalsamf.			X

Tabellen tek utgangspunkt i målingar, rangering av andre og rådmann sine skjønsmessige vurderingar.

Årshjulsarbeidet er godt innarbeidd og fungerer tilfredstillande.

I 2014 er det gjennomført medarbeidarundersøkelse med spørjeskjema til alle medarbeidarane. Det er gjennomgåande gode resultat.

Likestillingsarbeidet har fokus. Avtaleverket vert fylgt opp slik at lønspolitikken ivaretek og fremjer likestilling, og det vert arbeidd for å få fleire menn i barnehagar og skular. Me har eit planmessig arbeid for å redusere uønska deltid. Rekruttering av kvinnelege leiarar i staben bør få auka fokus. Rekruttering og kompetanseutvikling har og skal ha stor merksemd framover (jf. også *Strategi for rekruttering og kompetanseutvikling-*)

Kvalitetssystemet LKK sikrar at HMT- og kvalitetsarbeidet er på plass i eit samla og lett tilgjengeleg system. Det er og i dette systemet reglement, retningslinjer og prosedyrar som skal sikre høg etisk standard.

Etter forvaltningsrevisjon habilitet og etikk vart det etterlyst eigne etiske retningslinjer og tydeleggjering av ein del ordningar og rutinar. Det er i 2014 arbeidd med å få dette på plass og i kommunestyresak 05.03.15 vart det lagt fram sak med felles etiske retningslinjer for tilsette og politikarar. Det er utarbeidd ny varslarordning. Det er lagt til rette tiltak for opplæring, andre tiltak og sjekkliste som sikrar gode habilitetsvurderingar og god etisk standard i forvaltning og anna kommunalt arbeid.

Når det gjeld IKT så er det e-utvikling innan pleie og omsorg, heimetenesta og helse som har vore prioritert i 2014.(mobil pleie, meldingsutveksling og e-resept.)

Temasider

I årets rapport har rådmannen teke inn temasider om; folketal og sysselsetting, interkommunalt samarbeid, kommuneplan areal, forvaltning av verneområde/aktivitet naturarv og kommunen som verksemd.

Det er gjort mykje godt og byggjande arbeid i 2014, i godt samarbeid i heile organisasjonen, god innsats av medarbeidarane og greie styringssignalar frå politisk overordna i formannskap, plan og forvaltningstyret og kommunestyret i 2014.

Gaupne, mars 2015



Jarle Skartun
rådmann

Folketal og sysselsetjing

Folketalsutviklinga

Folketalet i Luster kommune auka med 29 personar i 2014. I 2014 flytta 197 personar til Luster kommune, medan 197 personar flytta ut. Det var 70 fødslar i Luster dette året, medan 41 personar døydde.

Statistisk Sentralbyrå sin statistikk syner slik utvikling av folketalet i Luster:

Årstal/dato	Innbyggjarar
01.01.08	4870
01.01.09	4879
01.01.10	4945
01.01.11	5023
01.01.12	5026
01.01.13	5041
01.01.14	5089
01.01.15	5118

I Luster slik som i andre kommunar i Noreg, har talet på utlendingar vakse. I år 2000 budde det i Luster kommune 65 innflyttarar frå Europa, 6 frå Afrika, 11 frå Asia og 6 frå Nord-Amerika. I 2014 budde det 242 personar frå Europa, 36 frå Afrika, 13 frå Asia og 10 frå Amerika.

I Luster kommune bur det 1,8 personar pr km², medan talet for landet er 15,1.

Folkemengde 1. januar, aldersfordelt				
Luster	2010	2012	2014	2015
	Personar	Personar	Personar	Personar
0 år	48	53	60	72
1-5 år	310	293	297	283
6-12 år	451	470	458	476
13-15 år	229	214	208	205
16-19 år	278	269	291	286
20-44 år	1405	1454	1463	1480
45-66 år	1389	1421	1451	1428
67-79 år	512	513	533	557
80-89 år	254	262	247	248
90 år eller eldre	69	77	81	83
Sum	4945	5026	5089	5118

Folketal – skulekrinsar

	2007	2014	2015
Skjolden	443	432	437
Dale	498	513	501
Gaupne	1331	1488	1514
Jostedal	426	393	404
Indre Hafslo	515	510	503
Hafslo	1265	1366	1380
Solvorn	257	265	259
Veitastrend	131	107	109
Ikkje oppgjevne		15	9


Sysselsetjinga

Oversyn over heilt arbeidslause i Luster syner ei arbeidsløyse opp i 150 i fyrste halvdel av nittitalet. Dei siste åra har tal ledige vore mellom 35-50 personar.

Arbeidsmarknaden

I år 2000 arbeidde 342 lustringar i Sogndal, 73 på Leikanger. I 2013 var det 524 lustringar som arbeidde i Sogndal og 114 i Leikanger.


Arbeidsstyrken går også andre vegen. 99 personar frå Sogndal arbeidde i Luster i år 2000. I 2013 var det 166 personar frå Sogndal som arbeidde i Luster.



LUSTER KOMMUNE
Folketallsutvikling frå 2014 til 2015 pr grunnkrets
I antall personer.

Antall nedgang/oppgang står bak navn på grunnkrets

■ Nedgang
■ Oppgang



Luster kommune - sysselsette personar etter arbeidsstad
Sysselsette per 4.kvartal, etter næring (SSB)

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	302	306	296	293	236	265
05-09 Bergverksdrift og utvinning	0	0	0	0	1	1
10-33 Industri	129	124	126	127	248	254
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	83	86	88	85	87	85
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	168	147	155	162	178	176
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	209	187	196	216	204	211
49-53 Transport og lagring	70	68	61	66	59	69
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	58	55	65	59	49	71
58-63 Informasjon og kommunikasjon	101	91	97	101	1	3
64-66 Finansiering og forsikring	27	29	30	32	28	26
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	50	51	37	39	39	37
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	73	74	68	65	66	59
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	74	75	74	66	69	76
85 Undervisning	178	197	195	213	205	205
86-88 Helse- og sosialtjenester	411	430	434	416	464	461
90-99 Personlig tjenesteyting	53	48	44	39	53	64
00 Uoppgift	7	10	16	9	16	12
I alt	1993	1978	1982	1988	2003	2075

Fødde/døde i Luster

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Fødde	54	59	50	54	66	47	46	53	57	62	70
Døde	54	55	54	47	46	59	42	54	67	50	41
Fødselsoverskot	0	+ 4	- 4	+ 7	+ 20	- 12	+ 4	-01	-10	12	29

Flyttetotal for Luster

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Innflytting	135	107	147	106	106	182	184	134	232	222	197
Utflytting	134	149	148	128	117	103	117	129	207	186	197
Nettoinnflytting	+ 1	- 42	- 1	- 22	- 11	79	67	5	25	36	0

Tema natur

naturforvaltning og naturarv

Verneområdeforvaltning og oppsyn

Statlege stillingar med kontor plass i Luster

Luster har fått ei viktig rolle i forvaltning av nasjonale og lokale verneområde.

Me har store og viktige verneområde i vårt område;
-Breheimen nasjonalpark inkl landskapsvernområda i Mørkridsdalen og Vigdalen.
-Jostedalsbreen nasjonalpark
-Jotunheimen nasjonalpark inkl Utladalen landskapsvernområde.

Statens naturoppsyn, SNO, har og utgangspunkt for sitt arbeid med naturoppsyn i Breheimen nasjonalpark, dei mindre verneområda i kommunen og Jostedalsbreen nasjonalpark og Nigardsbreen naturreservat i Luster.

Fleire stillingar er lagde til Luster på grunn av dei store verneområda kommunen er del av. Til saman tre nasjonalparkforvaltarar og to stillingar knytte til Statens Naturoppsyn (SNO) har kontor plassen sin i andre høgda i Rådhuset, ved sida av landbrukskontoret.

Arbeidsoppgåvene er dei same for alle forvaltarane. Dei skal saman med kvart sitt nasjonalparkstyre sjå til at nasjonalparkane med tilgrensande verneområde vert forvalta på ein god måte i tråd med verneføremålet og til det beste for samfunnet elles, mellom anna:

- Dei er sekretariat for nasjonalparkstyret – fremjar innstillingar om saker som gjeld forvaltning av nasjonalparken.
- Utarbeider forvaltningsplan og bevaringsmål for nasjonalparken
- Vurderer trong for skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i samarbeid med Statens naturoppsyn
- Utarbeider skjøtselsplanar og tiltaksplan
- Utarbeider besøksstrategi (verdskaping, informasjon osv.)
- Grensemerking – vedlikehald av eksisterande merking av verneområda
- Handsamar søknader om dispensasjon frå verneforskrifta.

Kjerneoppgåvene til Statens naturoppsyn (SNO) er informasjonsarbeid, registrering, kontroll og tilsyn. Dei tilsette der gjer mykje arbeid med overvaking av rovdyr og sårbare artar. I tillegg er SNO-tilsette sentrale i utføring av ulike skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområde.

Lokaliseringa av nasjonalparkforvaltarar og SNO-tilsette til Gaupne har hatt stor betydning for tilføring av statlege midlar til ulike tiltak innanfor verneområda i kommunen.

Dei statleg tilsette som har kontor plassen sin i Luster er som følgjer:

Eldrid Nedrelo – Nasjonalparkforvaltar for Breheimen nasjonalparkstyre, tilsett hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I tillegg til Eldrid på Sognesida finn me også ein nasjonalparkforvaltar på andre sida av fjellet knytt til Breheimen, Bjørn Dalen med kontorstad i Skjåk. Landskapsvernområda i Mørkridsdalen og Vigdalen høyrer også inn under ansvarsområdet til Breheimen.

Maria C. Knagenhjelm – Nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, tilsett hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. For tida er Maria ute i foreldrepermisjon og i mellomtida er det Christian E. Pettersen som fungerer i stillinga.

Magnus Snøtun – Nasjonalparkforvaltar for Jotunheimen nasjonalparkstyre, tilsett hjå Fylkesmannen i Oppland. I tillegg til Magnus i Luster finn me Kari Sveen, også nasjonalparkforvaltar, med kontor plass ved Norsk Fjellmuseum i Lom. Utladalen landskapsvernområde ligg også under ansvarsområdet til Jotunheimen nasjonalparkstyre.

Liv Byrkjeland – Naturoppsyn i Breheimen nasjonalpark og dei mindre verneområda som i si heilheit ligg i Luster kommune.

Anne Rudsengen – Naturoppsyn i Jostedalsbreen nasjonalpark og Nigardsbreen naturreservat.

Det står meir å lesa om arbeidet både til forvaltarane og SNO-tilsette på heimesidene til nasjonalparkstyra som kan Googlast på internett.

Naturarvprosjektet i Luster – Mellom fjell, fjord og folk

Naturarvprosjektet i Luster, «Mellom fjell, fjord og folk» byrja i 2011 og vart avslutta sommaren 2014. Prosjektet har hatt ein brei målsetnad. I løpet av prosjektperioden er det arbeida med å spisse måla ytterligare.

Mål

Kunnskap: Naturarvprosjektet skal skape læringsarenaer om natur- og kulturverdiane for næringsaktørar, lokalbefolkninga, grunnskulen og turistar.

Infrastruktur: Naturarvprosjektet skal gjennomføre stadeigne og overordna strukturtiltak for å betre fritidstilbod og auke lønnsmda i reiselivet.

Tematurisme: Naturarvprosjektet skal skape nettverk for utviklingsarbeid og/eller merkevarebygging innan natur- og kulturbasert næring.

Organisering

Det har vore prosjektleiari i full stilling frå 01.01.11 og fram til 31.07.14. Torkjell Solbraa har hatt jobben som



Når ein først er ute i naturen, er det heilt sjølsagt at ein må syngje ein aldri so liten tradisjonstrall.

prosjektleiar. Ei styringsgruppe har vore styrande organ for prosjektet, medan det er Luster kommune som har vore prosjekteigar. Forutan arbeidsgrupper og samarbeid med andre prosjekt og aktørar i kommunen har prosjektet vore avhengig av eigeninnsats i bygdesamfunna, i Luster kommune og hjå fagfolk.

Delprosjekta

Prosjektet har vore delt inn i fleire delprosjekt, som på kvar sin måte skulle søke å nå måla i prosjektet. I kvart delprosjekt har det som regel vore fleire tiltak. Felles for alle tiltaka er at dei skulle bygge opp under ein eller fleire av måla til prosjektet.

Resultat

Delprosjekt Kunnskap

Prosjektet har forma ein læringsarena for reiselivet gjennom bygdevertskurs og regionalt vertskapskurs, finansiert eit læringshefte for skuleverket om born og naturarven - tradisjonskunnskap i undervisninga, kartlagt og verdsett alle friluftslivsområda i Luster til nytte for forvaltninga, finansiert diverse kunnskapsretta arrangement som naturfoto i skulen, naturfotoworkshop og seminar under Brefestivalen.

Delprosjekt Infrastruktur

Prosjektet har finansiert klatrejungel, grillhytte og turveg i Fortun, rasteplassar på Veitastrond, merking/skilting av 70 vandreturar i kommunen, publisering av turar på visitsognefjord.no, turkart for Luster kommune, publisering av turar på ut.no, turinfotavler i bygdene, parkering på Vassbakken, sti til Asafossen, Sognefjordvegen S1, tursti mellom Skjolden og Fortun (ferdig etter prosjektslutt), klatrejungel ved Breheimsenteret (ferdig etter prosjektslutt), dagsturhytte på Molden (ferdig etter prosjektslutt).

Delprosjekt Tematurisme

Prosjektet har finansiert film om dei naturbaserte aktivitetane knytt til Jostedal Signatur, finansiert visningsarrangement for Jostedal Signatur, finansiert marknadsundersøking for Jostedal Signatur (ferdig 2014)

Delprosjekt Landskap i Luster

Prosjektet har skapt eit ope natur- og kulturbasert kunnskapstilbod med rundreisa «Landskap i Luster – ei kunstreise»

Økonomi

Revidert og godkjent rekneskap av revisor syner eit prosjektrekneskap på total kr 8 600 000. Av dette var kr 1 600 000 eigeninnsats.

Born og naturarven

Fjord og fjell. Samvirke mellom natur, kultur og historie. Tradisjonskunnskap. Dette er alle nøkkelord når elevane i Luster arbeider med nærmiljø og lustraidentitet.

Det kanskje mest omfattande nærmiljøprosjektet dei seinare åra i Luster, er prosjektet «Born og naturarven» knytt til Mørkridsdalen som Skjolden oppvekstsenter har gjennomført saman med Statens naturoppsyn og lokale ressurspersonar. Hovudmålet for prosjektet har vore å lære komande generasjonar om eit verneområde i nærmiljøet og korleis folk tradisjonelt har livnært seg der.

Tidsmessig strekte prosjektet seg over 12 veker i skulen og noko kortare i barnehagen. Røynsleane frå prosjektet er godt dokumentert i eit eige hefte med ein tilhøyrande DVD-film laga av fotograf Bjørn Bergum. Dette heftet har fantastisk nok blitt pensum på ei av linjene ved Høgskulen i Nord-Trøndelag.

Tradisjonskunnskap

I prosjektet la skulen lærebøkene til sides og arbeide tverrfagleg. Lokalbefolkninga i Mørkridsdalen med tradisjonsberar Kjell Ormberg i spissen stilte opp og la alt til rette for at elevane både skulle få uforgløyemelege natur- og meistringsopplevingar. Gjennom fleire overnattingsturar til Mørkridsdalen har elevane ved sjølvsyn fått sjå korleis Mørkridsdalen ser ut i dag og fått ei innføring i arbeidsmåtar, mangfaldet i naturen, tradisjonar og levevegar i det gamle bonde- og husmannssamfunnet. Gjennom desse turane har dei også fått meistre ulike typar naturopplevingar i all slags vør.

Tradisjonskunnskapen har mellom anna vore knytt til hesten som nyttedyr, bruken av slåttemark og løypestreng, lauvving og rising, fuglefangning og ysting. Barna har både fått sjå og prøve sjølv. Attende på skulen

har dei fått bearbeidd det dei har sett og lært på varierte måtar: loggskrivning, eventyr, teikneserie og fagtekstar. På denne måten gir prosjektet elevane også høve til mykje øving i grunnleggjande ferdigheiter som lesing og rekning.

I september 2015 får barna eit gjensyn med Mørkridsdalen. Då skal både barnehagebarna og elevane attende. Kva kan og hugsar dei frå turane to år tidlegare? Dette er eit prosjekt som både skulen, barna, dei føresette og lokalbefolkninga sluttar begeistra opp om.

Barnas naturoppsyn

Eit anna større prosjekt der barna får høve til rike naturopplevingar, er Barnas naturoppsyn. Målet er at barna skal verte kjende med og bidra til formidling av verneverdiar i nærmiljøet. Opplegget er tredelt og består av ei motivasjonsøkt på skulen, ei kunnskapsøkt i felt og eit etterarbeid med tilhøyrande presentasjon på skulen. Det er sett opp ein rulleringsplan slik at fleire skular kan delta dei komande åra.



«Berre prøv å fange meg», seier det snøgge reinsdyret frå Gaupne skule.

I 2014 var 7. trinn ved Gaupne skule på ein spennande feltdag i Jotunheimen saman med 5.-7. trinn frå Luster oppvekstsenter. Målet var å lære meir om livsvilkåra for villreinen i Vestjotunheimen, det dreidde seg både om reinsdyras biologi, leveområdet og korleis ein i tidlegare tider dreiv fangst på reinsdyr. Når det gjaldt det siste fekk elevane leika at dei var titusen år attende i tida og at dei brukte såkalla ledepinnar som rasla så mykje at dei styrte reinsdyra rett mot fella.

Varm lunsj stod også på menyen og i leiren venta både reinsdyrkjøtt og gode grønnsaker i bålpanna. Tilhøyrande drikke var sjølvsagt blåbærssaft.

Solvorn oppvekstsenter på si side har i samband med Barnas naturoppsyn byrja eit spennande arbeid knytt til fuglefredningsområdet ved Hafslavatnet og den unike våtmarka der.

Desse typane naturprosjekt er viktige ut frå fleire grunnar. Dei let mange elevar oppleve nærmiljøet og naturen på ein måte dei ikkje ville gjort i fritida, og det er mykje moro kopla med aktiv læring. Slik kan skulen og Statens naturoppsyn saman bidra til at barna får nærkontakt med den storslåtte naturen som særpregar Luster og dei lærer seg å respektere naturmangfaldet me alle er ein del av.



Trane i kikkerten.

Interkommunalt samarbeid

Luster kommune samarbeider med andre kommunar både nasjonalt, regionalt og lokalt. Årsrapporten gir ei oversikt over dette samarbeidet – med vekt på *Sogn Regionråd* og dei næraste *nordsidekommunane*.

Kommunen sin ”policy” når det gjeld interkommunalt samarbeid har vore og er at vi skal utvikle og drive kjerneområda barnehage, grunnskule, pleie/omsorg og vitale helsetenester sjølv, medan vi på nær sagt alle andre område er innstilt på å gå inn i gode samarbeidsløysingar.

Nasjonalt nivå

På nasjonalt nivå er Luster tilslutta KS (tidl. Kommunanes Sentralforbund), Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK) og Norske utmarkskommunar (USS). Kommunen har og medl./samarbeidsavtale med Norsk kulturarv.

Fylkesnivået

Luster kommune deltek i KS-samarbeidet i fylket.

Luster samarbeider med alle kommunane i fylket om felles innkjøpsavtaler (SFFI). Ordninga vert administrert av fylkeskommunen. Luster var i 2014 part i ca. 15 avtaler innretta mot ulike vare- og tenestegrupper. E-handel i regi av innkjøpsamarbeidet er under utrulling.

Luster kommune og nesten alle kommunane i fylket samarbeider også med fylkeskommunen om ei felles arkivteneste. Hovudfokuset er å ta vare på eldre arkivmateriale.

Luster kommune er medlem i Alarmsentralen IKS. Dei fleste kommunane, deriblant Luster, nyttar seg no også av tilbodet om overvåking av tryggleiksalarmar. Det er no politisk avtale om statleggjering/flytting/samlokalisering av 110 sentralen med politiet sin operasjonssentral og dermed flytting til Bergen slik saka no står.

Kommunane fekk frå 2010 eit lovpålagt ansvar for å yte tenester til kvinner, menn og barn i krise. Luster kommune har slutta seg til eit fylkesdekkande tilbod basert på tenestekjøp frå Flora kommune. Luster kommune slutta seg i 2013 til eit fylkesdekkande tilbod for strakshjelp etter seksuelle overgrep i regi av legevakttilbodet i Sunnfjord.

Sogn Regionråd

Sogn Regionråd er fellesorganet for interkommunalt samarbeid i indre og midtre Sogn. I 2014 er Høyanger igjen medlem av rådet. Sekretariatet er lagt til Sogndal kommune. Ordførarane er medlemmer i rådet, medan rådmennene samarbeider i ei meir driftsretta rådmannsgruppe.

Det regionale samarbeidet er tufta på ein del utvalde satsingsområde, nedfelte i regionalplan og no vedteken tiltaksplan. Tiltak inngår i samarbeidsavtale med fylkeskommunen om regionale utviklingsprosjekt/ utviklingsmidlar.

Regionrådet er aktive i høyringssaker som er viktige for regionen og medverkar i utviklingsarbeid. Gjennom faste arbeidsgrupper arbeider rådet med aktuelle saker. I 2014 har m.a.;

- Marknadsføring av regionen, profilering, karrieremesser
- Samferdslesaker, veg, ferje og fly
- Reiseliv
- Bustadmarknaden
- Kommunerform
- Fellestenester, styrka læring, PP-teneste
- Vassforvaltning, kraftutbygging..... vore sentrale saker i rådet.

Selskap

Sogn Regionråd har etablert selskapa SIMAS IKS, SognLab AS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og i 2012 Vist Sognefjord A/S som felles reisemålsselskap. Dette er *eigne rettssubjekt*, med eigardelar i form av aksjar eller innskot. Selskapa har eigne vedtekter, generalforsamling og styre og er såleis uavhengige av regionrådet.

SIMAS IKS syter for all handsaming og transport av hushaldsavfall i kommunane. Desse ordningane har funne si form og fungerer godt i regionen, der det no er/vert auka fokus på sortering og attvinning av materiale og energi. SIMAS syter og for slamtømminga i høve hushaldningar og kommunane i regionen.

SIMAS har i 2014 etablert eit eige selskap, Simas Næring, for å tilby tenester til næringslivet og avfall der. For næringsavfallet er det private tilbydarar ved sida av SIMAS.

Sognlab A/S, labratorieselskap, kontrollerer m.a. vasskvaliteten i kommunane våre og har 2 stillingar.

Regionrådet og fylkeskommunen er felles om selskapet Sogn og Fjordane revisjon IKS. Selskapet yter finansielle revisjonstenester for eigarane og selskapa deira.

Lærdal kommune og Aurland kommune deltek ikkje i samarbeidet. I lag med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har ein etablert selskapet Vestlandsrevisjon A/S som tek på seg forvaltningsrevisjonsoppdrag.

Visit Sognefjord AS, som felles reisemålsselskap for heile reiselivet i Sogn med reiselivsbedriftene og kommunane i Sogn Regionråd som eigarar, vart skipa i 2013 med kontoradresse i Sogndal på Fosshaugane Campus. Kommunane delfinansierar selskapet via kontingent. Målet med selskapet er å få til ei kraftfull satsing på marknadsføring og sal av «reiselivstilboda» i Sogn.

Vertskommune

I Sogn Regionråd samarbeider vi og gjennom fleire *vertskommuneavtaler*.

Årdal er vertskommune for felles arbeidsgjevarkontroll. Ordninga er nært kopla til dei kommunale skatteinnkrevjarfunksjonane og har pr dato 2 stillingar. Ordninga har tidvis hatt utfordringar med kontinuitet og med det tal gjennomførte kontrollar. Statleggjering er under vurdering.

Etter omorganisering av «næringsmiddeltilsynet» (2004) vart det inngått ei avtale om miljøretta helsevern i skular og barnehagar, med Sogndal som ”vert”. Ordninga har ein stillingsressurs fysisk lagt til Mattilsynet Sogndal.

Regionrådet har etablert eit generelt GIS-samarbeid knytt opp mot ein stillingsressurs med kontorstad hjå Vik kommune. Sentralt i arbeidet er utvikling og vedlikehald av karttenesta «Sognekart». I 2014 har adresseprosjektet i regionen vore sentralt.

Regionrådet og Luster kommune har slutta til seg ordninga med miljøsertifisering av verksemder.

Avtalar

Sogn Regionråd har og initiert/tek del i ein del *avtaler med fylkeskommunen*.

Dette gjeld Norsk Helsenett (auka samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta), SOFIE (skattenett), drift av felles GIS-løysing (geografiske informasjonssystem) og drift av Kommunenett (internetttilgangar). Desse avtalene er inngått direkte mellom Regionrådet og fylkeskommunen og kvar kommune gjer opp for seg anten via rådskontingenten eller direkte.

Gjennom Sogn Regionråd er det og etablert ein del *avtaler med eksterne partar*.

Avtale om sekretariat for kontrollutvala, med PWC, er etter anbod fornya for 4 år frå 2013.

Det er i 2013 inngått avtale med «Trygg 24» om kontrollar etter alkohollova.

Forsikringsavtalane er via meklar AON Grieg.

GIS/Line m/Norkart Geoservice.

Farmasøytiske tilsynstenester gjennom avtale med Helse Vest.

Bedriftshelseteneste, avtale med BHT Sogn. Avtale går ut i 2015 og det er starta ny prosess for kjøp av teneste.

Avtalane vert i utgangspunktet inngått mellom kvar einskild kommune og dei respektive partar, men via ein felles prosess gjennom regionrådet og/eller SFFI.

Tilskot

Sogn Regionråd står og saman om fleire *tilskotsordningar*:

Det mest sentrale tilskotet, og som ikkje er tidsavgrensa, gjeld Sogn og Fjordane museum - avdeling De Heibergske Samlingar. Avtalegrunnlaget for dette tilskotet vart fornya i 2009. Museet vårt (Kaupanger) har ei stor samling frå Luster, både bygningar og gjenstandar. Avtalen vil etter initiativ frå fylkeskommunen, gjerne i 2015, kome fram for ny drøfting når det gjeld nivå.

Prosjekt og utviklingsarbeid

Sogn Regionråd er også sentral i *prosjekt og utviklingsarbeid*.

Arbeidet med heimesider har vore eit slikt prosjekt. Nordsida har felles opplegg, sida får gode karakterar i Difi si vurdering og det er no samarbeid om fornying og utvikling.

”Sats på skulen – snu Sogn”, er avslutta, men samarbeid om oppvekst i regionen er vedteke skal vidareførast gjennom «system for styrka læring», arbeid for styrka kompetanse og utvikling i oppvekst. Det har i 2014 vore arbeid med eit hovudprosjekt for ny PP-tenesta i sogneregionen. Høyanger, Balestrand og Årdal har ikkje delteke i utgreinga. Konklusjonen er å arbeide for å betra kommunane sitt eige arbeid med spesialundervisning og arbeide for ei ny PP-fellesteneste med mål om oppstart 01.01.16.

Regionrådet er og aktive i profileringsarbeid for regionen, karrieremesser m.v. og arbeider aktivt med ulike samferdsletiltak som tener regionen.

Det er i 2014 utarbeidd eit felles grunnlag for samarbeid innan skogbruket når det gjeld forvaltning og næringsutvikling. Målsetjinga er å starte fellesarbeidet 2.halvår 2015.

Via regionrådet er ulike nettverk i funksjon. Skuleregion Sogn, ungdomsnettverk, kulturnettverk Sogn, næringsnettverk Sogn og samarbeidsgruppe for helse og sosial.

Utviklingsarbeid og erfaringsutveksling er sentralt i gruppene.

Sogn Regionråd tek og del i Breibandforum, IKT Helsenettverk og IKT skulenettverk.

Arbeidet er delvis finansierte og drifta av Regionrådet, kommunane sitt eige arbeid og dels ved tilskotsmidlar frå stat/fylkeskommune.

BVLLS kommunane

SBR-IKS er det største brannsamarbeidet i fylket med 5 kommunar.

Samarbeid om feietenester er integrert i det nye brannsamarbeidet.

Frå 2012 er og tilsynstenester på byggjesak ein del av oppgåvene for selskapet.

Eit tenleg og nødvendig samarbeid for å løyse oppgåvene hensiktsmessig er i full drift.

Ny brannstasjon i Gaupne er etablert i 2013 i Øienebygget på Røneidsgrandane. Det er planar om å få til felles kurs og øvingsområde på anlegget.

BLLS – kommunane

I 2008 vart ”Sogn barnevern” etablert med Leikanger, Sogndal og Luster. Balestrand kommune slutta seg i 2011 til nemnde samarbeid. Sogndal er vert. Sjølv om tenesta har hatt utfordringar med kontinuitet i leiinga så er samarbeid viktig for å sikre kvalitet, kontinuitet/stabilitet og tilstrekkeleg distanse mellom det nye kontoret/dei tilsette og dei som treng hjelp.

2013 har vore eit aktivt år for barnevernet og med mange tiltak og utfordringar i Luster.

Vik kommune vurderer no å bli med i Sogn barnevern i løpet av 2015.

Samarbeidet om utvikling og drift av diverse IKT-

løysingar via ei felles IKT stilling er avslutta i 2014. Samarbeidet vert vidareført som sak til sak samarbeid, primært der Sogndal og Luster ser på nærare samarbeid medan Balestrand og Leikanger i større grad støttar seg på fylkeskommunen for sine IKT-løysingar.

Utvikling av sak/arkiv i lag med fylkeskommunen er ei stor sak, der me på tampen av 2014 er blitt invitert til oppgradering av system. BLLS kommunane og fylkeskommunen har her felles programvare og ein tek sikte på å vidareføre dette samarbeidet.

Felles løns- økonomi- og personalsystem, Visma, vart teke i bruk frå 1.april 2011. Systemet fungerer godt.

Leikanger, Sogndal og Luster

Kommunane Leikanger, Sogndal og Luster etablerte i 2006 ein interkommunal kulturskule, Sogn kulturskule, med Leikanger som vert. Kulturhuset i Sogndal er vorte ein noko meir sentral base for aktiviteten ved at administrasjon og noko øvingslokale er etablert der. Arbeidet med utviklingsplan for skulen har hatt fokus i 2014. Sogndal og Leikanger har vedteke planen medan kommunestyret i Luster utsette saka for nærare vurdering og utgreiing av vegen vidare. Saka kjem opp på nytt i løpet av første halvår 2015.

Jordmorvaksamarbeidet mellom Leikanger, Sogndal og Luster er ei teneste som Helse Førde kjøper av kommunane. Dette skjer etter at ansvaret for vakt og følgje i desse kommunane ligg til helseforetaket etter omlegging av fødetenesta i fylket.

Regionalt folkehelsesamarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster er utvikla gjennom eit felles prosjekt. Prosjektperioden er avslutta, men fleire tiltak vert tekne vidare i drifta. Tilstandsrapport/folkehelsebarometer er på plass som grunnlag for handlingsplan for folkehelsa. Turveg frå Hella til Sognefjellet, S1, er etablert og nærast ferdig skilta.

Sogn Frisklivssentral, felles for SLL-kommunane er i 2014 utvida til og i større grad ta opp i seg oppgåver innan læring og meistring til Sogn FMS – Sogn Frisklivs- og meistringssenter. Det er faste kontordagar på Helsesenteret og aktivitetar i Luster, eks opp mot Lustrabadet. I samband med busetjing av flyktningar så samarbeidar SLL-kommunane om norskopplæringa. Luster og Leikanger kjøper denne tenesta og grunnskuleopplæring hjå Sogndal.

ByR-prosjekt med fokus på analyse av sterke og svake sider og flaskehalsar for næringsutvikling i felles bu- og arbeidsmarknaden i SLL-kommunane har vore arbeid med i 2014 som fellesprosjekt finansiert av statlege prosjektmidlar. Det vert vurdert å vidareføre prosjektet i fase to der ein søker om statlege prosjektmidlar til tiltak som kan styrka nærings- og samfunns-utvikling i regionen.

Annan interkommunal aktivitet

Luster kommune er med på eigarsida i Sognekraft (knapt 7 %). Selskapet har hovudkontor i Vik, eigen produksjon



I juni fekk Einar Bolstad Draumestipendet 2014. Draumestipendet er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturskuleråd og Norsk Tipping. Gjennom denne stipendutdelinga ynskjer dei å synleggjere kommunen sitt arbeid for barn og unge. Biletet frå venstre: Ordførar Ivar Kvalen, songtalentet Einar Bolstad, rektor i Sogn Kulturskule, Roar Sandnes og Bjørn Gisle Seter, distriktsmusikar og songpedagogen til Einar.

i Årøy og Vikfalli og nettkonsesjon i Balestrand, Vik, Leikanger og Sogndal. Luster Energiverk eig knapt 13 % i Sognekraft og Luster kommune eig igjen knapt 23% av aksjane i Luster Energiverk, etter kjøp av 5% i 2012.

Luster kommune er, saman med kommunane i Sogn og fylkeskommunen, med på eigarsida i "Sogneprodukter", med hovudkontor i Vik. Dette er ei bedrift med verna arbeidsplassar som også har arbeidstakarar utplassert i kommunane hjå ulike arbeidsgivarar. Eit tilsvarande arbeidsområde ligg under vårt eige "Luster Arbeidssenter A/S" - som også kan bistå nabokommunane.

Samhandlingsreforma

Folkehelseprosjekt saman med Sogndal og Leikanger, er omtalt ovanfor.


Luster kommune har etablert korttidsavdeling ved Gaupne omsorgssenter for etablering av intermediære og øyeblikkeleg hjelp senger i eigen regi. Tiltaket set og kommunen i stand til å tilby korttids- og avlastningsopphald og ein har føresetnader til å ta hand om ferdighandsama pasientar frå spesialisthelsetenesta. Tilbodet om Øhj-senger er det avtale på mellom helseforetaket og kommunen og tilbodet er godkjent av direktoratet og har delfinansiering via statstilskot/tilskot frå helseforetaket.

Med verknad frå 2012 er det etablert ein heilt ny avtalestruktur, mange delavtalar, mellom kvar kommune og helseforetaka for rutinar og samhandling i samhandlingsreforma.

I arbeidet med Sogn lokalmedisinsk senter i Lærdal, deltek Luster i samarbeidet om felles legevakttelefon samt nettverkssamarbeid. Telefonsentralen er etablert frå mars 2015.

Kommunestyre vedtok i 2013 eiga eigarskapsmelding for Luster kommune. Eigarpolitikk, strategiar og omtale av selskapa der kommunen har eigardelar finn ein i meldinga.

Kommuneplan- arbeidet



Kommuneplanen sin arealdel 2015 - 2026

Alle kommunar skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. *Kommuneplanen sin arealdel (KPA)* vart vedteken av Luster kommunestyre 05.03.2015 som K-sak 13/15. Luster kommune har i kommunestyreperioden, som no nærmar seg slutten, gjennomført ein kommuneplanprosess i samsvar med endringane i plan og bygningslova frå 2008/9.

Sentrale hovudpunkt i dette arbeidet er:

1. Planstrategi vedteken oktober 2012
2. Kommuneplanen sin samfunnsdel vedteken juni 2013
3. Kommuneplanen sin arealdel – vedteken mars 2015

KPA har fastsett hovudtrekka i arealdisponeringa og råmer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, og kva omsyn som må takast ved disponeringa av areala. KPA omfattar:

1. Plankart – som viser hovudforemål og omsynssoner for bruk og vern av areal
2. Føresegner og retningslinjer
3. Planomtale der det står korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk, er teke omsyn til

Alle nye tiltak i planen er konsekvensutgreidde og omtalte i vedlegg saman med ROS-analyse for kvart område.

Tiltak som vart handsama i planen:

Formannskapet, som er kommuneplannemnd, har

diskutert saka i fleire møter og alle innspel / merknader er vurderte. Planframlegget vart lagt ut til offentleg ettersyn hausten 2014 med framlegg til 34 nye tiltak.

Slutthandsaminga:

I samband med høyringsrunden var det spesielt stort engasjement knytt til fleire tiltak i området Skjolden – Sognefjellet. Dette var gondolbane og helikopterlandingsplass på Skjolden, samt nye vegar ved Turtagrø og Prestesteinsvatnet.

Ved slutthandsaminga i kommunestyret vart 4 tiltak trekte ut:

- Hyttebygging Kjøltnes
- Veg Prestesteinsvatnet, Sognefjellet
- Veg Turtagrø – Helgedalen
- Helikopterlandingsplass Eidsneset, Skjolden

Saker der det vart gjort viktige endringar:

- Gondolbane, Skjolden – lokaliseringsplan av nedre stasjon skal greiast ut i reguleringsplan
- Bustadbygging, Vinda – Indre Hafslo – reduksjon i byggeareal frå 45 daa til ca 20 daa
- Bustadbygging Grindane, Gaupne – vilkår om at utbygginga ikkje kan starta før Verket 2 er utbygt.

I tillegg vart det m.a. med bakgrunn i uttalar frå regionale forvaltningsmynde gjort nokre endringar i føresegnene. Dei mest sentrale er:

- Krav til universell utforming av gang og sykkelveggar og kollektivhaldeplassar
- Vegvesenet sin rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar skal leggast til grunn for handsaming av avkøyrslar- og byggjegransaker .
- Byggeforsbod i 100-metersbeltet langs fjorden



Planar om nytt bustadfelt Grindane i Gaupne.

- Faresone brann i strandsitjarmiljøet i Solvorn
- Krav til parkeringsplassar for fritidsbustader, naust småbåthamn

Nye område for bustadbygging i planen (tal bueningar i parantes):

Gaupne (110):	Grindane
Marifjøra (30):	Utviding av eksisterande bustadområde – retning Marheim
Indre Hafslo (20):	Vinda
Hafslo (14):	Solbakken, Flatane og Mohaugane
Ornes (20):	Bakkane

Område for spreidd bustadbygging:

Indre Hafslo:	Ladbakken (5)
Dalsdalen:	Dalen (3)

Rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel

- **Planomtalen** er rettleiande, og kan ikkje brukast som heimelsgrunnlag for vedtak etter planen.
- **Plankart og planføresegner** er juridisk bindande for arealbruk i kommunen.
- **Retningsliner**, føringar og oppfylgjande planoppgåver i planomtalen uttrykkjer kommunen sine ynskje for utviklinga i planperioden, og skal leggast til grunn i arealplanlegging og byggjesaks-handsaming.
 - **Plankart** viser i nødvendig grad hovudføre mål og omsynssoner for bruk og vern av areal

Avvik frå føresegner og plankart må handsamast som dispensasjonssak.

Ved strid mellom ulike arealplanar, gjeld den siste godkjende planen dersom ikkje anna er avklart i kommuneplanen.

Bustadfelt i Marifjøra.

Kommunen som verksemd

1. Tal årsverk og tilsette:

	Pr 31.12.10		Pr 31.12.11		Pr 31.12.12		Pr 31.12.13		Pr 31.12.14	
	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette
Stab	36,00	39	36,30	40	23,10	24	23,10	24	22,9	25
Barnehagar	66,81	80	64,89	83	62,80	80	63,47	77	69,36	82
PPT	3,1	4	3,10	4	3,10	4	3,1	4	3,1	4
Grunnskular	108,36	126	110,06	134	111,70	122	111,52	126	118,7	133
Helse	20,37	28	20,37	28	20,87	27	20,87	27	20,07	26
Luster sjukeheimsteneste	87,91	140	87,52	136	87,13	140	88,77	141	86,14	118
Luster heimeteneste	72,00	104	75,18	125	85,56	128	85,56	130	84,93	135
ATS	5,40	8	5,40	8	6,40	9	6,40	9	6,88	9
Tekniske tenester					49,37	55	49,37	55	50,14	58
Næring	1,00	1	1,00	1	1,00	1	1,00	1	1	1
Landbruk og nat. forv.	5,00	6	5,00	6	5,00	6	5,00	6	4,5	6
Bibliotek og kultur	2,00	5	2,00	5	3,06	5	3,06	5	3	5
SUM TAL ÅRSVERK					459,09	601	461,22	605	470,72	602

- Nokre arbeider i fleire einingar og kan vere talt to gongar. Sum tal tilsette er difor ikkje 100% rett.
- Aktivitetsauke; Barnehage, har fleire avd/fleire barn. Grunnskule har auke spes.ped/ delingsressurs/ fleire i SFO.

2. Kjønnfordeling og alderssamansetjing:

Alderstrinn:	< 20		20–29		30–39		40–49		50–59		60–69		> 70	
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
Administrasjon	0	0	1	0	0	1	3	2	2	4	5	8	0	0
Oppvekst	0	0	1	7	7	38	11	63	7	39	6	30	0	0
Helse	0	0	0	0	0	4	1	7	1	7	1	4	0	0
Pleie og omsorg	0	0	3	23	4	36	3	54	10	65	6	54	0	5
Teknisk	0	0	1	0	3	1	7	10	11	8	11	6	0	0
Næring og naturforv.	0	0	0	0	0	2	1	1	2	0	1	0	0	0
Kultur	0	0	0	1	0	0	0	0	1	0	0	1	0	0
Totalt	0	0	6	31	14	82	26	137	34	123	30	103	0	5
Alderstrinn:	< 20		20–29		30–39		40–49		50–59		60–69		> 70	

Hovudtyngda tilsette ligg i alderen 40 – 59 år, men det er og ei høvesvis stor gruppe i alderen 60 - 70 år som vil vere stigande i åra framover. Det er spesielt innanfor yrkesgruppene hjelpepleiar/omsorgsarbeidar/assistent/heimehjelp det i åra framover er forventa stor avgang.

3. Årshjulstiltak:

Lærlingar:

Luster kommune har frå august 2014 teke inn 4 nye lærlingar. Faga er fordelt med 1 IKT lærlingar, 1 i faget helsefagarbeidar og 2 barne-og ungdom. I 2014 hadde ein totalt 10 lærlingar fordelt på faga IKT, Helsefagarbeidar, Institusjonskokk, Barne- og ungdomsarbeidar. I 2014 avla 3 lærlingar fagprøven.

Sysselsetting /arbeidsutprøving:

Det var i 2014 høg aktivitet i samband med sysselsetting/ arbeidsutprøving for personar som av ein eller annan grunn har falt ut av det ordinære arbeidslivet. Dette gjaldt personar med varierende aktivitetsgrad. Kommunen samarbeider med NAV, Sogneprodukter og Luster arbeidssenter. NAV gjev tilskot til kommunen ved slike utplasseringar, medan Sogneprodukter og Luster arbeidssenter ikkje gjev tilskot.

Sommarjobbar for 16- og 17 åringar:

Kommunen etablerte i 2007 ei ordning med sommarjobbar for 16- og 17-åringar. 10 ungdomar vart tilsette i sommarjobbar i kommunen i 2014. Samla utgift ca. kr 220 000.

Seniorpolitikk og livsfasetilpassing:

Arbeidet med å auke pensjonsalderen fekk meir tyngde etter at det i 2007 vart teke i bruk egne seniortiltak.

Seniortiltak vert gitt i form av ei friveke med løn eller tilretteleggings-tilskot på arbeidsplassen, jf. tabellen under. I alt 56 tilsette er for perioden 1.8.2013 – 31.12.2014 tildelt seniortiltak fordelt slik:

Seniortiltak	01.08.13 – 31.12.14.	
	Tal kvinner	Tal menn
Friveke med løn	41	11
Tilrettelegging på arbeidsplassen	4	-

Kommentar til tabellen:

Frå og med 01.01.2015 er dette lagt om slik at tiltaka følgjer kalenderåret.

Tilretteleggingstilskot vert tildelt etter søknad på konkrete, kostnadsrekna tiltak.

Pensjon:

10 tilsette tok ut heil eller delvis AFP i 2014. Dette er noko høgare enn i 2013. Alderspensjon vart teke ut av 9 personar (KLP). 2 fekk innvilga uførepensjon. 7 fekk arbeidsavklarings-pengar frå NAV i kortare eller lengre tid (personar som har vore sjukmelde i 1 år). Desse personane vil som oftast ha sjukepermisjon utan løn i inntil eitt år etter kommunale reglar.

Resultat medarbeidarundersøkinga 2014:

Dimensjon	Snitt	Snitt	Snitt
	Luster 2014	Luster 2012	Landet 2014
Organisering av arbeidet	4,6	4,6	4,6
Innhald i jobben	5,0	5,0	5,0
Fysiske arbeidstilhøve	4,5	4,6	4,2
Samarbeid og trivsel med kollegaer	5,0	5,0	5,0
Mobbing, diskriminering og varsling	5,0	5,1	5,0
Næraste leiar	4,6	4,7	4,7
Medarbeidarsamtale	4,8	4,9	4,8
Overordna leiing	4,1	4,2	4,1
Fagleg og personleg utvikling	4,4	4,5	4,4
System for løns- og arbeidstidsordningar	4,3	4,2	4,1
Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,9	5,0	4,8
Heilskapsvurdering	4,7	4,8	4,6
Snitt totalt:	4,7	4,7	4,6

4. Utviklingsarbeid:

Heiltid/deltid:

Kommunen gjennomfører kvart år ei kartlegging av uønska deltid. Resultat frå kartlegging som vart gjennomført hausten 2014 ser slik ut:

Eining	Stilling	Tal pers
Sjukeheimsteneste	Assistent / Kokk	2
Heimetenesta	Sjukepleiar, hjelpepleiar, miljøterapeut	5
Barnehage	Assistent	1
Skule	Assistent /sekretær	2
Landbruk og nat. forvaltning	Sakshandsamar	1
Totalt		11

Tala syner at totalt 11 ynskjer utvida stilling. Dette er ein nedgang på 16 tilsette frå 2013. Det vert arbeidd kontinuerleg for å gje tilsette større stilling og i 2014 fekk 40 tilsette auka stilling.

Utvida stilling i 2014:

Pleie- og omsorg	Teknisk drift	Oppvekst
18 tilsette	2 tilsette	15 tilsette
PPT	ATS	Bibliotek
1 tilsett	3 tilsette	1 tilsett

Kompetanseutvikling:

Det vert gjennomført tiltak for kompetanseutvikling på to nivå: overordna og i einingane. I sum vert det gjennomført mange tiltak. Tiltak som vert gjort i einingane vert ikkje nemnd her, men av overordna tiltak kan følgjande nemnast:

Fellestiltak:

- Ulike tiltak for leiarutvikling .
- IKT og HMT opplæring.

Helse og omsorg:

- 2 tilsette har starta vidareutdanning i psykisk helsearbeid (2 årig)
- 16 heimhjelparar har gått på 40 timars kurs på Luster vidaregåande skule med tema innan pleie- og omsorg (t.d. etikk, kommunikasjon, sårbehandling, ernæring mm).
- Interne fagseminar og fagmøter.
- Deltaking i fleire eksterne fagnettverk og hospitering ved sjukehus.

Oppvekst:

- 1 lærar tek vidareutdanningi IKT.
- 5 lærarar tek vidareutdanning i realfag.
- Kompetanseutvikling for assistentar. _

Organisasjonsutvikling:

Det vert arbeidd kontinuerleg med organisasjonsutvikling innan alle tenesteområde, og noko av dette er skildra særskild i teksten under det einskilde tenesteområde. Av større tiltak i 2014 kan utviklingsarbeidet i Luster heimeteneste og nye IKT løysingar innan helse og omsorg særleg nemnast, innføring av Geric Mobil Pleie i heimetenesta og meldingsutveksling mellom sjukeheimane, Helse Førde og legetenesta. Innan Helse er det innført e-resept. Innføring av elektroniske timelister i skule og barnehage.

HMT/IA:

Det vert gjennomført HMT/IA-tiltak på to nivå: overordna og i einingane. I sum vert det gjort mykje godt HMT/IA arbeid. Alle tiltak som vert gjort i einingane vert ikkje nemnd her, men av overordna tiltak kan følgjande nemnast:

- Vidareføring av avtale med Bedriftshelse1. 626 tilsette er innmelde.
- Tilbod om influensavaksine til alle tilsette. 60 tok vaksinen i 2014 mot 156 i 2013.
- Sjukefråværsprosjekt i samarbeid med Luster treningscenter. Treningsopplegg/ behandling inntil 3 md. som eit førebyggjande/restaurerande tiltak. 6 tilsette deltok.
- Mange tilretteleggingstilskot frå NAV til førebyggjande og restaurerande tiltak.
- Arbeidsplassvurderingar har vore gjennomført i regi av Bedriftshelse1.
- Tett oppfølging av sjukmelde i tråd med retningsliner.
- I staden for julegåve til alle tilsette vart det gjeve ei pengegåve til humanitær formål.

5. Sjukefråvær:

Tabellen under viser gjennomsnittleg sjukefråvær i % samanlikna med KS-området:



* Pr. 3. kvartal

	2010	2011	2012	2013	2014
Luster	6,3 %	6,7 %	6,3 %	6,8 %	6,3 %
KS*)	9,2 %	9,4 %	9,5 %	9,4 %	9,5 %

* Pr. 3. kvartal

Som IA-verksemd arbeider kommunen aktivt med førebygging og oppfølging av sjukmelde. Målet er at sjukefråværet i kommuneorganisasjonen ikkje skal vere over 6 %. Resultatet for 2014 på 6,3 % er dermed svært nær målet. Det er sett eigne styringsmål for sjukefråværet per tenesteområde, og ein kan sjå både mål og resultat 2014 i dei ulike styringsmåltabellane. Det er i 2014 utarbeidd 52 oppfølgingsplanar, mot 126 i 2013. Det har vore innkalla til 30 dialogmøte. Av desse er 16 dialogmøte 1 og 14 dialogmøte 2.

6. Likestilling – likeløn:

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen.

Mange store yrkesgrupper i kommunen har avlønning i høve til sentralt fastsett minsteløn/ stigar, ev. med endringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre får si løn fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane.

Ved tilsetjing i einskilde stillingar vert det gjeve ”løn etter avtale”. Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå, kompetanse, rekrutteringsbehov, krav frå

søklar osv. I serskilde tilfelle vert og løn nytta for å rekruttere og stabilisere kritisk kompetanse.

Stillingar i HTA kap 4 - sentral lønsfastsetjing + lokale lønsforhandlingar:

I HTA kap. 4 finn ein ca. 410 stillingsheimlar, dvs. ca. 90 % av i alt ca. 460 stillingsheimlar i kommunen. Tilsette i HTA kap. 4B - gjennomgåande stillingar og 4C – undervisnings-personale er i all hovudsak løna på sentralt fastsette minstelønstabellar, og lønsplassering for desse er såleis lik for kvinner og menn. I nokre stillingskodar i HTA 4B er det stor grad av lokal lønsfastsetjing. Dette gjeld særleg fag- og arbeidsleiarstillingar i pleie/omsorg og teknisk drift, og sakshandsamarstillingar. Gjennomsnittsløna i desse gruppene tilnærma lik for kvinner og menn.

Stillingar i HTA kap. 5 - berre lokal lønsfastsetjing:

Dette gjeld sakshandsamarstillingane 8084 Ingeniør og 8530 Rådgjevar (legestillingar er her haldne utanfor). I desse gruppene er gjennomsnittsløn for menn litt høgare enn for kvinner.

Leiarstillingar – HTA kap. 3 - berre lokal lønsfastsetjing:

Dette gjeld einingsleiarstillingane 9451 Leiar og 9951 Rektor. I desse stillingsgruppene er gjennomsnittsløn for kvinner og menn tilnærma lik. Ulikskapar i løn som ein kan registrere, kjem av at leiarane har ulike ansvarsområde.

Det vart i 2014 gjennomført lokale lønsforhandlingar i HTA kap. 3 og 5 der lønsutviklinga i HTA kap. 4 har vore retningsgjevande. Rådmannen vurderer det slik at det som har skjedd ved oppgjeret i 2014 ikkje har endra lønsforholda mellom kvinner og menn.

Stillingsstorleik mann og kvinne:

Tabellen under syner tal menn og kvinner i forhold til stillingsprosent:

	Kvinner		Menn	
	2013	2014	2013	2014
0- 49,99 %	64	54	10	10
50 – 99,99 %	263	282	19	18
100 %	141	138	71	71


Leiarstillingar – kjønnsfordeling

I den administrative organisering er det 20 tenesteeiningar. 11 av einingsleiarane er kvinner og 9 er menn – noko som gjev ein god kjønnsbalanse. Rådmannen si stab er organisert i 10 stabseiningar. 8 av leiarane er menn, 2 er kvinner. Kjønnsbalansen er skeiv.


Permisjon/ redusert stilling:

	Kvinner		Menn	
	Foreldrepermisjon	Redusert stilling	Foreldrepermisjon	Redusert stilling
2014	12	28	1	2
2013	19	35	0	1
2012	23	30	0	1

Foreldrepermisjon er fødselspermisjon med løn og utvida foreldrepermisjon utan løn.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.




NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Kommunestyret:	25
Formannskap/næringsutval:	7
Plan- og forvaltningsstyre:	7
Adm.utval:	3 + 2
Kontrollutval:	5

Folkevalde

Politisk organisering

Organisering vedteke frå konstitueringa hausten 2007



Politisk organisering

Politisk styringsmodell vart sist justert ved vedtak i k-sak 34/07. Vidare vart tal kommune-styrerepresentantar redusert frå 29 til 25 frå ny valperiode hausten 2011, jf. k-sak 55/10.

Overordna mål

- Gje dei folkevalde arbeidsforhold slik at alle i kommunen har høve til å delta i lokalpolitikken.
- Sikra gode avgjerdsprosessar og effektiv fordeling av oppgåver ved hjelp av delegering og klare retningslinjer.
- Leggje til rette for at politiske organ får frigjort tid til overordna oppgåver.
- Sjå til at Luster kommune i alle samanhengar opererer innafør gjeldande regelverk og nyttar fellesskapet sine midlar på ein effektiv og god måte.
- Arbeide godt med alle saker som måtte kome frå kommunen sine kontrollorgan.

- Styrke det interkommunale samarbeidet, både gjennom Sogn regionråd og på nordsida av fjorden.

Aktivitet 2014

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet, ungdomen sitt kommunestyre og kontrollutvalet har eigne årsmeldingar. Arbeidet i råda er samordna med felles møtedagar og felles informasjons- og drøftingsmøte på føremiddagane. Bjørg Kjos-Wenjum fekk fritak frå kommunestyret. Erling Vigdal kom til som ny fast medlem i kommunestyret for Frp.

Temamøte:

Mars: ½ dag om kraftforvaltning.

Juni: ½ dag om kommuneøkonomi

September: ½ dag om oppvekst

Møteaktiviteten i dei faste politiske organa har vore slik:

Utval / år	2011		2012		2013		2014	
	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	10	96	8	108	8	85	7	76
Formannskapet	15	142	18	183	16	158	15	125
Plan-/forvaltningsstyret	7	82	10	80	7	76	7	83
Klagenemnda	1	3	3	3	2	5	2	2
Administrasjonsutvalet	1	5	2	10	3	11	2	10
Kontrollutvalet	5	21	5	22	6	20	5	21

Ordføraren har delteke i Stortinget si grunnlovsfeiringa og kommunen har også hatt mange lokale tiltak i grunnlovsjubileet.


Større politiske saker som er handsama:

- Budsjett, økonomiplan og planleggingsprogram - prosess og vedtak for overordna ressursfordeling
- Gjennomført prosessen med arealdelen av kommuneplanen (endeleg vedtak i 2015)
- Forvaltningsrevisjon habilitet og etikk, med vidare oppfølging administrativt.
- Overordna risiko og sårbarheitsanalyse
- Hafslø barne- og ungdomsskule, skisseprosjekt
- Kjøkenorganisering pleie- og omsorg
- Bustadområde Beheim 2, kostnad, finansiering og tomteprisar
- Sogn kulturskule, status og utviklingsplan
- Vedteke å busette inntil 15 flyktningar i 14 og 15 flyktningar i 15
- Søkt og fått innvilga deltaking i forsøk med stemmerett for 16-åringar ved kommunevalet 2015.
- Vidareført kommunalt ferjetilbod Solvorn-Ornes og inngått avtale med Lustrabaatane.
- Vedteke å vidareføre Lustrabadet som kommunalt foretak.

- Vedteke endring i bibliotekstruktur med etablering av oppvekstbibliotek.
- Starta lokalt arbeidet med kommunereform.
- Godkjent utbyggingsprosjekt for bustader i Gaupne sentrum

Høyringsaker:

- Utbygging av Vigdøla kraftverk
- Storeelvi øvre- og Storeelvi nedre kraftverk
- Forslag om å oppheve konsesjonslov og buplikt



Økonomisk resultat


Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
100	Folkevalde	2 957	3 273	10 %	3 264
	Sum	2 957	3 273	10 %	3 264

Kommentar: Generell ramma til folkevalde er redusert dei to siste åra. Forbruk er lågare enn ramma grunna samordning av møteaktivitet, redusert møtetid og reduserte ytingar.


I T1 vart ramma til folkevalde auka med 50.000 som følgje av økonomisk deltaking i utgreiingsarbeid for Sognefjellstunellane.

I T2 vart ramma redusert med 100.000, der 46.000 gjeld området folkevalde, fordi Luster sin kontingent til Sogn Regionråd vart redusert når Høyanger kom inn att i rådet.

For 2015 er ramma auka til 3587, på grunn av valår med avslutning for eit kommunestyret og oppstart, opplæring av nye folkevalde.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Tal årsverk:

2012	23,1*
2013	23,1
2014	22,9

*) Tidlegare reg. tilsette på adm., som arbeider på tenesteområde teknisk, oppvekst og kultur, er flytta over dit.

Administrasjon

Organisering

Tenesteområdet omfattar rådmannen og stabseiningane. Av desse arbeider næring, plan, eigedom, oppvekst, kultur og folkehelse med oppgåver som heilt eller delvis vert belasta andre område. Slike oppgåver er ikkje omtalte her.

Overordna mål

- Yta innbyggjarane gode tenester og vere eit effektivt forvaltningsorgan.
- Gje dei folkevalde tilstrekkeleg grunnlag for å fatta vedtak.
- Følgje opp politiske vedtak og dei mål og arbeidsoppgåver som ligg i budsjett, økonomiplan, kommuneplan og andre planar.
- Initiere og leggje til rette for kontinuerleg organisasjonsutvikling.
- Skapa ein organisasjonsstruktur og -kultur som gjev rom for både omstilling og personleg og fagleg utvikling.
- Vidareutvikla og styrka samarbeidet mellom ulike fagområde.
- Leggja til rette for at tenesteeiningar får naudsynt støtte, rettleiing, kvalitetssikring, styring og koordinering.

Tenester og oppgåver - generelt

110 Revisjon og kontrollutval (KU)

Kommunen kjøper revisjonstenester hjå Sogn og Fjordane Revisjon IKS. KU leverer eiga årsmelding til kommunestyret. PricewaterhouseCoopers AS er sekretariat for KU.

120 Administrasjon

Området omfattar rådmannen, stabseiningane personal og organisasjon, økonomi og servicetorget sine tenester. Målgruppene for tenestene er *innbyggjarane, dei folkevalde og driftsorganisasjonen*.

Administrasjonen arbeider med saksførebuing til politiske organ og oppfølging av politiske vedtak. I høve den kommunale driftsorganisasjonen har ein ansvaret for overordna styring, støtte, rettleiing og kvalitetssikring. Døme på oppgåver er prosjektleiing, personalforvaltning, rekruttering, organisasjons- og kompetanseutvikling, seniortiltak, tillitsvaldsarbeid, kvalitetssystemet, IKT, budsjettering og økonomiplanlegging, finansforvaltning, rekneskap, løn, fakturering,

eigedomsskatt, skatterekneskap, innkrevjing, arbeidsgjevarkontroll, innkjøp/rammeavtaler, forsikringar og kommunearkivordninga.

Servicetorget administrerer og samordnar informasjonstenesta gjennom Lustranytt, heimesida, annonsering og egne trykksaker. Servicetorget omfattar sentralt publikumsmottak, sentralbord, postmottak, arkiv og trykkeriteneste. Servicetorget yter tenester i høve Husbanken sine støtteordningar, bustadformidling, skjenkeløyve, dør til dør transport, produksjonstillegg, støtte til kulturtiltak, kommunale avgifter mv.

Administrasjonen arbeider også med opplæring for folkevalde og administrerer dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Sekretariatet for folkevalde organ ligg i staben.

121 Egedomsforvaltning

Her vert ført forvaltningsutgifter i høve kommunen sin eigedomsmasse. Skadeforsikring for kommunal eigedom er samla på budsjettkapitlet.

130 Administrasjonsbygningar

Drift av rådhuset.

170/171 Premieavvik (pensjon)

Premieavvika er differansen mellom betalt og bokført pensjon.

180 Diverse fellesutgifter

Her har vi til no vore ført reserve løn og generell tillegg. I tillegg fører vi her kommunen sin kostnad til lærlingar.

Aktivitet 2014

- Gjennomført brukarundersøking i skule og barnehage.
- Gjennomført medarbeiderundersøking
- Ajourført selskapsdelen av eigarskapsmeldinga
- Avslutta prosjektet Saman for ein betre kommune
- Utvikla ein kompetanseportal for e-læring
- Har gjeve ut to utgåver av Lustranytt
- Overført overformynderiet sitt arkiv til arkivdepot på fylkesarkivet.
- Ordna formannskapet sitt arkiv for perioden 1963-78. Avlevering vil skje i 2015.
- Har starta e-handel i deler av organisasjonen. Blir vidareført i 2015.

Styringsmål 2014:

Styringsmål		Datakjelde	Status 2012		Mål 2014	Resultat 2014
			Luster	Landet		
B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	-
B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0	0
Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	99%	-	< 100%	88
M	Medarbeidertilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune	5	-	4,8	5
M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk	2,4		<2,5	2,4

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

*) Dette styringsmålet er nytt og registrering av ev. avvik/status var føresett frå januar 2014. Med dagens sakarkivsystem har me ikkje/får me ikkje presis rapportering. Me meiner her er eit forbettingsområde og vil med nytt sakarkivsystem (2015) etablere betre rapportering og oversyn. (jf. melding til kommunestyret i k.sak 6/15.)

Økonomisk resultat, arbeidsmiljø og sjukefråvær er tilfredstillande/har gode resultat.


- Organisasjonsendring på teknisk område er vedteke med endring frå 1.1.15.
- Etablert og gjeve ut 4 utgåver av internavisa «Nytt under Storen».
- Nådd fyrste delmål med over 1000 følgjarar på Facebook.

Tiltak som ikkje er fullført i 2014:

- Bustadsosial handlingsplan (2015),
- Vurdering av bustadorganiseringa.

Kostra gruppe 12

- innbyggjarar: 5 - 20.000
- middels bundne kostnader
- høge frie disponible inntekter




Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
110	Revisjon og kontrollutval	758	897	15 %	845
120	Administrasjon	23 914	24 375	2 %	22 432
121	Eigedomsforvaltning	1 355	1 865	27 %	1 594
130	Administrasjonsbygg	1 257	1 237	-2 %	951
170	Premieavvik i år	0	0		-3 540
171	Premieavvik tidl. år		0		10 497
172	Pensjon	45	0		
180	Diverse fellesutgifter	55	2 759	98 %	212
	Sum	27 384	31 133	12 %	32 991


121 Avviket skuldast meir sal av tenester/aktivering til investeringsprosjekt enn føresett i budsjettet.

I T1 vart ramma til revisjon og kontrollutval auka med kr. 100.000 på grunn av feilbudsjettering, men overskot i revisjonsselskapet/lågare kostnader økonomisk revisjon gav tilbakebetaling.

180, reserve lønsoppgjjer/generell reserve er ikkje nytta/ikkje fordelt ut på einingane.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Tal årsverk:

2012	174,50
2013	174,99
2014	188,06

Oppvekst

Organisering

Tenestemråde oppvekst er organisert med barnehage, skule, SFO og norskopplæring for vaksne. Det er tre reine barnehagar; Gaupne, Gamlestova og Hafslo barnehage. Fem einingar er organiserte som oppvekstsenter med barnehage, barneskule og SFO. I tillegg er det tre reine skular; Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule. Veitastrond skule og barnehage er administrativt knytt til Hafslo barne- og ungdomsskule. PPT er eiga eining. I staben til rådmannen er det leiari oppvekst (100 % stilling) og pedagogisk konsulent for barnehage (50 % stilling).

Barnehage

Overordna mål

Desse måla tek utgangspunkt i barnehagelova (2011, s.9) i §1:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene»

I tillegg til barnehagelova er den statlege rammeplanen styrande for barnehagedrifta.

Luster kommune sine overordna mål er å:

- ha full barnehagedekning med høg kvalitet på tilbodet. Ha tilstrekkeleg med plassar slik at ein kan ta inn nye barn i løpet av året, jf. gjeldande vedtekter
- gje alle barn eit godt barnehagetilbod som er variert og brukartilpassa og som byggjer på eit heilskapleg læringssyn med omsorg, leik og læring som sentrale deler
- leggje til rette for at barna også får aktivitetar utanfor barnehagen sine lokale og område, dvs. gjere seg nytte av nærmiljøet og naturen
- styrkje det pedagogiske tilbodet i barnehagane med faglege satsingsområde og kompetanseheving av personalet

- syte for at barnehagepersonalet er i stand til å gje omsorg og opplæring i samsvar med sentralt gjevne føringar og målsetjingar

Tenester og oppgåver

201 Barnehage

I august 2014 opna nye Hafslo barnehage med 54 barnehageplassar. Ved hovudopptaket for 2014 var det fleire barnehagesøkjjarar enn tidlegare, og det er fullt ved fleire av barnehagane utifrå noverande bemanning. Per 1. november 2014 er det ledig kapasitet ved barnehagane Gamlestova, Solvorn og Gaupne.

Også ved suppleringsopptaket i november 2014 var det høgare søkartal enn ved tidlegare suppleringsopptak. Ny teljemåte for 3-åringane i barnehagen – barn fødte i januar–juni tel som ein plass og ikkje to – vil langt på veg gje søkarane plass innafør eksisterande rammer. Det kan i periodar med høgt sjukefråver vere vanskeleg å få tak i nok vikarar.

Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein skal få til gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i vårt kvalitetssystem. Desse prosedyrane vil verte vidareutvikla for barnehage- og skuleåret 2014/15. Fleire konkrete tiltak er allereie føreslege, mellom anna å auke talet på førskuledagar for dei komande førsteklasingane.

Tverrfagleg samarbeid

Barnehagane samarbeider med nærmaste skule, andre barnehagar, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP for å ivareta barna best mogeleg. Barnehagane samarbeider dessutan tett med PPT utgreiing og oppfølging av enkeltbarn og grupper. HSP-team (helse, sosial, psykisk helse) har to møter i året. Innarbeidde rutinar vert evaluerte med jamne mellomrom for å få til dei best mogeleg tilboda.

Barn med særskilde behov skal vera ein del av barnegruppa, men samtidig få særskild støtte ut frå eigne behov. Eit tett samarbeid med PPT, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP er her naudsynt. Gode rutinar for eit slikt samarbeid har vorte utvikla gjennom det tverrfaglege prosjektet «Saman for barn og unge». Det er utarbeidd ei handbok for tverrfagleg samarbeid.

Årsverk og tilleggsressursar

Endringar i tal barn, tal årsverk og tilleggsressursar (spesialpedagogiske tiltak) frå 2013/2014 til 2014/2015 (pr. 01.10.2014) er slik:

Barnehage	Barn 2013	Barn 2014	Årsverk 2013	Årsverk 2014	Spes.ped. 2013	Spes.ped. 2014
Gaupne	81	80	17,40	19,30	1,04	
Hafslo	23	41	5,70	10,00	0,44	0,44
Luster	23	24	5,30	5,50	0,80	1,09
Gamlestova	60	45	12,80	11,00	1,19	1,65
Jostedal	18	13	3,38	3,38	0,48	
Solvorn	14	14	3,35	3,35	0,06	
Skjolden	15	14	3,35	3,35	0,64	
Indre Hafslo	21	21	4,50	4,50	1,08	1,09
Veitastrond	3	5	0,51	0,74	0,00	
Totalt	258	257	56,29	61,12	5,67	4,27

Pr. 15.11.14 har 257 barn barnehageplass. Av desse får seks barn spesialpedagogisk tilbod og/eller styrkingstilbod. Barnehageåret 2014/2015 har lustrabarnehagane ein personalressurs på 61,12 årsverk innan ordinær drift og 4,27 årsverk innan spesialpedagogiske tiltak, totalt 65,39 årsverk. Dette er ein auke på om lag 3,5 årsverk samanlikna med året før. Auken skuldast at Hafslo barnehage har returnert til eigen barnehage etter eit års samlokalisering med Gamlestova barnehage og fleire barn under 3 år. Jf og auke på nærmare to årsverk ved Gaupne barnehage.

Barnehageplassar

Alle barn med lovfesta rett til barnehageplass noverande barnehageår har fått tilbod om plass.

Tal plassar i dei ulike barnehagane fordeler seg slik pr. 15.11.14:

Barnehage	Mån- dag	Tys- dag	Ons- dag	Tors- dag	Fre- dag
Gaupne	98	99	92	102	100
Hafslo	51	53	53	53	53
Luster	31	31	28	30	27
Gamlestova	56	54	52	56	52
Jostedal	16	18	17	18	18
Solvorn	12	18	14	15	17
Skjolden	15	19	12	17	16
Indre Hafslo	25	25	24	22	24
Sum	304	317	292	313	307
Sum 2014	299	310	274	304	300

89,7% av barn 1 - 5 år har barnehageplass i Luster. Dette er lågare enn landssnittet og kommunegruppe.

På Veitastrond er det korttidsbarnehage med 16 t/v fordelt på fire dagar. Det er sju plassar kvar dag. Foreldreutvalet ved Veitastrond sendte hausten 2014 søknad til kommunen om å få utvida barnehagetilbodet i bygda.

Regionalt barnehagenettverk

Region Sogn – barnehage har sidan 2012 hatt fagnettverk i kommunane der fokus har vore fagområda i rammeplanen. Luster kommune har ei gruppe som er ansvarleg for å drive fagnettverket i «Etikk, religion, filosofi». Intensjonen med nettverka er at tilsette i barnehagen gjennom nettverka få ny fagleg påfyll og drøfte sin eigen praksis.

Kommunalt fagnettverk

Barnehagane har delteke på dei kommunale fagnettverka i norsk og matematikk i 2013/14. Dette er særst nyttig

for å få vite kva dei ulike aldersstega driv på med. Gjennom desse fagnettverka får ein også ein felles arena for å drøfte faglege og metodiske spørsmål på tvers av barnehage og skule.

Fysisk aktivitet og kosthold

Barnehagane har fokus på fysisk aktivitet og kosthald. Som eit tiltak for å få ned sjukefråver har einingar felles aktivitetar for personalet. Felles aktivitetar er òg eit tiltak for å knyta personalet meir saman sosialt. I kvardagen i barnehagen er fysisk aktivitet og kosthald eit viktig tema når det gjeld auke av overvekt blant barn og unge. Barnehagane legg gode rutinar ved å vera bevisste på kva mat og drikke ein serverar. Mange av barnehagane har vore på «Fiskesprell»-kurs – eit nasjonalt kosthaldsprogram for sjømat – og er medvitne på vatn som drikke og legg elles til rette for at barna får frukt og grønt.

Aktivitet 2014


- I barnehageåret 2013/2014 vart Hafslo og Gamlestova barnehage driven som ein barnehage.
- Ombygginga av Hafslo barnehage blei ferdigstilt sommaren 2014 og barnehagen var i drift frå barnehagestart med tre avdelingar
- Det vart arbeidd med og vedteke nye barnehagevedtekter hausten 2014 som vart nytta ved suppleringsopptaket frå 15. januar 2015. Nokre tidsfristar vart endra og det vart opna for noko høgare utnytting av kapasitet ved «ny teljemåte» for 3-åringar. Med dette fekk og alle søkarar plass ved suppleringsopptaket utan auka bemanning.
- 11 barnehagelærarar tek etterutdanningskurs om språkutvikling i regi av DysleksiNorge. Målsetnaden er å få meir kunnskap om korleis ein kan stimulere språkutviklinga hjå barn og eventuelt forebygge lese- og skrivevanskar
- Kommunalt tilsyn ved barnehagane i Skjolden og i Gaupne seinhaustes 2014
- Gjennomført brukarus. i barnehagen, gjennomgåande gode resultat.

Resultat alle barnehagane: Svarprosent 54%, (147 av 272). 66 kommunar er med i landssnittet

Dimensjon	Snitt Luster 2014	Snitt Luster 2012	Snitt Norge 2014
Resultat for brukarane	4,9	4,9	5,1
Trivsel	5,0	5,0	5,2
Brukarmedverknad	4,6	4,6	4,8
Respektfull behandling	5,3	5,2	5,4
Tilgjenge	4,9	4,9	5,4
Informasjon	4,8	4,7	4,8
Fysisk miljø	4,7	4,7	4,7
Heilskapsvurdering	5,1	5,0	5,2
Snitt totalt	4,9	4,9	5,1

Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager



Styringsmål barnehage 2014

Styringsmål			Datakjelde	Status 2013		Mål 2014	Resultat 2014
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	
	B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2014 Visma	98 %	-	<100%	99,8 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,8	4,6	4,9	4,8
	M	Sjukefråvær -bhg	Fråværsstatistikk 2014	7,6 %	-	7 %	5,5 %
Barnehage	B	Oppmøteprosent på foreldremøte haust 2014	Registrering 2014	85	-	90 %	80%
	B	Brukartilfredsheit (skala 1-6)	Brukarspørjing	4,9	5,0	5	5,1
	B	Andel styrarar og leiarar utan pedagogisk utdanning	SSB	12,5 %	14,3 %	0	3 %
	B	Andel assistentar med relevant utdanning	SSB	34,1%	26,8%	50 %	44,2 %
	B	Del minoritetsspråklege barn som går i barnehage i høve del innvandrarbarn 1-5 år	SSB	57,9%	71,3%	80 %	52,4 %

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Det økonomiske resultatet for 2014 blei noko betre enn prognosen. Medarbeidarane er godt nøgde og sjukefråværet gjekk ned 2 % samanlikna med 2013. Også dei føresette er godt nøgde med barnehagen, noko brukartilfredsheit på 5,1 av 6 stadfester.

Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
201	Barnehage	29 643	29 320	-1 %	26 526
211	Styrka barnehagetilbod	2 598	2 861	9 %	2 152
221	Barnehagelokale	2 849	2 660	-7 %	1 990
	Sum	35 090	34 841	-1 %	30 668

Rekneskapen syner at budsjettet i stor grad vart følgt. Posten Barnehagelokale hadde ei lita overskriding mellom anna grunna auka straumutgifter medan ein brukte noko mindre på posten Styrka barnehagetilbod enn budsjettert.

Grunnskule

Overordna mål

- Arbeide for ein inkluderande skule, med god trivsel, høg fagleg kvalitet og gode resultat
- Auke kunnskapen blant pedagogisk personale om lese- og skrivevanskar hjå elevane og om den andre leseopplæringa, dvs. korleis lese for å lære
- Gje tilbod om opplæring på grunnskulenivå for vaksne og norskopplæring med samfunnskunnskap for innvandrarakar / flyktningar
- Gje skulefritidstilbod (SFO) til elevar på 1.-4. trinn så langt som mogleg ved heimeskulen
- Arbeide aktivt for å få fleire mannlege lærarakar inn i grunnskulen i Luster
- Oppretthalde ein desentralisert skulestruktur med vekt på lustraidentitet

Tenester og oppgåver – generelt

202 Grunnskule

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og læreplanar. Det er 673 elevar i grunnskulen i Luster skuleåret 2014/15, fordelt på ni skular. Elevtalet varierer frå 5 til 222 elevar på dei ulike skulane. Elevane er delte i 40 grupper / klassar.

79 elevar får spesialpedagogiske tilbod etter enkeltvedtak. 15 elevar får særskilt norskopplæring etter § 2-8 i opplæringslova og enkeltvedtak. Stor auke i tal årsverk skuldast i hovudsak auke i spesialpedagogiske tilbod.

I skuleåret 2013/14 vert Veitastrand skule administrert frå Hafslo barne- og ungdomsskule. Elevane på Veitastrand har, i samarbeid med heimane, eit tilbod der dei går på Hafslo barne- og ungdomsskule ein-skilddagar. Fagplanar og opplegg blir tilpassa slik at dei kan gå inn i ordinær undervisning. Ordninga blir praktisert når vegforholda gjer det mogeleg.

Luster kommune har fem barn som går på skule i andre kommunar og som kommunen må betale utgifter for. Luster kommune har i skuleåret 2014/15 fire gjesteelevar.

Trivsel og miljø - sosial kompetanse

Olweus-programmet, eit haldningsskapande arbeid mot mobbing og antisosial åtferd og arbeid for auka sosial kompetanse, held fram. Det er avsett 10 % til ein felles koordinator for kvalitetssikring av programmet. Sju av skulane i Luster er med på programmet. Skjolden oppvekstsenter vil byrja med Olweus-programmet i januar 2015. Olweus-satsinga er eit ledd i det kontinuerlege arbeidet med å forhindre mobbing i skulen.

Hafslo barne- og ungdomsskule arbeider med utviklingsprogrammet PALS. Dette er ein tiltaksmodell for å styrke sosial kompetanse, førebyggje og meistra åtferdsproblem.

Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein skal få til gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i

vårt kvalitetssystem. Desse prosedyrane vil verte vidareutvikla for barnehage- og skuleåret 2015/16.

Entreprenørskap

Grunnskulen i Luster skal legge til rette for at barn og ungdom får god opplæring og kunnskap i entreprenørskap som kan stimulere til nyetablering. Alle elevane skal få øving i og høve til å utvikle dei kreative evnene sine gjennom arbeid med idear som dei kan utvikle. Ungdomsskulane har også tradisjon for entreprenørskap gjennom årvisse elevbedrifter.

Ungdomstrinnssatsing

Ungdomstrinnssatsinga 2013–2017 med utgangspunkt i Stortingsmelding 22, *Motivasjon – Mestring – Muligheter*; er ei nasjonal satsing med tilbod om støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing, rekning, lesing og skrivning.

Målsetjinga er auka motivasjon og læringsutbytte på ungdomstrinnet gjennom meir praktisk, variert og relevant undervisning for å heve nivået i rekning, lesing og skrivning spesielt. Dette skal auka gjennomføringa i vidaregåande skule.

Alle skular med ungdomstrinn får i perioden 2013–2017 tilbod om å delta i skulebasert undervisning over tre semester og vel satsingsområde ut frå eigen ståstad. Skulebasert kompetanseutvikling vil seie at skulen, med leiing og alle tilsette, deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass der målet er å utvikle samla kunnskap, haldning og ferdigheit på skulen når det gjeld læring, undervisning og samarbeid.

Fagnettverk

Skulane deltek i ulike fagnettverk i regionen der det er faste felles kursdagar. Det er fagnettverk i matematikk, engelsk og norsk m.fl. I tillegg er det nettverk for entreprenørskap, psykisk helse, spesialpedagogisk undervisning, fadelte skular, rektorar og rådgjevarar.

Forutan regionale nettverk er det også kommunale fagnettverk i matematikk, engelsk og norsk. Det er nettverksmøter både i haust- og i vårsemesteret.

Skuleleiing

Ved oppstart skuleåret 2014/15 blei det tilsett tre nye rektorar; Indre Hafslo oppvekstsenter, Luster oppvekstsenter og Hafslo barne- og ungdomsskule. I tillegg er det tilsett ny oppvekstleiar. Dei som er nye leiarar og som ikkje har teke leiarutdanning tidlegare, vil verta oppmoda om å ta skuleleiarutdanning med start hausten 2015.

Forsterka opplæring

Mange elevar får spesialundervisning etter enkeltvedtak. Det vert sett i gang arbeid for å få til forsterka opplæring som i større grad ivaretek enkeltelevane utan at dette skjer gjennom spesialundervisning/enkeltvedtak.. Dette vert eit satsingsområde i skuleregion Sogn gjennom «System for styrka læring». I samheng med dette er det også sett i gang ein regional prosess som skal sjå på organiseringa av PPT i Indre Sogn.

I alt 27 lærarakar og leiarar er i gang med å ta eit etterutdanningskurs i lese- og skrivevanskar i regi av DysleksiNorge. Det langsiktige målet er at skulane skal

Elev- og klassetal ved den einsskule 2013–14

Trinn	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Elevar	Klassar
Luster ungdomsskule								48	46	37	131	6
Hafslo b. og u.skule	20	19	30	16	29	21	17	26	24	28	230	12
Gaupne skule	25	16	14	19	17	15	14				120	7
Luster oppvekstsenter	7	2	8	6	9	10	7				49	3
Skjolden oppvekstsenter	4	3	5	8	6	5	8				39	3
Indre Hafslo oppvekstsenter	2	9	6	8	6	8	7				46	3
Jostedal oppvekstsenter	5	3	3	3	4	4	4				26	3
Solvorn oppvekstsenter	3	5	3	3	2	1	2				19	2
Veitastrand skule	1	1	1	1	0	0	0				4	1
	67	58	70	64	73	64	59	76	70	65	664	40

Elev- og klassetal ved den einsskule 2014–15

Trinn	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Elevar	Klassar
Luster ungdomsskule								40	47	45	132	6
Hafslo b. og u.skule	18	19	19	29	17	29	21	18	27	25	222	12
Gaupne skule	22	25	18	14	20	17	15				131	7
Luster oppvekstsenter	5	2	9	6	8	6	9				49	3
Skjolden oppvekstsenter	8	5	3	3	3	4	4				39	3
Indre Hafslo oppvekstsenter	8	7	2	8	6	9	9				45	3
Jostedal oppvekstsenter	5	5	4	6	8	6	5				30	3
Solvorn oppvekstsenter	3	3	5	3	3	2	1				20	2
Veitastrand skule	1	1	1	1	1	0	0				5	1
	70	67	61	70	66	73	64	58	74	70	673	40

Delingsstalet er slik:

Maks 12 elevar med 4 alderssteg i same klasse, Maks 18 elevar med 3 alderssteg i same klasse, Maks 28 elevar i same klasse på barnesteget, Maks 30 elevar i same klasse på ungdomssteget, Maks 24 elevar med 2 klassesteg i same klasse

tileigna seg auka kompetanse slik at denne elevgruppa i større grad kan få dekkja behova sine gjennom den ordinære tilpassa undervisinga.

I tillegg har Gaupne skule sett som mål at dei skal verte dysleksivenleg skule. Frå før er Trudvang skule og Farnes skule dysleksivenlege skular i Sogn. Dysleksivenleg skule er ei sertifiseringsordning gjennomført av DysleksiNorge.

Oppvekstsenter

Oppvekstsenter i Luster kommune gir eit godt utgangspunkt for å utvikle den faglege overgangen mellom barnehage og skule. Med oppvekstsentermodellen kan ein i større grad ha ein raud tråd i utviklinga innanfor språk-, lese- og skrive-, tal- og rekneopplæringa. Dette vil det også bli arbeidd med i barnehagane og skulane i Gaupne og på Hafslo.

Vurdering for læring

Luster har delteke i ei nasjonalt satsing ”Vurdering

for læring” saman med sju andre kommunar i fylket. Målet er å auka kompetanse og forståing for vurdering som reiskap for at læring skal auke læringsutbyttet for elevane. Dette arbeidet held fram i dei etablerte kommunale fagnettverka i faga norsk, matematikk og engelsk. Alle lærarane i Luster kommune deltek i eit fagnettverka. I 2013 er det komne med førskulelærarar i nettverka i norsk og matematikk, dette for å skape ei endå betre samhandling mellom barnehage og skule. Ei av oppgåvene for nettverka er å jobbe med lokale læreplanar og revidering av dei. Det er avsett 10 % til ein koordinator for dette arbeidet.

Fysisk aktivitet

Nasjonalt er det stort fokus på auka fysisk aktivitet, noko og folkehelsearbeidet stadfestar. Alle skulane i kommunen har stort fokus på fysisk aktivitet, der det vert integrert fysisk aktivitet i dei ulike faga FysAk.

Valfag

Hausten 2012 vart det innført valfag for elevane i 8. trinn. Hausten 2013 vart det innført valfag for 9. trinn.

Frå hausten 2014 vert det og innført valfag for 10. trinn, mellom anna trafikk. Dette medfører ein utvida timetalsauke.

IKT

Innføringa av IKT i alle fag og digital ferdigheiter som ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene, gjer det viktig å ha ei brei satsing på IKT både når det gjeld programvare, maskinvare og pedagogisk bruk. Hausten 2014 blei strategigruppe for IKT oppvekst gjenoppretta og vil arbeide systematisk med IKT i barnehage og skule. Mellom anna er det halde kurs for Fronter-ansvarlege på oppvekstsentra hausten 2014. Fronter er læringsplattformen som er i bruk i skulen.

Inn på Tunet

Nokre grunnskuleelevar får tilbod om alternativt pedagogisk opplegg i delar av skuleveka. Den praktiske oppløringa utgjer ein sentral del av opplegget. Det finst tre «Inn på Tunet»-tiltak som grunnskulen nyttar pr. i dag. Alle tiltaka er i tilknytning til gardsbruk.

Leksehjelp

Det vert lagt til rette for gratis leksehjelp i tilknytning til alle barneskulane i Luster. Organiseringa er ulik frå skule til skule for å tilpassa ordninga best mogeleg lokalt, men alle elevane frå 1.–4. trinn får tilbod om leksehjelp to timar pr. veke. Leksehjelpa er mange stader samordna med SFO. Når det gjeld kva alderssteg leksehjelpa skal gjelda for neste skuleår, så vil det verta drøfta i rektorkollegiet og FAU-organa vinteren 2015.

Nyutdanna

Kunnskapsdepartementet og KS har inngått avtale om å arbeide målretta for at nyttilsette og nyutdanna pedagogar i skule og barnehage skal få eit tilbod om rettleiing. I Luster har me ei eiga mentorordning og eit eige program for nyttilsette. Oppfølginga vert samordna for alle skulane og barnehagane i Luster kommune. Det er også samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane om mentorordninga.

Samarbeidspartar

Skulane samarbeider tett med PPT, som har samarbeidsrutinar i det sakkunnige arbeidet og i oppfølgingsarbeidet. Skulane samarbeider elles med Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP. Tverrfaglege team(HSP-team) er samansette av personar frå helse, sosial og psykisk helse. Teama har faste møte på alle skulane. Det er samarbeid med folkehelsekoordinatoren når det gjeld førebyggjande arbeid.

Lese- og biblioteksatsing

I juni 2014 blei det vedteke ein overordna kommunal leseplan gjeldande både for barnehage og skule. Den er laga etter innspel og medverknad frå lærarar i dei ulike aldersstega. Leseplanen vert implementert på brei front skule- og barnehageåret 2014/15 gjennom plan- og utviklingsarbeid på einingane og involvering av føresette gjennom foreldremøta og utviklingssamtalar. I tillegg er det planar om ei eiga kursrekke innafor det kommunale fagnettverket om den andre leseoppløringa, å lese for å lære, i samarbeid med Statped og PPT.

I november 2014 blei det sendt ut ein eigen bibliotekplan til høyring. Kjernepunktet i planen er å styrkje

bibliotekbruken i både barnehage og skule. Dette er eit samarbeid mellom folkebiblioteket og oppvekst.

202 Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

Luster har eiga PPT-teneste med psykolog og to spesialpedagogar. Kommuneløgopeden er også organisatorisk knytt til PPT. PPT arbeider saman med oppvekst og rektorkollegiet for å få til ein inkluderande skule. Det er nær kontakt med skule- og barnehagemiljøet gjennom regelmessige besøk og faste møteavtalar gjennom året. PPT arbeider for å få til gode rutinar, organisering og fordelingsopplegg når det gjeld bruk av spesialpedagogiske ressursar.

Løgopeden arbeider med vaksenoppløring og konkret språk- og uttalehjelp for elevar og førskulebarn.

Psykologen vil framleis ivareta kommunepsykologiske oppgåver, i samarbeid med m.a. helsestasjonen, legane, psykiatriteamet, ruskonsulenten og Sogn barnevern. Psykologen er dessutan AKAN-kontakt. Det er faste samarbeidsmøte med andrelinja. Det er samarbeid med psykiatrieiniane i Indre Sogn. Det er og tett samarbeid mellom kommunane i regionen.

PPT er med i ei nettverksgruppe saman med Statped Vest (statleg spisskompetanse på pedagogisk område). Det er etablert eit nettverk i regionen der ein har 3–4 møte i året.

Gjennom Sogn regionråd er det sett i gang eit større utgreiingsarbeid når det gjeld spørsmålet om felles PPT-teneste i Sogn. Rapporten frå forprosjektet blei levert januar 2014. Sidan er det gjennomført kvalitative og kvantitative spørjeundersøkingar i dei ulike kommunane knytt til prosjektet. Vinteren 2015 er det venta at prosjektgruppa kjem med ei innstilling.

213 Vaksenoppløring

Norskoppløring for innvandrarar busette i Luster, med rettar/plikter etter introduksjonslova, vert gjennomført i eit samarbeid mellom Luster, Leikanger og Sogndal og føregår i Sogndal. Utgiftene vert dekte av særskild statstilskot og refunderte til Sogndal etter refusjonskrav. Innvandrarar som har rett til norskoppløring etter ordninga før 2005, får også oppløringa i Sogndal. Det er eit aukande tal personar som går i norsk vaksenoppløring og norskoppløring for framandspråklege.

Grunnskuleoppløring for vaksne iflg. § 4A i opplæringslova

Personar som har behov for fornya grunnskuleoppløring, t.d. på grunn av sjukdom, skade eller mangelfull dugleik innan einskilde skulefag, har rett på slik oppløring. Vaksne utan fullført grunnskule kan også ha slik rett. Per november 2014 er det tre vaksne flyktningar som tek grunnskuleoppløring for vaksne. Dette tilbodet vert organisert og gjennomført i Sogndal.

215 Skulefritidsordninga (SFO)

SFO er eit friviljug tilbod om ein trygg og god stad å vera for skulebarn på 1.- 4. klassenivå, før og etter skuletid, og i skuleferiar. Skuleåret 2014/15 var det ei omlegging av SFO når det gjeld prisstruktur slik at det no er ein fast timepris på kr 27 per time.

I SFO skal barna få tilsyn og omsorg ut frå lokale og individuelle behov. SFO skal vera ein stad for leik, tryggleik og trivsel, og det skal leggast til rette for

fysisk aktivitet, god helse og tiltak for auka sosial kompetanse. Barna skal ha medverknad i val av aktivitetar. Det vert gjeve SFO-tilbod i alle krinsar, med unntak av Veitastrond. I skuleferiar er det tilbod i Gaupne og på Hafslø.

Vinteren 2015 skal det lagast ny plan for SFO i Luster. Dette vil skje parallelt med arbeidet for å lage nye vedtekter for SFO i kommunen.

Hausten 2013 vart det starta gratis kulturskuletilbod i for alle elevar i SFO i regi av Sogn kulturskule. Tiltaket vart teke vekk igjen etter eit år då statleg finansiering vart fjerna av ny regjering.

Elevar i SFO 2014–15

Skule/barnehage	2013-14	2014-15
Luster oppvekstsenter	8	10
Gaupne skule	51	52
Hafslø barne og ungdomsskule	42	33
Indre Hafslø oppvekstsenter	15	11
Jostedal oppvekstsenter	10	10
Skjolden oppvekstsenter	8	8
Solvorn oppvekstsenter	14	7
	148	131

223 Skuleskyss

Elevene i grunnskolen i Luster vert årleg registrerte for den strekinga der dei har krav på skyss. Dette gjeld og elevar som har fått denne retten på individuelt grunnlag, då som regel grunna farleg skuleveg. Nytt av året er innføring av elektronisk reisekort. Fylkeskommunen står for utsending og drift av dette.

Aktivitet 2014

- Ei eventuell omorganisering av PPT – felles PPT-teneste i Sogn – er under utgreiing og ei endeleg innstilling er venta våren 2015.
- Det er sett i gang omfattande etterutdanning knytt til lese- og skrivevanskar i skulen og språkutvikling i barnehagen. På sikt er det von om at dette vil innebere færre enkeltvedtak og noko lågare ressursbruk til spesialundervisning
- Innføring av kommunal leseplan for barnehage og skule i juni 2014. Planen er godt følgt opp både på skule og barnehage. Vinteren 2015 er det planlagt ei eiga kursrekke om den andre leseopplæringa med

Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
202	Grunnskule	75 032	74 966	0 %	71 820
213	Vaksenopplæring	-60	-9	-568 %	-2
215	SFO	1 945	2 074	6 %	2 025
222	Skulelokale	9 720	9 744	0 %	9 206
223	Skuleskyss	2 013	2 000	-1 %	1 973
	Sum	88 650	88 775	0 %	85 023


Det er god budsjett disiplin generelt i oppvekst og rekneskapsresultatet er ganske likt med budsjettet. Posten Vaksenopplæring som i hovudsak dreier seg om norskopplæring for flyktningar er vanskeleg å budsjettere i og med at det er fleire uforusette faktorar, til dømes kor mange flyktningar som kjem i løpet av eit år. Nasjonalt tilskot og samla kostnader gjekk nokolunde i balanse.

lærarar på 4.-8. trinn som målgruppe i samarbeid med PPT og Statped.

- Etablering av kommunale fagnettverk for IKT og for spesialundervisning
- Kommunalt kurs om IKT og lesing i naturfag
- Eigen bibliotekplan med forslag å etablere oppvekstbibliotek, dvs. kombinerte barnehage- og skulebibliotek
- Innføring av valfag på 10.klassetrinn inneber auka timetal på ungdomsskolen.


Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år, konsern



Kostra-samanlikning

Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning



Styringsmål 2014


Grunnskule

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2014	Resultat 2014
				Luster 2013	Landet 2014		
Felles alle	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2013	95 %		< 100 %	98,4 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune	4,8	4,6	4,8	5,0
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk 2013	5,6 %	-	5,0 %	6,3 %
Grunnskule	B	Grunnskulepoeng	Kostra	41,7	40,3	41,0	42,0
	B	Elevmotivasjon 7. trinn og 10. trinn	Skoleporten	3,2			
	B	Trivsel 7. trinn og 10. trinn	Elevundersøking	4,35	4,3	4,3	4,35
		Elevmotivasjon 7. trinn og 10. trinn	Skoleporten	4,35	4,3	4,3	4,35
	B	Mobbing på skulen	Skoleporten	1,15	1,2	1,0	1,15
Nasjonale prøver	Nasjonale prøvar – 5. trinn			Luster 2013	Landet 2014	Mål 2014	Resultat 2014
	B	Lesing	Skoleporten	2,1	*	2,1	*
	B	Engelsk	Skoleporten	2,0	*	2,1	*
	B	Rekning	Skoleporten	2,0	*	2,1	*
	Nasjonale prøvar – 8. trinn			Luster 2013	Landet 2014	Mål 2014	Resultat 2014
	B	Lesing	Skoleporten	3,2	*	3,1	*
	B	Engelsk	Skoleporten	3,1	*	3,2	*
	B	Rekning	Skoleporten	3,4	*	3,2	*
	Nasjonale prøvar – 9. trinn			Luster 2013	Landet 2014	Mål 2014	Resultat 2014
	B	Lesing	Skoleporten	3,8	*	3,7	*
	B	Rekning	Skoleporten	3,9	*	3,6	*
	Resultat eksamen – 10. trinn			Luster 2013	Landet 2014	Mål 2014	Resultat 2014
	B	Norsk hovudmål	Skoleporten	*	3,4	3,8	3,8
	B	Engelsk	Skoleporten	4,3	3,7	4,1	4,1
	B	Matematikk	Skoleporten	2,9	3,0	3,2	*


B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Hausten 2014 blei det innført ein ny utrekningsmodell med skalapoeng for nasjonale prøvar. Skuleåret 2014/15 vert difor eit nullår statistisk sett, noko som gjer det uråd å samanlikna med tidlegare resultat for kommunen. Når det gjeld 5. trinn skåra lustraelevane noko betre enn landsnittet i lesing. Resultata i matematikk og særleg engelsk var noko dårlegare enn i lesing. På 8. trinn var resultata for Luster markant betre enn landssnittet i rekning, og også over snittet på engelsk og lesing. Elevane på 9. trinn skåra også godt over landssnittet i rekning, og noko betre enn snittet i lesing.

Elevane på 10. trinn var oppe i skriftleg eksamen i norsk og engelsk og i båe fag skåra elevane solid over landssnittet. Ingen klassar var oppe i skriftleg eksamen matematikk dette skuleåret.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Tal årsverk:

2012	20,9
2013	20,9
2014	20,0

Helse

Organisering

Tenestområdet er organisert som ei sjølvstendig eining.

Overordna mål og delmål

Overordna mål:

- Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg.

Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Vidareutvikle korttidsavdelinga og øyeblikkeleg hjelp plassane.
- Ha god kontroll og kvalitet på tildeling av tenester og ressursbruk.
- Ha eit godt tilbud til gravide og til barn/unge 0-20 år som fremjar psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggjer sjukdom og skader.
- Ha eit godt fungerande miljøretta helsevern.
- Ha ei fagleg sterk og godt dimensjonert fastlegeteneste med god trening i akuttmedisin
- Ha ei godt utstyrt og – drifta legevakt med god samhandling med ambulansetenseta.
- Ha ei tilgjengeleg og fleksibel rehabiliteringsteneste.
- Ha lågterskeltilbod med høg kompetanse innan psykisk helse.
- Vere god på koordinering og fagleg oppfølging av kommunen sitt førebyggjande rusarbeid, samt av den einskilde rusmiddelbrukar.
- Vidareføre og vidareutvikle folkehelsearbeidet.
- Utvikle ein felles og målretta informasjonsstrategi.

Tenester og oppgåver – generelt

232 Helsestasjon/skulehelseteneste/jordmorteneste:

Fødselsførebuande kurs og svangerskapskontrollar. Følgje "Veileder 0-20 år for kontrollar på helsestasjon/skulehelseteneste". Støtte og styrke foreldrerolla. Delta i tverrfaglege ansvars-grupper og i samarbeidsmøte med foreldre, skule, barnehagar og andre fagmiljø. Delta i kriseteam. Råd og rettleiing til foreldre, barnehagar og

skular. Delta i foreldremøte og undervisning på ulike klasstrinn (pubertet, samliv, rus, psykisk helse, fysisk aktivitet, kost m.m.). Fokus på overvekt/fedme hjå barn og unge og tilbod om helseundersøking/-samtale. Helsetilbod til flyktningar, fyrste gongs undersøking og oppfølging.

233 Smittevern/reisevaksine:

Tilby barnevaksinasjonsprogrammet. Utføre influensavaksiner til definerte målgrupper. Tilby reiseråd og reisevaksine. Tuberkulosekontroll av definerte grupper, m.a. arbeids-innvandrarar / sesongarbeidarar. Legekontoret set også stivkrampe- og influensavaksiner. Rullering av smittevernplan, følgje opp meldingar via MSIS som er statens registrerings-system for smittesjukdommar. Ha beredskap for pandemi.

233 Samfunnsmedisin:

Miljøretta helsevern som gjeld alt som verkar på helse, t.d. ureining i vatn, luft, støy, inneklimate, radon, drikkevatt og badevatn. Godkjenning av campingplassar, skular og barnehagar mm. Samarbeid med miljøhygienikar (interkommunalt MHV Indre Sogn), mattilsyn og helsesøster.

233 Folkehelse:

Helsestasjon/skulehelsetenesta har stor merksemd på førebyggjande og helsefremjande arbeid. Sentralt i dette arbeidet er å oppdage tidleg og tidleg innsats.

Oversiktsdokument (OD):

OD skal gje grunnlag for eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Skal ha opplysningar og vurderingar om befolkningsamansetning, oppvekst, levekår, fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø, skader og ulykker, helserelatert åtferd og helsetilstand. Kommunen skal ha ein løpande oversikt og kvart fjerde år skal det utarbeidast eit meir omfattande dokument (skal føreligge ved start arbeidet med ny planstrategi).

Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn (FFHIS):

Eit samarbeidsprosjekt mellom Leikanger, Sogndal og Luster. Prosjektet har fått offentleg støtte og har som mål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale skilnader i helse. Prosjektet starta opp i november 2011 og vart avslutta i desember 2014. Fleire tiltak er sett i verk og vil bli vidareført:

--S1 Sognefjordvegen: Ein samanhengande turveg gjennom dei tre kommunane, merka etter nasjonal standard og formelt opna i juni 2014. Samarbeid med lag og organisasjonar langs heile ruta. Midlar frå Gjensidigestiftelsen til sentrumsnære tavler.

--Etablering av aktivitetsplassar: I forbindelse med etableringa av S1 vart det starta eit samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og nokre skular for å etablert aktivitetsplassar nær skulen. Tiltaket har fått midlar frå Gjensidigestiftelsen.

--FriMoro (friluftsdagar for barn): Målet er at barn skal prøve ulike aktivitetar og bli glad i friluftsliv. Tilbodet vart i 2014 gjennomført i alle 3 kommunane i samarbeid med frivillige lag- og organisasjonar, høgskulen og kommunane.



--Sogn frisklivs- og meistringssenter (Sogn FMS): Sogn frisklivssentral endra frå aug. 2014 namn til Sogn frisklivs- og meistringssenter. Sogn FMS er ei vidareutvikling av Sogn frisklivssentral og er eit samarbeid mellom kommunane Luster, Leikanger og Sogndal. Aktuelle tiltak: Tilbod til familiar som har barn med overvekt, KID – kurs (depresjonsmeistring) og kurs for pårørende til personar med minnesvikt. I tillegg er det eit samarbeid med LHL der ein ser på aktuelle tilbod. Samarbeid med fagmiljøa i kommunane, fylkeskommunen, helse Førde og høgskulen. Omlegginga har medført auke i still. storleik med 60% ut 2015 (prosjektmidlar), og 30 % fast frå 2016. Drifta frå 2016 vert fordelt i samsvar med gjeldande avtale (Luster 42,5 %, Sogndal 42,5% og Leikanger 15%).

Frisklivssentral er eit kommunalt/interkommunalt kompetansesenter med tilbod til personar og grupper i befolkninga som har behov for hjelp til å endre helseatferd. Tilbodet skal styrke meistring av eiga helse, primært gjennom rettleiing og tiltak for fysisk aktivitet, betre kosthold og røykeslutt. Deltakarar i Sogn frisklivssentral i 2014 var slik:

	Menn	Kvinner	Sum
Vår 2014	19	29	48
Haust 2014	35	47	82

Hausten 2014 var 31 av deltakarane frå Luster. Det vart i 2014 tilvist 46 deltakarar frå Luster.

Trygge lokalsamfunn (TL):

TL er eit WHO- konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigheit og samarbeid på tvers av fagområde/organisatoriske skilje som metode i arbeidet for å førebygge skader og ulykker. Det vart i 2014 underskrive intensjonsavtale mellom Luster kommune og Skadeførebyggende forum om utvikling av kommunen som trygt lokalsamfunn.

Folkehelserådet er styringsgruppa i dette arbeidet og ein har sett på 4 satsingsområde:

- Trygge eldre – førebygging av fall
- Trygg skuleveg – gå/sykle til skulen

- Landbruk – førebygging av ulykker
- Lokal skaderegistrering

Ungdomskontakt

Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar for å skape lågterskel aktivitetstilbod. Legg til rette for drift av Luster Danseverkstad; ung til ung formidling gjennom dans. Sidan oppstart i 2006 har frivillig ungdom vært unginstruktørar og gitt hundrevis av barn og unge dansegledde i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å være utøvande dansarar, unginstruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vere gode førebilde for elevane. Ny instruktørgruppe Impression, har fått utdanning gjennom fylkeskommunen i samarbeid med «Dans Utan Grenser». Impression tek over etter In Motion som avslutta sitt arbeid i 2013. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslo og Luster.

Aktivitetstorget ME'N'U er ein ungdomsstyrt, rusfri møteplass for ungdommar i heile kommunen (13-18 år). Det er organisert med ungdomsstyre og styringsgruppe. Det har vore innom 20 – 60 ungdommar på kubbkveldande annakvar fredag. Størst deltaking er det ved aktivitetar som kveldsøpe skitrekke og open idrettshall. Andre oppgåver: ungdommens kulturmonstring, regionalt nettverk for ungdomskontaktar, nattugler, ungdommens kommunestyre, tverrfaglege samarbeidsgrupper og kontaktperson i høve fritidsklubbane.

241 Fysioterapi:

Privat praksis og kommunal fysioterapi. Fysioterapeutar undersøker og behandlar, driv opptrening og rehabilitering etter operasjonar, sjukdom, skade, ved funksjonssvikt, sjukdom/ plager i muskel- og skjelettsystemet mm. Behandlinga føregår individuelt og/eller i grupper. Det er i dag bl.a. gruppetilbod i basal kroppskjenning(BK) i samarbeid med psykisk helseteam. Spesialkompetanse blant fysioterapeutane i bl.a. manuell terapi, BK og trigger-punktbehandling. Fysioterapeutar er også viktige for helsefremjande og førebbyggjande arbeid gjennom aktivitet, rådgiving og opplæring. Driv «Betre balanse»- grupper og deltek i anna førebbyggjande arbeid. Felles møte 1 gong kvar månad med fagleg tema. Leiande fysioterapeut deltek i samhandlingsgruppa/koordinerande eining (KE).

241 Allmennlegeteneste:

Drift av fastlegeordninga. Ha tilstrekkeleg kapasitet til å møte etterspurnad på kontrolltimar og augeblikkeleg hjelp. Ha fokus på krav i fastlegeforskrifta. Utdanning av spesialistar i allmennmedisin, opplæring av turnuslegar legevikarar og studentar i medisin. Sjukeheimslege; besøk 2ggr pr. veke ved kvar sjukeheimsavdeling, dagleg på KA. Intern-opplæring kvar veke. Fokus på fagutvikling. Høg standard og trening på akuttmedisin. Ligge i forkant med IKT utvikling, spesielt med meldingsutveksling eksternt. Ta i bruk ny og fagleg rett teknologi for å gje best mogleg tilbod til pasientane.

241 Ergoterapi:

Funksjonstrening og tilrettelegging av omgjevnader for fysisk funksjonshemma, inkludert hjelp til syns- og hørselshemma. Kartlegging av funksjonstap og treningsbehov. Formidling av hjelpemiddel. Leiar for Demensgruppa. Førebyggjande tilbod i samarbeid med

Styringsmål 2014:

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2014	Resultat 2014
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra / EDB sak og arkiv	0	-	0	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	94 %		<= 100 %	97 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Betre Kommune	4,9	4,6	5,0	4,9
	M	Sjuefråvær	Fråværsstatistikk	7,0	-	< 6,0	5,7 %
Helse	B	Gjennomføringsgrad heimebesøk til nyfødde innan 2 veker	SSB/ Registrering	95 %	-	95 %	100 %
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 2 år	SSB/ Registrering	100 %	-	100 %	100 %
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 1. klasse.	SSB/ Registrering	95 %	-	95 %	100 %

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

- Tilfredstillande styringsmålresultat. Sjukefråvær er i hovudsak langtidsfråvær.

fysioterapeut, folkehelsekoordinator og frivillige. Ansvar for TT-skyss og Service-skyss.

Samarbeid med pleie og omsorg om hjelpemiddelkontaktar på institusjon og i team samt oppfølging av NOU 2010-5 «et helhetlig hjelpemiddeltilbud».

241 Psykisk helsevern:

Samtalebehandling individuelt og i grupper. Dagtilbod 3-4 dagar per veke på "Huset" som er eit lågterskeltilbod for samtaler og aktivitetar, samt på "Bruvoll" - eit eige butilbod. Heimebesøk til brukarar slik at dei kan meistre kvardagen. Rettleiing til personale i pleie og omsorg. Samarbeidsmøte både i kommunen og mot spesialisthelsetenesta. Gjennomfører KID-kurs (kurs i depresjonsmeistring) og kurs i basal kroppskjenle. Leiar er koordinator i det psykososiale kriseteamet, heile psykisk helseteam er med etter behov.

241 Legevakt:

Akuttberedskap 24 timar alle dagar. Legevakt i Gaupne med godt utstyrt akuttbil. Kjøper LV-sentral (telefonsentral) tenester av AMK-Helse Førde. Bruk av helseradio og øvingar i lag med ambulansetenesta.

243 Rusomsorg:

Individuelt tilpassa tenester som inkluderar alle og inneheld førebygging, behandling og rehabilitering. Oppfølging består av samtalar, vegleiing, kartlegging, arbeid med familiar, koordinering, samarbeid med eksterne instansar. Arbeidsmetodar; Motiverande intervju, mentalisering og kognitiv tenking. Fokus på fysisk aktivitet. Samarbeid med NAV og andre for å gje ein så god hjelp som mogleg.

Aktivitet 2014

- Samarbeid med barnehagar om 4- og 6 årskontroll ved fysioterapeut.

- Skulehelsetenesta har hatt tilbod ved alle skular. Tilbodet vart avvikla ved Luster vidaregåande då skulen vart nedlagt pr juni -14. Helsestasjon for ungdom har hatt 32 konsultasjonar (er open 2 t kvar veke i Gaupne).
- Det har vore 76 fødslar, og av desse 1 heimefødsel. Det er gjennomført 3 svangerskapskurs med 13 deltakarar. God oppslutnad om barnevaksinasjonsprogram.
- Det er sett 577 influensavaksiner, 345 reisevaksinar.
- Fokus på overvekt hos barn. Det er i 3. klasse 11,3% med overvekt, i 8. klasse 20,6%.
- Flyktningar: Helseundersøking av; 1 familiegjenforening, 1 vaksen og 9 barn.
- Avtale om kjøp av inn på tunet (IPT) tenester er vidareført.
- Psykososialt kriseteam har vore hyppig brukt med 5 aktiveringar. Det er aukande merksemd på dette arbeidet. Ein har fått god kompetanseheving gjennom kriseteamskulen. Det er gjeve bistand til nabokommune.
- Dagsentertilbodet «Huset» har hatt 26 brukarar.
- Dementeamet har testa 12 heimebuande. Fokus er å kartleggje demens og etter bestilling frå fastlegane å teste eldre som treng vurdering i samband med helsekrava for førarkort. Det er halde kurs for pårørande til demente med 8 deltakarar.
- Kommunen har 166 registrerte brukarar i Transporttenesta (midlar frå fylkeskommunen).
- Det er via ergoterapeutane gjeve hjelpemidlar frå NAV-HMS på 2,8 mill.kr i 2014. Det er til saman 600 registrerte brukarar av ulike hjelpemiddel i Luster. 151 nye mottakarar av hjelpemiddel i 2014.
- Fysioterapeutane i privat praksis har utført 9509 behandlingar på til saman 1047 personar.

Dei kommunal tilsette fysioterapeutane har hatt 2936 behandlingar.

- Det er gjennomført systemrevisjon ved 3 skular/ barnehage i lag med MHV Indre Sogn.
- Legekontoret har registrert 13.228 konsultasjonar og til saman 27.175 kontaktar.
- E-portal/digital kontakt mellom pasientar og legekontoret er mykje brukt. Pasientar kan stille spørsmål, bestille reseptar mm utan å stå i telefonkø. Det er i 2014 innført SMS varsling 1 døgn før avtalt konsultasjon. Det har medført at fleire møter til avtalt time.
- Det er innført elektronisk meldingsutveksling mellom pleie og omsorgstenesta og legekontoret. Gjev effektiv bruk av tid samstundes som ein automatisk får dokumentasjon. Det er registrert 885 meldingar frå lege kontoret og 987 meldingar til kontoret.
- Internkontrollboka til legekontoret er ferdig etablert på LKK.
- Det er utarbeidd eige *Plan for legetenesta*.




Trim til musikk ved Luster treningssenter.

- Ein har i 2014 hatt 5 legevikarar, i hovudsak på legevakt. 5 av dei faste legane er nå spesialistar i allmenmedisin, 1 er i slutfase av slik spesialisering.
- Legekontoret har høg standard på kvalitet på laboratoriearbeidet. Dette er hyppig evaluert via NOKLUS som er eit nasjonalt program for slikt arbeide.


Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern 2014



Kostra-samanlikning


Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (raud). Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (lilla)




Økonomisk resultat.

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
232	Førebyggjande skule og helestatjonsteneste	3 802	3 664	-4 %	3 329
233	Førebyggjande arbeid helse og sosial	1 569	1 885	17 %	1 378
241	Diagnose og behandling	12 931	13 246	2 %	11 341
243	Tilbod til personar med rusproblem	623	662	6 %	1 890
255	Medfinansiering somatiske teneste	4 911	4 843	-1 %	4 425
	Sum	18 303	18 794	3 %	22 363

Det positive avviket på funksjon 233 skuldast refusjonar av løn som følgje av at Luster tok på seg prosjektleiinga for regionalt folkehelseprosjekt.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Tal årsverk:

2012	179,1
2013	180,7
2014	178,0

Pleie og omsorg

Organisering

Tenestområdet er organisert i 3 tenesteeiningar; Luster heimeteneste, Luster sjukeheimsteneste og Arbeids- og treningssenteret (ATS).

Overordna mål og delmål

Overordna mål:

Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, ØH- tilbod, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg

Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Styrke helse- og omsorgstilbodet til heimebuande med stort omsorgsbehov.
- Vidareutvikle og styrke korttidsavdelinga, ØH – tilbodet og ta i mot alle ferdigbehandla pasientar frå sjukehus.
- Gje tilbod om sjukeheimplass, omsorgsplass eller bustad med heildøgns teneste til brukarar med fagleg definert behov. Vidareutvikle heildøgns teneste i omsorgsbustad/ omsorgsplass og utvikla demensomsorga.
- Gje yrkeshemma eit tilpassa og meningsfylt arbeids- og opplæringstilbod.
- Legge til rette for og kontinuerleg arbeide for at tilsette får størst mogleg stillingar.
- Auka samarbeidet med frivillige organisasjonar.
- Utvikle ein felles god og målretta informasjonsstrategi.

Tenester og oppgåver – generelt

Tenester og oppgåver kan fordelast på følgjande funksjonar:

- Hjelp i heimen
- Butilbod utanfor institusjon
- Sjukeheim (institusjon)
- Aktivisering – eldre/funksjonshemma
- Aktivisering – Arbeids- og treningssenteret (ATS)

Verktøyet "IPLOS" (Individbasert PLeie- og OmsorgsStatistikk) vert brukt ved vurdering av

medisinske og pleierelaterte behov (nivå for tildeling), samt behov for sjukeheimplass.

254 Hjelp i heimen

Heimehjelp – praktisk bistand til daglege gjeremål:

Målet med tenesta er å gje heimebuande med særlege hjelpebehov praktisk bistand i heimen og ivareta eigenomsorg og personleg stell. Brukaren skal i størst mogleg grad takast med i gjeremåla. Brukar betalar ein eigendel i månaden ut frå husstanden si inntekt. Det kan etter individuelle vurderingar gjevast tilbod innan følgjande område (jf. regelverk haust 2010):

- Reinhold av kjøkken, stove, soverom, bad/toalett og gang/entre og oppvask. Vask av vindauga - maks 2 gongar pr. år. Vasking av brukaren sine klede
- Personleg hygiene t.d. av- og påkledning, hjelp til dusj/hårvask.
- Sengeskift.
- Hjelp til å sette opp handleliste, bestille varer og gjere innkjøp frå næraste butikk dersom handelsstanden ikkje bringar varer.
- Tillaging av tørrmat, oppvarming av middag, hjelp til å bestille middag.
- Opplæring/trening i daglege oppgåver.

Praktisk bistand - opplæring:

Målet med tenesta er å gjere den enkelte brukar mest mogeleg sjølvstendig i dagleglivet. Dvs. hjelp til å skapa/ oppretthalde eit sosialt nettverk, opplæring i husarbeid, matstell/innkjøp, personleg hygiene, påkledning, klevask, økonomi, burettleing og til å strukturere kvardagen.

Matombringing:

Dette vert tildelt heimebuande som grunna helse- eller funksjonssvikt ikkje greier å lage varm mat sjølv. Middagen vert levert av frivillige og/eller heimetenesta.

Tryggleiksalarm:

Tenesta vert, etter individuell vurdering, tildelt åleinebuande utan tilsyn delar av døgnet. Søkjar må vere klar og godt motivert. Alarm til Alarmsentralen (Florø). Alarmen kan verte formidla attende til pårørende eller heimesjukepleie. Ingen akuttberedskap.

Heimesjukepleie - pleie og omsorg utanfor institusjon:
Tenesta er døgnbasert og behovet må vera grunna i helsevikt. Brukargruppa er samansett. Ein kan vere mellombels eller kronisk sjuk, skada, funksjonshemma eller alvorleg sjuk. Heimesjukepleie kan ikkje tilby følgje til lege/sjukehus eller tenester som vert dekkja av andre tenester, t.d. heimehjelp.

Dagsenter:

Føremålet med tenesta kan vere hjelp til eigenomsorg, sosial støtte, aktivisering og opplæring i daglege gjeremål. Dagsenter er eit gratis tilbod for alle bebuarar ved eldresentra.

Individuell plan (IP):

Brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå det offentlege har rett til IP. IP er eit verktøy for samarbeid og skildrar tenester som brukar har behov for. IP synleggjer eit forpliktande samarbeid og ei ansvarsfordeling mellom ulike einingar.

Brukarstyrt personleg assistanse(BPA):

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp til personar med funksjonshemming som har behov for dagleg bistand i og utanfor heimen. Brukar er arbeidsleiar med ansvar for organisering, rettleiing og innhald, alt innan dei rammer som vedtaket gjev.

Omsorgsløn:

Dette er ei ordning som skal gje kompensasjon til personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Omgrepet ”særleg tyngjande” inneber at oppgåvene må vare ei viss tid og ha eit omfattande omfang. Omsorgsløn er ei teneste ein ikkje har rett på og er oftast ei delteneste i tillegg til andre omsorgstenester.

Hjelp i heimen - tal tenestemottakarar:

	2012	2013	2014
Tryggleiksalarm	98	94	94
Praktisk bistand	143	141	131
Heimesjukepleie	180	177	179
Matombringning	76	68	61
Omsorgsløn	13	10	15
BPA	1	1	1

Tal tenestemottakarar er pr. 31.12. Det kan vere variasjonar i løpet av året i forhold til tal tenestemottakarar og deira hjelpebehov.

262 Butilbod utanfor institusjon

Omsorgsbustadar:

Omsorgsbustad vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein leiger bustaden og denne vert sett på som brukaren sin heim. Bustaden er lagt til rette for funksjonshemma. Leigetakar kan få heimetenester på vanleg måte. Ei samling av omsorgsbustader vert kalla eldresenter. Vi har 3 eldresenter i kommunen (Hafslo, Luster og Gaupne) og følgjande fordeling av omsorgsbustader :

Hafslo:	16
Luster:	18
Gaupne:	36 (27 i Gaupne, 9 Grandmo)
Sum	70 omsorgsbustadar i kommunen

Omsorgsplassar:

Omsorgsplassar er ei buform som vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein kan, som heimebuande, få tenester frå heimetenesta. Ein leiger husværet og dette vert sett på som brukaren sin heim. Dagens omsorgsplassar har dusj, toalett, kjøkkenbenk og kjøleskap. Bebuaren kan nytte seg av felles vaskerom og kjøkken/stove (på gruppa). Straum og alle måltid (frukost, middag, kaffi og kveldsmat) inngår i husleiga. Måltida blir serverte på stova på gruppa. Det er etablert 8 omsorgsplassar ved Gaupne omsorgssenter, 9 ved Luster omsorgssenter og 9 på Hafslo omsorgssenter.

Tildeling av omsorgsbustad/omsorgsplass:

Tildeling av bustad skjer etter ei totalvurdering av søkjaren sin fysiske, psykiske og sosiale situasjon. Dette inneber at det ikkje vert teke omsyn til kor lenge søkjaren har vore registrert med søknad. Det er for tida stor søknad, og det flest søknadar mot område Gaupne.

261 Sjukeheimane:

Luster har tre sjukeheimar med 16 langtidsplassar på Hafslo, 12 langtidsplassar som er i bruk per i dag, og 24 langtidsplassar i Luster. I Gaupne har det frå oktober 2014 vore 20 langtid- og 8 korttidsplassar, der 2 av korttidsplassane er øyeblikkeleg hjelp (ØH) plassar. Av alle langtidsplassane er 8 plassar i Gaupne og 8 plassar i Luster for demente.

Kommunen sitt tildelingsteam står for tildeling av både sjukeheimsplassar, omsorgsbustadar, omsorgsplassar og transport-/parkeringskort for funksjonshemma. Teamet er samansett av leiar for sjukeheimetenesta, leiar for heimetenesta og helsesjef/kommuneoverlege. Det er møte kvar veke og det vert ført protokoll frå møta. Ein har følgjande plasskategoriar:

- Langtidsopphald.
- Tidsavgrensa opphald (utredning/behandling, rehabilitering), avlastningsopphald, dagopphald og nattopphald.
- Øyeblikkeleg hjelp (ØH) opphald.

Dei fleste nye som får plass på sjukeheim blir tildelt ”Tidsavgrensa opphald”. Dette er gjerne pasientar som treng opptrening, rehabilitering eller utredning/behandling. Ved tildeling veg medisinsk-faglege forhold tyngst. Særleg vanskelege sosialmedisinske forhold vert og vektlagde. Ved kvar tildeling vert *alle* aktuelle pasientar vurderte. Vi opererer difor ikkje med ventelister, men prioriterer heile tida den eller dei som har dei tyngste behova. Dagopphald er eit aktiviseringstilbod for heimebuande eldre for å motverke einsemd og sosial isolasjon. I tenesta inngår middag og transport til og frå omsorgssenteret. Aktivitetsstova ved sjukeheimane har fast opningstid og aktivitetar som song, kulturinnslag, musikk, bingo og baking. Stova er open for pasientar ved omsorgssenteret, bebuarar i omsorgsbustadar og omsorgsplassar, samt heimebuande. Fotpleiar og frisør kjem til omsorgssentra etter avtale.

Tildelte tenester tildelt gjennom året (tal opphald):

	2012	2013	2014
Avlastningsopphald	24	25	24
Tidsavgrensa opphald	197	191	175
Nattopphald	0	2	5
Øyeblikkeleg hjelp opphald (ØH)	5	82	86
Dagopphald	20	17	10
Langtidsopphald	84	61	63

Tabellen syner samla tal tildelingar gjennom året. Tala for ØH- tilbodet syner tal pasientar, og ikkje tal liggjedøgn (dei fleste ligg inntil 3 døgn).

Status pr. 31.12.12:

	2012	2013	2014
Avlastningsopphald	0	0	1
Tidsavgrensa opphald	8	10	12
Nattopphald	0	0	0
Øyeblikkeleg hjelp opphald (ØH)	0	0	2
Dagopphald	12	8	7
Langtidsopphald	54	52	56

Nedgangen i dagopphald skuldast at fleire som tidlegare vart registrert under dagopphald, no vert registrert under heimetenesta/dagsenter, fordi dei har flytta til omsorgsbustad.

234 Aktivisering, eldre/funksjonshemma

Støttekontakt:

Støttekontakt vert nytta overfor born, unge og vaksne med psykiske problem, yngre og eldre funksjonshemma og familiar med samansette problem. Støttekontakten si oppgåve er å hjelpe den enkelte til ei meningsfull fritid. Oppgåvene kan innebera sosialt samvær, aktivisering og følge til fritidsaktivitetar.

Avlastning utanfor institusjon:

Avlastningstiltak for personar/familiar med særskilt tyngande omsorgsarbeid. Avlastnings-tiltak kan vera besøksheim eller avlastningsbustad der tilsette i heimetenesta avlastar dei som får tenesta. Enkelte funksjonshemma barn kan ha eit så stort omsorgsbehov at dette overstig foreldra si omsorgsevne. I slike høve vil det føreliggja ei hjelpeplikt, som å tilby avlastning.

Mottakarar av avlastning utanfor institusjon, støttekontakt og dagsentertilbod:

	2012	2013	2014
Avlastning utafor institusjon	10	11	10
Støttekontakt	44	40	48
Dagsenter	77	71	66

Tal tenestemottakarar er pr.31.12. Tala varierer noko gjennom året.

Ressurskrevjande tenester:

Dette er tenester til brukarar med store/samansette

hjelpebehov. Det blir, i tett dialog med pårørande/brukar, fatta vedtak i høve tenester som omsorgsløn, støttekontakt, avlastning, besøksheim, praktisk bistand, opplæring, brukarstyrt personleg assistanse mm. Behov og innsats innan dette er som elles i landet aukande, og de er eit eige øyremerkte statstilskot til ordninga som slår inn når hjelpebehovet vert stort.

Tildelte tenester/status pr. 31.12.

	2012	2013	2014
Ressursbruk i årsverk	37,9	36,4	36,4
Tal brukarar	19	20	20

Inn på tunet (IPT)- tilbod til heimebuande demente i tidleg fase:

Prosjektperioden (2008-09) er over og tenesta er blitt eit integrert tilbod i heimetenesta. Tiltaket har synt gode resultat og er i tråd med målsetjingane i ny helse- og omsorgsplan om tidleg og aktiv/førebyggjande innsats og i Demensplan 2015 – «den gode dagen.»

273 Aktivisering - Arbeids- og treningscenteret (ATS)

Hovudoppgåva til ATS er opplæring og arbeidstilbod til yrkes-/utviklingshemma (dagtilbod). Tilbodet er behovsprøvd. Søkarar kan få eit tilbod under føresetnad av at det er ledig plass og at det finst høvande oppgåver å tilby. Senteret har i dag ca 30 yrkeshemma arbeidstakarar på fast plass og eit varierende tal yrkeshemma på ulike mellombelse avtalar.

Det vert lagt stor vekt på trivsel, meningsfulle oppgåver tilpassa den einiskilde og kontakt med lokalsamfunnet gjennom dei varer og tenester som vert produserte. ATS er den største vedprodusenten i distriktet og for andre produkt og tenester har ein etterkvart oppnådd godt tilpassa tilbod både for arbeidstakarar og kundar. ATS tilbyr i tillegg til dei faste plassane også mellombelse plassar for brukarar frå NAV, Luster Vidaregåande skule, Sogneprodukter, Luster Arbeidssenter m.fl. Senteret jobbar tverrfagleg og på tvers av avdelingsgrenser.

Tilbodet er under kontinuerleg utvikling og justering for å kunna gje eksisterande og nye arbeidstakarar eit best mogeleg tilpassa og variert tilbod innafør tilgjengelege ressursar.

Det er viktig å ha eit relativt stort volum (arbeidsoppgåver og brukarar) for å kunne gje aktuelle nye brukarar gode og tilpassa tilbod. Eit stort volum sikrar samstundes betre moglegheit til å gje dagens brukarar eit godt og individuelt tilpassa tilbod. ATS kan for tida tilby følgjande oppgåver til sine brukarar:

- Vaskeri m rulling av dukar, gardiner mv, utleige av dukar og reparasjon av arbeidstøy.
- Vedproduksjon, inklusive transport ut til kundar.
- Matlaging-kantinedrift-catering.
- Skule- og jobbfrukt. Grøntarbeid, hagestell, tilsyn med feriehus.
- Transportrute for tøy, transport av varer for COOP-Byggmix og Jostedal Industrier, flyttehjelp og postruter.
- Makulering, samt mottak og utklipping av frimerke for Tubfrim.
- Pakking av strøsand. Riving og pakking av bomullstøy.
- Monteringsarbeid og pakking av gåver.

Styringsmål

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2014	Resultat 2014
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra /EDB sak og arkiv, Gerica	-	-	0	0
	B	Tal klagesaker m/omgjæringsvedtak	Registrering	1	-	0	0
	Ø	Øk. resultat i tråd med budsjett eller betre: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	Rekneskap	101,9	-	<= 100%	99
			Visma	101,6	-	<= 100%	95
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6): • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	Betre kommune	4,4	4,6	4,6	4,5
				4,4	4,6	4,6	4,0
M	Sjukefråvær: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	Fråværsstatistikk	7,8%	9,5%	7,5%	8,7%	
			7,1%	9,5%	7,1%	9,1%	
Sjukeheimsteneste / Heimeteneste	B	Andel årsverk med fagutdanning: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	SSB/KS	68%	74%	75%	68%
			SSB/KS	66%	74%	73%	66%
	B	Liggedøgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar:	Samhandlingsbarometeret	2	16,3	0	0
	B	Andel brukarar med samansette behov som har fått tilbod om IP: • Luster heimeteneste	Registrering Gerica	100% (23 stk.)	-	100%	100% (27 stk.)
	B	Avvik knytt til legemiddelhandtering: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	LKK	96	-	40	50
			LKK	56	-	30	35
	B	Avvik knytt til fall med brot: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	LKK	0	-	0	2
LKK			1	-	0	0	
B	Avvik knytt til screening – ernæring: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	LKK	0	-	0	0	
		LKK	0	-	0	0	

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

- Det økonomiske resultatet for sjukeheimstenesta og heimtenesta er positivt.
- Sjukefråværet er høgere en ynskja. Det er i stor grad langtidsfråvær med kjende årsaker.

- Digitalisering av bilete
- Bil-reingjering.
- Utplassering i andre verksemdar.

Aktivitet 2014

Pleie og omsorg:

- I møte 22.5.2014 vedtok kommunestyret ny kjøkenorganisering (sak 26/14). Det er etter vedtakstidspunktet arbeidd aktivt med oppfølging/gjennomføring, med mål om oppstart sentralkjøken april/mai -15.
- Det vart i 2013 sett i gang omfattande utviklingsarbeid i Luster heimeteneste. Dette er vidareført i 2014. Heimetenesta har teke i bruk smarttelefonar til å

dokumentera i. (Luster er først i Sogn og Fjordane til å ta i bruk denne teknologien). Dette gjev sikrere og meir effektiv dokumentasjon, og tilsette har alltid med tilgjengeleg informasjon om brukar sine medisinar, kontaktinformasjon og journalar.

- To resurssjukepleiarar i kreftomsorg deltek i fylkesnettverk, og to helsefagarbeidarar deltek i fylkesnettverket « Miljøbehandling innan demensomsorg».
- Kurs om pasientkommunikasjon for alle tilsette ved Bård Fosli Jensen i oktober.
- Oppfriskningskurs for sjukepleiarar/vernepleiarar og hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar/ omsorgsarbeidarar innan medikamenthandtering med farmasøyt.

- 11 heimehjelparar gjennomførte eit 36 timars kurs ved Luster vidaregåande skule med tema som etikk, hygiene, førstehjelp, ernæring og ulike sjukdomsgrupper.
- Elektronisk meldingsutveksling er starta opp. Dette er meldingar mellom PLO og helsesenteret/helse Førde (sjukehusa). Dette har ført til auka samarbeid og lettare kommunikasjon mellom PLO og helsesenteret/sjukehusa.
- Det har vore fleire arrangement frå Folkeakademiet med underhaldning til pasientane, og besøkstenesta held fram med faste oppdrag.




Har gjennomført kurs for heimehjelparar. Bak frå venstre: Olav Alme, Arpad Kun, Kirsten Kvamsdal, Asbjørg Rebni (kurshaldar) Framme frå venstre: Marit Moen, Mette Partenyi Haugen, Jorunn Gunnes Sie, Marianne Nepstad, Margrete Kvåle Skjerven, Åse Yttri. I tillegg deltok Mary Aasen og Kjersti Ovrid på kurset.

ATS:

- Studentprosjekt om utvikling av nye arbeidsoppgåver, m.a. om planar for brukthandel.
- Nye tilbod: Digitalisering av bilete, avtale om transport for COOP-Byggmix og Jostedal Industrier, større innsats på produksjon og sal av julekaker.
- Aukande tal innsøking av kandidatar via NAV Luster.
- Auka innsats på kompetanseheving: Kosthold og helse, førstehjelp, førarkort og transportløyve, grunnleggjande demenskunnskap, synfaring hjå andre liknande verksemdar, internkursing på maskinar og arbeidsoppgåver.

Kostra-samanlikning


Netto driftsutgifter til pleie og omsorg i kr pr innbyggjar:




Økonomisk resultat:

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
234	Aktivisering eldre og funksjonshemma	6 196	7 584	18 %	6 289
253	Hjelp i institusjon	57 164	57 962	1 %	55 441
254	Hjelp i heimen	49 044	50 503	3 %	47 386
256	Akutthjelp	1 024	654	-57 %	-462
261	Butilbod i institusjon	1 274	1 380	8 %	1 282
265	Butilbod utanfor institusjon	-2 701	-3 259	17 %	-2 912
273	Arbeids og treningsenteret	3 926	4 169	6 %	3 583
	Sum	115 926	118 993	3 %	110 606

- 234, positivt avvik grunna auka statstilskot ressurskrevjande teneste.
- Det negative avviket på akutthjelp (256) kjem av at periodisering av statstilskot ikkje er samsvarande med budsjettering. Kommunen får det tilskotet som er avtalt og med føring i 2014 er ein ajour.
- Resultatet for sjukehemsdrifta (253) og heimetenesta (254) er positivt, men resultat er målt mot regulert budsjett som vart noko auka i T1/T2. Ein viss reduksjon i aktivitet med sparde løns/pensjonsutgifter gir utslag. I budsjett, men ikkje i resultat er og innrekna del av innsparing som endå ikkje er realisert. (kjøkken, jf utsett gjennomføring.)
- 265, negativt avvik grunna sprekk vedlikehald og ledige bustader/manglande husleige.(utover det budsjetterte)
- 273, positivt resultat grunna god kostnadskontroll og auka tilskot, del av overskot, 240.000, er ikkje med i resultat og er avsett til investering 2015.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Tal årsverk:
 “Fl. Sos., Bv”
 2014 1,0 - “1,6” - “3,5”

Sosial

Organisering

Tenesteområdet består av NAV Luster og Sogn barnevern. NAV Luster er eit partnerskap mellom stat og kommune og Sogn barnevern ei interkommunal teneste mellom kommunane Leikanger, Sogndal, Balestrand (frå 1.9.2011) og Luster - med Sogndal som vertskommune.

Overordna mål

- Fremja økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Prioriterte grupper er ungdom, flyktningar, arbeidsledige, einselege forsørgjarar og barnefamiliar, samt personar med nedsett arbeidsevne.
- Gje økonomiske råd og rettleiing til brukarar.
- Tett oppfølging av mottakarar av økonomisk sosialhjelp og aktiv bruk av arbeidsmarknadstiltak for å få flest mogleg over i arbeid/aktivitet og hindre ny rekruttering av sosialhjelps mottakarar.
- Systematisk arbeid med kvalifiseringsprogrammet.
- Integrering av flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet på heiltid og fulltid, med norskopplæring, arbeids- og arbeidspraksis, og tett samarbeid frivillige lag og organisasjonar for ei meningsfull fritid.
- Medverke til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.
- Sikre at barn og unge, som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.
- Samarbeide tett med andre faggrupper for å sikre best mogleg tenesteyting, og for å gje eit samla godt tenestetilbod til brukarar.

Tenester og oppgåver – generelt:

242 Sosial rådgjeving og 281 Økonomiske sosialhjelp/-rettleiing:

Økonomisk stønad (sosialhjelp) er ein del av samfunnets økonomiske sikkerhetsnett og skal sikre at alle har midlar til livsopphald. Hjelpa er meint å vere midlertidig og skal bidra til å gjere den enkelte mottakar sjølvhjelpen, skape sosial tryggleik og betre levevilkår. Økonomisk sosialhjelp er ei skjønsmessig yting der alle søkjarar har krav på ei individuell vurdering ut frå sitt behov. Sosial ulikskap er ofte knytt til arbeidslivet og NAV har som mål at alle skal være i stand til å forsørgje seg sjølv gjennom arbeid og aktivitet.

Råd og rettleiing i forhold til eigen økonomi er svært viktig i arbeidet med sosialhjelp. Føremålet er ikkje bare å løyse eksisterande problem, men å førebyggje at problem oppstår. Tilbodet kan innebere rettleiing i samband med oppsett av hushaldsbudsjett og til å få oversikt over eigen økonomi. Det vert arbeidd saman med brukar for å finne årsaker til overforbruk og tiltak for å redusere forbruket. Slikt arbeid gjev gode resultat hos mange av brukarane. Den einkilde rådgjevar følgjer brukaren ved ev gjeldsproblem. Dei største gjeldssakene krev svært tett oppfølging. Det vert og gjeve hjelp til å førebu saker for namsmannen der ein ikkje har kome til ei løysing med kreditorane og brukar stettar krava til å få gjeldsordning.

Utviklinga i høve tal klientar, saker og utbetalingar er slik:

	2013	2014
Tal klientar	92	89
Tal saker	633	412
Tal utbetalingar	1049	806

283 Tilskot til etablering/tilpassing:

Det ligg to tilskotsordningar i funksjon 283. Bustadtilskotet skal medverke til etablering i eigen bustad og til å sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustad-marknaden. Tilskotet skal og sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigna bustad. Det kan og søkjast om tilskot til tilpassing av bustad dersom nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne og har særskilde behov for å gjere bustaden betre eigna. Kommunen blir tildelt midlar frå Husbanken, og føretekt tildelinga. Utviklinga i høve tilskot til etablering/tilpassing er slik:

	2011	2012	2013	2014
Mottekne søknader	1	3	0	1
Utbetalt i kr	45.000	165.000	0	20.000
Tildelte midlar frå HB	0	135.000	100.000	200.000

Ordninga blir kunngjort i avis og Lustranytt. Kommunen har ei eiga bustadrådgjevingsgruppe. Ergoterapeut rettleiar om ordninga ved ev. tilpassingar i heimen.

Andre stønadsordningar frå Husbanken:

Startlån: Husbanken gjev lån til kommunen for vidare utlån til enkeltpersonar. Startlån skal syte for at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalda denne. Føremålet med startlånet er at det skal bidra til gode løysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden slik at disse kan få eit trygt og godt buforhold. Nye retningslinjer for tildeling er gjeldande frå 1.4.2014. **Bustønad** er ei statleg økonomisk støtteordning for dei som har høge bu-utgifter og låg inntekt. Husbanken forvaltar ordninga og betalar ut midlane. Kommunen tek i mot og registrerer søknadene i Husbanken sitt system.

Utviklinga i høve startlån og bustønad er slik:

Startlån (kommunen tek opp lån for vidare utlån)

	2011	2012	2013	2014
Mottakne søknader	3	17	20	14
Utbetalt i kr	0	5 883 000	4 791 500	3 52 500
Tildelte midlar frå HB	0	6 000 000	4 000 000	2 460 000

Frå 2012: Nytt krav om 15% eigenkapital for å få lån i ordinær bank. Efterspurnaden etter startlån auka. Kommunen skal prioritere dei mest vanskelegstilte husstandande.

Bustønad (statlege midlar, syner ikkje i kommunen sitt budsjett og rekneskap)

	2011	2012	2013	2014 *
Mottakarar	85	82	62	63
Gj. snitt utbet. pr. mottakar	15.356	16.712	21.641	22.966
Samla utbetaling	1.305.267	1.370.430	1.341.791	1.446.875

Færre husstandandar søker om bustønad. Ordninga bør truleg gjerast betre kjend, for å fange opp fleire som kan ha rett på bustønad. * Eigne tal – tal frå Husbanken er ikkje klare.

276 Kvalifiseringsprogrammet:

Kvalifiseringsprogrammet er regjeringa sitt viktigaste verkemiddel for å motverke fattigdom. Programmet rettar seg mot personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne. Det handlar i stor grad om personar som - utan eit slikt program - ville vore avhengig av økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde over lengre tid.

Programmet er eit tilbod om opplæring og arbeidstrening, det skal bestå av arbeidsretta aktivitetar i kombinasjon med andre tiltak som kan forberede overgang til arbeid. Rettleiar og brukar skal saman planlegge innhaldet i programmet. Det er viktig at brukar har stor medverknad på innhaldet i programmet og får tilpassa oppfølging.

Flyktingtenesta:

Det budde pr. 01.01.2015 36 flyktingar i Luster. Tala tilbake til 2010 er slik:

	2010	2011	2013	2014	SUM
Ordinær busetjing	9	4	11	11	40
Familiesameining		3	3		7
Fødde		1		1	4
Sum	9	8	14	12	51
Flytta			3	8	15
Buande i Luster ved utgangen av 2014					36

Frå 2010 er det busett til saman 51 flyktingar i Luster. Busetting og fødde barn har vore slik:

- 2010: Ni frå Eritrea.
- 2011: Fire frå Eritrea. Tre kom som følgje av familiesameining. Det vart født eit barn.
- 2012: Fem personar; ein frå Eritrea og fire frå Somalia. I tillegg kom eit born frå Eritrea som følgje av familiesameining. Det vart født to barn.
- 2013: Elleve personar; to frå Eritrea, tre frå Somalia, to frå Etiopia og fire frå Tsjetsjenia. I tillegg kom ein vaksen og to barn som følgje av familiesameining.
- 2014: Familie på 11 frå Somalia. Av desse er 4 over 18 år. Det vart født eit barn.
- Det er vedtak om å busette 4 til i 2014. Desse vert busette i 2015.

Av dei 36 flyktingane som budde i Luster ved utgangen av 2014 er 5 barnehagebarn og 9 skulebarn. Fem av desse er elevar ved Gaupne skule og fire ved Luster ungdomsskule.

Femten personar har sidan 2010 flytta frå kommunen. Det er mange årsakar til flytting:

- Utdanning (har ikkje ynskja tilbod i Luster).
 - Arbeid (betre arbeidsmarknad i andre område).
 - Familiesameining (familie/venner i annan kommune).
 - Flytting til større byar (større miljø, fleire tilbod mm.).
- Flyktingane har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet med opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt arbeids- og språkpraksis. Innhaldet skal være individuelt tilrettelagt og ta utgangspunkt i den einkilde sin bakgrunn og kompetanse. Målet er normal deltaking i arbeids- og samfunnsliv og økonomisk sjølvstende.

251 Barnevernsteneste i familien:

Hjelpetiltak i heimen er som hovudregel frivillig tiltak der familien har samtykka til hjelp. Tiltaka skal etter lova vere tenlege for mottakar. Fleire familiar mottok hjelpetiltak av ulik karakter frå barnevernstenesta. Sogn barnevern har fokus på å gje rett tiltak til det enkelte barn og familie/heim. Det var behov for å tilsette tiltakskonsulentar i eiga teneste framover grunna stort behov for tiltak i heimen, og omorganisering i Bufetat som fører til at kommunane må organisere desse oppgåvene sjølve. Barnevernstenesta vil så langt det let seg gjere unngå bruk av private tilbydarar. Erfaringane er at dette har blitt svært kostbare tiltak, og at kvaliteten har vore varierende frå god til svært dårleg. Tenesta vil i staden ha eigne tiltakskonsulentar for å få ei betre utnytting av ressursane, og sikre kvaliteten på tiltaka.

252 Barnevernsteneste utanfor familien:

Plassering av barn utanfor heimen skjer både i fosterheim og institusjon, alt etter behovet til barnet.

Styringsmål:

Sogn barnevern:

Styringsmål		Status Luster		Mål 2014	Resultat 2014
		2012	2013		
1	Tal mottekne meldingar	27	44	-	41
	Tal henlagte meldingar	1	11	-	6
	Tal fristbrot oppfølging av meldingar (frist på 7 dg)	0	0	0	0
2	Tal undersøkingar	26	34	-	35
	Tal henlagte undersøkingar	13	11	-	21
	Tal fristbrot (frist på 3 md.)	3	7	0	6
3	Tal barn med tiltak pr. 31.12	72	78	-	74
	Andel barn i tiltak pr. 31.12 med tiltaksplan (51 av 74 hadde tiltaksplan)	90,3%	80 %	100 %	69 %

Kommentar til tabellen/det einskilde styringsmål:

Generelt: Det er ikkje føremålstenleg å setje mål på tal mottekne meldingar, tal henlagte meldingar, tal undersøkingar, tal henlagte undersøkingar og tal barn med tiltak pr. 31.12. Dette må difor sjåast på som reine indikatorar. Det bør setjast mål på tal fristbot for oppfølging av meldingar (0), tal fristbrot (0) og andel barn i tiltak med tiltaksplan (100%).

1) Når det kjem inn ei *melding* om bekymring for barn skal barnevernstenesta innan 7 dagar avgjere kva som vert gjort med meldinga, anten legge den vekk eller følge opp. I 2014 kom det totalt inn 111 meldingar. 41 av desse gjaldt barn i Luster. Sogn barnevern hadde ingen fristbrot på oppfølging av meldingar i 2014.

2) Når barnevernstenesta har konkludert med at meldinga skal følgjast opp er fristen for å gjennomføre ei *undersøking* tre månader, i særskilde tilfelle kan fristen utvidast til seks månader. Sogn barnevern har i 2014 gjennomført totalt 96 undersøkingar, 35 av dei gjeld barn i Luster kommune. Totalt medførte 36 undersøkingar tiltak, 14 av desse var i Luster. Tal fristbrot som gjeld barn Luster kommune er 6. Luster kommune har som mål å ikkje ha fristbrot i saker, jf. krava i barnevernslova. Dette målet har ein ikkje klart å oppfylle i 2014 av samansette årsaker (jf. det som står under aktivitet 2014).

3) Eit *hjelpetiltak* er som hovudregel eit frivillig tiltak og alle under 18 år skal ha tiltaksplan. Tiltaksplanen skal evaluerast jamleg og etter behov, minimum fire gonger i året. Sogn barnevern ytte totalt *hjelpetiltak* til 158 barn og unge frå 0-23 år i, samt deira familiar i 2014. Av desse tiltaka var 74 retta mot barn og familiar i Luster kommune. Av desse hadde totalt 51 barn med tiltak i Luster kommune tiltaksplan. Målsetjinga er at alle skal ha tiltaksplan slik at tenesta oppfyller krava i lova.

Dette er ressurskrevjande tiltak som vert gjort når det ikkje er mogleg å avhjelpe situasjonen ved hjelpetiltak i heimen. Tenesta har som mål å i større grad unngå omsorgs-overtakingar ved å sette inn gode rettidige hjelpetiltak i heimen for å betre omsorgssituasjonen til utsette barn. Dette håpar ein å få effekt av ved å tilsette fleire tiltakskonsulentar.

Aktivitet 2014

Sogn barnevern

- 2014 var eit krevjande år for Sogn barnevern. Det var mange sjukmeldingar og av den grunn har situasjonen til tider vore ustabil og krevjande for dei tilsette. Det har vore inne mange vikarar i lengre periodar. Ut over hausten 2014 betra situasjonen seg, og tenesta fekk ein meir stabil situasjon.
- Sogn barnevern hadde i 2014 totalt 12,3 årsverk. Frå 1. april 2014 vart tenesta tilført midlar frå staten til

finansiering av ei 100% ny tiltaksstilling slik at ein totalt fekk to stillingar. Etterspurnaden på tiltakssida har vore så stor at tiltaksteamet har hatt ventelister heile året. Frå årsskifte 2014/2015 fekk tenesta ei tredje tiltaksstilling finansiert via tiltaksbudsjettet i kommunane.

- Sogn barnevern hadde i 2014 totalt 217 barn registrert. Av desse bur 84 i Luster.
- Fokus har vore retta mot både å rekruttere og behalde dyktige og kompetente fagpersonar i tenesta, og å gje tilsette moglegheit til kompetanseheving ved vidareutdanning. Tre av dei tilsette i tenesta starta opp på vidareutdanning i 2014.
- Sogn barnevern hadde tilsyn frå både Arbeidstilsynet og Fylkesmannen, tenesta måtte difor jobbe parallelt med å lukke avvika etter to tilsyn. Fylkesmannen gjennomførte eit eige initiert tilsyn i slutten av april 2014, tilsynet omhandla oppfølging av hjelpetiltak i

Styringsmål		Status2013		Mål 2014	Resultat 2014
		Luster	Landet		
1	Tal klagesaker m/omgjæringsvedtak	6	-	0	1
2	Snitt stønadslengde (md) 18-24 år	4,2 md	-	2 md	4,2md
	Snitt stønadslengde (md) 25-66 år	4,4 md	-	4 md	5,5md
3	Andel som går over 6 md. på stønad	37 %	35 %	20 %	41%/
4	Andel mottakarar som får gjeldsrådgeving	4,3 %	10,9 %	15 %	21 %
5	Andel med sosialhjelp som hovudinntekstkjelde	46,7 %	45,6 %	40 %	40 %

Kommentar til tabellen/det einskilde styringsmål:

- 1) Ei klagesak der saka vart delvis stadfesta og delvis oppheva. I 2014 vart totalt 412 saker handsama, i 2013 vart totalt 633 saker handsama, det var då 6 klagesaker.
- 2) Det er eit mål at tid med sosialstønad vert så kort som mogleg. Personar i alderen 18-24 hadde i 2014 eit snitt på 4,2 md (SSB). Dette vert vurdert å vere for lenge. Det er likevel positiv utvikling med nedgang i tal ungdommar på økonomisk sosialhjelp frå i 2013 med 3,1% til 2014 med 2,8%. Det vil difor bli arbeidd aktivt for ytterleg reduksjon, jf. også prioritering av innsatsen mot yngre i prosjektet skildra under. Personar i alderen 25-66 hadde eit snitt på 5,5 md. Dette er ei auke frå 2013, meir enn ynskjeleg, men erfaringar syner at det er her vanskelegare å få reduksjon. NAV forventar å sjå resultat av oppfølgingsarbeidet i 2015.
- 3) Av 89 mottakarar i 2013 var det 33 personar/37% som fekk stønad over 6 md. Dette tal har auka til 41%, men tal personar er det same. Luster ligg her over landsgjennomsnittet, og det er eit klart mål at denne andelen vert redusert på sikt.
- 4) Av 80 mottakarar i 2014 var det 17 stk / 21 % som fekk gjeldsrådgeving, dette inkluderer både enkelt personar og familiar. Luster låg her høgt i høve landssnittet som for 2013 var 10,9 % og det er eit mål å halde dette nivået. Dette er også eit område det vert arbeidd særskild med i utviklingsprosjektet som vert skildra under. Mål for 2014 vart justert.
- 5) Av 80 mottakarar i 2014 var det 40 % som hadde sosialstønad som hovudinntekstkjelde. Luster ligg her om lag på landssnittet. Det var eit mål at denne andelen går noko ned.

heimen. Det vart avdekket to avvik, og Fylkesmannen peika i rapporten sin på fleire svakheiter ved organiseringa av tenesta.

- Det er arbeidd kontinuerlig med å lukke avvika etter Fylkesmannen sitt tilsyn, og i tillegg har tenesta jobba for å forbetre det som vart påpeika som manglar i rapporten. Målet er at avvika skal vere lukka innan sommaren 2015.
- Sogndal kommune fekk pålegg om å gjere naudsynte grep for å betre arbeidsmiljøet i Sogn barnevern etter eit tilsyn Arbeidstilsynet gjennomførte i tenesta ved årsskifte 2013/2014. Internt i Sogn barnevern, og i kommuneleinga, har ein jobba godt og målretta for å lukke avviket som Arbeidstilsynet avdekket. Sogndal kommune har lukkast med å betre arbeidsmiljøet i Sogn barnevern, og avviket vart før nyttår 2014/2015 lukka. Dette er eit arbeid som tenesta i tida framover må fortsette å ha fokus på for å sikre at ein beheld eit trygt og godt arbeidsmiljø.
- Gjennom det interkommunale samarbeidet vert det arbeidd med å leggje til rette for ei betre, meir effektiv og føremålstenleg teneste. Gode nok tiltak gjennom barnevernet, som vert sett inn tidleg nok, kan styrke foreldra si omsorgsrolle.
- Det vert satsa på å gje gode tiltak i heimen for å

førebyggja og unngå at omsorgssituasjonen til barnet utviklar seg til å bli så alvorleg at det kan bli naudsynt med omsorgsovertaking. Ein ser eit stort behov for tiltaksarbeidarar i familiar som treng både råd, rettleiing og praktisk hjelp i heimen.

NAV Luster:


- NAV Luster hadde i 2014 5 statlege- og 1,6 kommunale årsverk. Derav eit statleg årsverk som seniortiltak. I tillegg har kontoret hatt flyktningkonsulent i 100%. Kontoret er organisert i to team: Eit mottaksteam med hovudansvar for korttidsoppfølging, og eit team med ansvaret for langtidsoppfølging.
- Det er lagt vekt på tverrfagleg interkommunalt samarbeid og ein har i 2014 hatt tre prosjekt. Eit på gjeldsrådgeving og to retta inn mot flyktningtenesta.
- Auka innsats i høve kvalifiseringsprogrammet og programinnhald med 37,5 t/veka.
- Mottak og busetjing av flyktningar er gjennomført i tråd med kommunestyret sine vedtak, men flyktningtenesta har ikkje teke imot meir enn 11 i 2014, dei siste 4 skal takast imot våren 2015. Ein har hatt utfordringar med å få tildelt frå Imdi.
- Vaksne flyktningar deltok i introduksjonsprogram

med norskopplæring, opplæring i samfunnsfag og språkpraksis, med krav til organisert innhald 37,5t/veka

- Det vart etablert samarbeid med Frivilligsentralen i 2013 og vidareført i 2014 i høve frivillige sin deltaking i flyktningararbeid, fadderordning mm., og det er etablert eit godt samarbeid med dei kommunale einingar for arbeidspraksis og språkpraksis.
- Innsatsen er auke for å sikre og forbetre kvaliteten i arbeidet etter *Lov om sosiale tenester i NAV* og særskild sikring av barn sine vilkår. Det er oppretta ei 100% prosjektstilling som gjeldsrådgjevar med midlar frå departementet. Dette er eit samarbeid på tvers av kommunane Leikanger, Sogndal og Luster. Luster kommune hadde 33% av stillinga.
- Det vart gjennomført prosjekt « eit arbeidsretta introduksjonsprogram» på tvers av kommunane Leikanger, Sogndal og Luster i regi av NAV og med mandat frå rådmennene.
- NAV har i 2014 hatt eit høgt sjukefråvær, og har bare delvis klart å leige inn personell med rett fagkompetanse.
- NAV hadde forvaltningsrevisjon på område kommunale tenester, og det var lagt fram ein rapport for kommunestyret. Det vert tilrådd at ein ser på bemanningssituasjonen i den kommunale delen av NAV kontoret.
- NAV Luster hadde tilsyn på område introduksjonsprogrammet §4 og fekk i førebels rapport avvik på ikkje å gje flyktningar introduksjonsprogram på heiltid og fulltid.


Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten



Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar, konsern




Økonomisk resultat:


Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
242	NAV	1 867	1 518	-23 %	1 890
244	Barnevernsteneste	3 716	1 875	-98 %	2 578
251	Barnevernsteneste i familien	1 589	2 112	25 %	905
252	Barnevernsteneste utanfor familien	5 452	5 995	9 %	5 273
275	Introduksjonsstønad	2 422	2 422	0 %	1 706
276	Kvalifiseringsordninga	453	894	49 %	386
281	Økonomisk sosialhjelp	2 396	3 207	25 %	1 973
283	Tilskotsordningar Husbanken	-180			0
	Sum	17 715	18 023	2 %	14 712

Sogn barnevern (244, 251, 252): Det var for 2014 i utgangspunktet budsjettert med ei samla løyving på kr 8 782 000. Via tertialrapporteringa vart det tilført totalt kr 1 200 000 slik at revidert budsjett vart på kr 9 982 000. Samla rekneskapsresultat for 2014 er på kr 10 757 000. Dette utgjer eit meirforbruk i høve opprinneleg budsjett på kr 1 975 000 og eit meirforbruk i høve revidert budsjett på kr 775 000. Samla meirforbruk i høve opprinneleg budsjett er på kr 2 750 000. Hovudårsaka til meirforbruket er fleire tunge tiltak i Luster. Her er det og krevjande avklaringsprosessar med tolk/advokat og tiltak som ikkje var lagt til grunn.

NAV Luster (242, 275, 276, 281): Avviket på funksjon 242 kan skuldast feilbudsjettering. Løn flyktningekonsulent og driftsutgifter kommunal NAV-del skal vere med i resultat. Budsjett og resultat inkl periodisering vert etterprøvd. Løn flyktningekonsulent og tiltak flyktningar vert finansiert av flyktningefond, ikkje innlagt i resultat over.(242). Det har vore færre enn ynskjeleg på kvalifiseringsordninga (276) i 2014. Mål om å få ein auke i 2015. Mindreforbruket på økonomisk sosialhjelp (281) kjem av reduksjon i tal klientar.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Tal årsverk:

2012	49,4
2013	49,4
2014	50,1

Tekniske tenester

Organisering

Tenestemrådet omfattar stabseiningane Plan og Eigedom samt tenesteeininga Teknisk Drift.

Hovudoppgåve Plan

Ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, spesielt arealplanlegging
Forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar.

Hovudoppgåve Eigedom

Drift, forvaltning og utbygging av kommunal eigedom.
Drift, forvaltning og utbygging av infrastruktur og tenester innan kommunalteknisk område.
Førebyggjande brannvern (tilsyn, feiing), brann- og beredskapsoppgåver via SBR-IKS.
Kartforvaltning og oppmåling.

Hovudoppgåve Teknisk drift

Teknisk drift er ei utøvande eining. "Eigedom" sit som "eigar og forvaltar" av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom "kjøper" tenester hjå Teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygga og anlegga.

Overordna mål

-Sikre at Luster kommune har eit oppdatert plangrunnlag i samsvar med overordna mål for utviklinga av kommunen, dvs areal- og temaplanar som gir prinsipp og retningslinjer for byggje- og utviklingstiltak i kommunen.

-Sikre at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova.

-Yte god service og rettleiing til tiltakshavarar, innanfor dei rammer som gjeld i lovregulerte forvaltningssaker.

-Oppretthalde realkapitalen i kommunal eigedom. Sikre god drift og utvikling av kommunale bygg og anlegg.

-Gje den kommunale infrastrukturen (VAR) ein standard som gir innbyggarar og næringsliv tilbod med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet.

-Ha eit kommunalt vegnett som dekkjer innbyggarane og næringslivet sitt behov slik at transporttilbodet kan bli trygt og rasjonelt.

-Sikre at kommunen har eit godt nivå på førebyggjande arbeid på teknisk område, samt sikre at generell beredskap slik at skadeverknader og konsekvensar vert så små som mogeleg på unormale hendingar.

Tenester og oppgåver - generelt

Budsjettmessig har tenestemrådet 16 funksjonar og i tillegg er nokre plan-, forvaltnings-, drifts- og utviklingsoppgåver. Disse siste er budsjettmessig plasserte på andre funksjonar direkte eller via interne overføringar.

190 Teknisk drift.

Budsjettmessig omfattar tenesta driftsutgifter for Teknisk drift, leing, formenn, fagarbeidarar uteseksjon, vaktmeistarar og reinhaldarar, samt kostnader felles maskindrift.

Budsjetteknisk legg ein opp til at funksjonen skal balansere, kostnadane vert dekkja opp ved sal av tenester til dei ulike tenestestadane, kommunale bygg og anlegg. Tenesta sel og nokre tenester til kyrkjesektoren, bustadorganisasjonane og private.

Rørleggjarar, maskinkøyrarar og reparatør dekkar opp ein relativt stor del av drift og vedlikehald av kommunalt vatn- og avløpsanlegg, kommunalt vegnett og anlegg. Kommunal maskindrift disponerer ein større maskinpark.

Kommunen kjøper tenester til vintervedlikehald av vegar, samt meir spesialiserte vedlikehaldsoppgåver (ventilasjon, elektro mv). Desse utgiftene vert belasta aktuell tenestestad direkte.

Vaktmeistertenesta dekkar heile den kommunale bygningsmassen for tilsyn og vedlikehald basert på årlege vedlikehalds- og byggutviklingsprogram. Snekkjarar og målar supplerer for større vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.

Teknisk drift har ansvar for reinhald av alle kommunale bygg, unnateke pleie/omsorg.

265 Kommunale bustader

Kommunen har ein stor bustadmasse. Ein del er organisert i stifting (SLU, Stiftinga Luster Utleigebustader), og ein leilegheit i bustadbyggjelag, Steinahagen, med eige budsjett/rekneskap. Bustadmassen dekkar kommunale bustadplikter, sosiale behov, rekruttering og etablering. Utleige er administrert av Servicetorget, og ei bustadnemnd står for prioritering/inntak. Husleigesatsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. Vedlikehalds-oppgåvene vert dekkja av teknisk drift og større arbeid vert gjort når det er skifte av leigetakarar. Rådmannen v/Eigedom, ev SLU, har ansvar for sal og nybygg.

301 Plansak

Tenesta har ansvar for overordna kommune- og

samfunnsplanlegging med vekt på arealplanlegging, oppfølging av kommuneplanen sin arealdel med utarbeiding av reguleringsplanar, forvaltning av desse og handsaming av private reguleringsplanar. Tema- og utviklingsplanar for dei ulike tenesteområde skjer i regi av desse. *Det vert utarbeida årlege planleggingsprogram som følgjer budsjettet/økonomiplanen.*

302 Byggsak

Tenesta er forvaltning og tilsynsoppgåver i medhald av plan- og bygningslova, herunder arealbruksplanar i medhald av lova. Vidare oppgåver er handsaming av byggesøknader, delingssøknader, dispensasjonar frå planar og veglov, utsleppssøknader og avfallsplanar, samt tilsyns- og sanksjonshandsaming i medhald av plan- og bygningslova og ureiningslova. Kommunen sine utgifter til forvaltning etter plan- og bygningslova vert delvis dekkja av kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar.

303 Oppmåling

Tenestestaden skal syta for at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova (§5). Nykartlegging og periodisk vedlikehald/oppdatering av kart skjer i all hovudsak gjennom avtalt samarbeid i Geovekst og NorgeDigitalt. Kommunen forvaltar delingslova og matrikkellova og tilhørande tenesteproduksjon, herunder registrering i medhald av matrikkellovgjevinga. Kommunen sine utgifter til forvaltning og tenesteproduksjon vert dekkja i kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. ROS-kartlegging, digitalisering av arealplanar og digitalt planarkiv har ansvarsplassering på andre tenestestader.

315 Bustadbygging – bustadfelt

Budsjetteknisk vert det budsjettert nokre mindre vedlikehaldstiltak på kommunale bustadfelt som ikkje går inn under veg, veglys og VA. Tilskot til spreidd bustadbygging: Kommunen yter eit tilskot på kr 75 000,- pr tomt til spreidd bustadbygging etter nærare utarbeidde retningslinjer. Kommunal bustadbygging: Kommunen har store arbeidsoppgåver i å leggje til rette for bustadbygging. Planlegging, opparbeiding og utvikling av bustadfelt. Kommunen har utarbeidd retningslinjer for tildeling av tomter. *Jf elles investerings-/planleggingsprogrammet.*

330 Samferdsle

Kommunen sitt ansvar og engasjement er Solvornferja. Anbudsperioden for ferja er t.o.m. 2021. Fylkeskommunen gir tilskot til tiltaket med grunnlag i skuleskyss og regional utvikling/ reiseliv, kr 450.000 pr år, med tilsvarende avtalelengd. Leige av kai/ kaiområde vert ført på funksjonen.

332 Kommunale vegar

Kommunen har eit omfattande kommunalt vegnett, ca 120 km og plassar/parkeringsanlegg. Vegnettet, fast dekke, grusveg og bruer skal ha kontinuerleg vedlikehald sommar og vinter. Drift og vedlikehald vert gjennomført i eigen regi, inkl. brøyting av parkeringsplassar i Gaupne måndag til fredag. Brøyting elles i kommunen vert utført via anbodkontraktar med private med avtale t.o.m.

30.04.2017. Større tiltak på vegnettet vert gjennomført som anleggsutviklingstiltak med årlege prioriteringar. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av privat veg (33303).

334 Trafikktryggleikstiltak

Med utgangspunkt i kommunal trafikktryggingplan vert det gjennomført ein årleg prosess for kartlegging, planlegging og gjennomføring av mindre tiltak. Det vert søkt om midlar til tiltaka. Tiltak som får tilskot, vanlegvis om lag 50% av kostnaden, vert prioritert for gjennomføring. Driftsmidlar dekkjer mindre sikringstiltak. Eigendel til "Aksjon skuleveg" vert finansiert over investeringsplanen.

338 / 339 Førebygging mot brann og ulukker/beredskap mot brann/ulukker

SBR-IKS har ansvaret for både førebygging og beredskap mot brann/ulukker. Gjennom SBR-IKS har kommunen ein brann- og ulukkesberedskap som ivaretek kommunen sine plikter i medhald av brannlovgjevinga, deltek i ordninga for akutt ureining (IUA) og i det interkommunale selskapet ALSF (Alarmsentralen Sogn og Fjordane).for varsling/melding av brann og overvaking av tryggleiksalarmar.

345 Vassverk

Kommunal vassforsyning er omfattande og kjenneteikna av mange og relativt små vassverk. Vedlikehald av 12 vassverk, 9 reinseanlegg og driftsovervaking minimum 2 gonger/dagleg. Vassprøvar vert teke kvar 14 dag. Generelt vedlikehald, lekkasjesøk og reparasjonar etter behov/kapasitet. Talet på vassverk gjev mange utfordringar for å sikra nok og sikker forsyning.

353 Kloakk

Som for vassforsyning er det mange anlegg for drift og ettersyn. Tilsyn/vedlikehald på 47 kloakkpumpestasjonar og driftsovervaking minst 2 gonger/dagleg. Kloakkprøvar vert gjennomført 4-6 gonger i året. Generelt vedlikehald, reparasjonar av pumper og staking av kloakkroyr, både for eige og private anlegg.

354 Tømming av slam

Tømming av slamavskiljarar vert gjennomført i regi av Simas. Alt etter type anlegg er det tømming kvart år, anna kvart år eller fjerde kvart år.

355 Renovasjonsordninga

Kommunen får løyst sine oppgåver i det interkommunale selskapet Simas. Selskapet tek seg av innsamlingsordning og handsaming av innsamla avfall. Simas kjøper tenester frå kommunen v/Teknisk Drift til drift av Miljøstasjonen i Gaupne, budsjetteknisk er funksjonen plassert på 190. Føresetnaden er kommunal kostnadsdekning.

357 Offentleg toalett

I Luster kommune er det ein del toalett, som i praksis er opne for alle, særleg om sommaren. Einskilde verksemdar har grunna lokalisering meir "offentleg" toalettbruk enn andre. Luster Kommune har ikkje driftsansvaret for mange toalett. Offentleg toalett med offentlig driftsansvar er relativt dyrt å drifte. Her vert budsjettert tilskot til offentlig tilgjengelege toalettanlegg i kommunen og kommunen sine utgifter til eigne anlegg.

Styringsmål 2014:

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2014	Resultat 2014
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	-
	B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	1	-	0	1
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Registrering Visma	104		<100%	112
	M	Medarbeidertilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2012	4,6	4,6	4,8	4,6
	M	Sjukefråvær (Teknisk drift)	Fråværsstatistikk 2012	6,3	-	<4,0	4,5
Teknisk	B	Vasskvalitet, prøvar utanfor grenseverdi	Resultat vassprøvar	6	-	0	21
	B	Sakshandsamingstid oppmålingsforretning (snitt dg)	Kostra 2013	110	71	70	70
	B	Andel søknader om tiltak der kommunen overskrid lovpålagt sakshandsamingstidstid	Kostra 2012	7 %	5 %	0	

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

*) Dette styringsmålet er nytt og registrering av ev. avvik/status var føresettt frå januar 2014. Med dagens sakarkivsystem har me ikkje/får me ikkje presis rapportering. Me meiner her er eit forbettringsområde og vil med nytt sakarkivsystem (2015) etablere betre rapportering og oversyn. (jf. melding til kommunestyret i k.sak 6/15.)

-Meirforbruk økonomi; generelt planarbeid, vedlikehald veg og vatn.

-ok medatbrøiderresultat.

-Vassprøvar utanfor grenseverdi er godt innafor måltal. Hovudutfordring er grunnvatn med låg pH. I 2015 vil dette bli betra etter oppgradering/behandlingsanlegg Veitastrand. Me hadde og noko høgt kintal ved Høyheimsvik vassverk som vart bra med full reingjering på anlegget.

Aktivitet 2014

Eigedom og anlegg, drift, vedlikehald og utvikling

- Organisering av tenesteområdet er gjennomgått. Stabseining Eigedom vert vidareført, men avd. for kart og oppmåling vert/er lagt til avd. plan/byggesak. Teknisk drift vert vidareført som driftseining. Mellombelse leiarstillingar er gjort om til faste tilsetjingar. Arbeidet med nytt reinhaldsopplegg er fullført. Endra organisering av vaktmeister-tenesta er starta opp. Nokre tiltak er sette i drift med; reduserte ressursar til drift og dagleg vedlikehald, auka samarbeid og samordning og auka ressursar til mindre investeringstiltak i eigen regi. Endeleg oversikt over innsparing får ein først i 2015.
- Byggutvikling og større vedlikehald i 2014 er stort sett gjennomført i samsvar med planar; ATS: Innbygging veranda mm. Lustrahallen: Nytt tak lågbygg Jostedal oppvekstsenter/skulebygget: Nytt taktekke, Luster ungdomsskule: Utvendig måling Luster oppvekstsenter/skulebygget: Inngangsparti og tilkomst for rullestol-brukar Indre Hafslo oppvekstsenter/ barnehage: Innvendig måling/ oppgradering, skifte golvbelegg, Helsesenteret: Måling/ belegg/ dørar kontor, tilpassing av Grandmo barnehage til utleige til

IL Bjørn og andre organisasjonar.

Det meste av arbeidet er utført av teknisk drift.

Fokus på enøk-arbeidet er vidareført.

Nytt taktekke Solvorn oppvekstsenter, oppgradering Grandmo busenter og arbeid Gamlestova barnehage er ikkje gjennomført, men vert prioritert i 2015.

Brannsikringstiltak Luster omsorgssenter, med tanke på nedlegging av Luster lokalstasjon, har drege ut i påvente av avklaringar frå SBR IKS.

- Sogn Brann og Redning IKS har gjennomført tilsyn etter § 13 på kommunale bygg i 2014. Det vart gitt avvik på mangelfull dokumentasjon av sakkyndig kontroll og manglande dokumentasjon på byggtkniske løysningar, som må rettast opp.
- Dei kommunale byggeprosjekta under arbeid har hatt framdrift som planlagt. Nye Hafslo barnehage vart klar til nytt barnehageår 2014/15. Tilbygg ved Gaupne omsorgssenter, 8 nye plassar, var ferdig hausten 2014. Prosjektet vart utvida med bygging av/ utviding sentralkjøkken ved Gaupne omsorgssenter. Byggjerekneskap for prosjekta blir lagt fram for politisk handsaming 2015. Det er valt rådgjevarar på nybygg/ombygg av Hafslo barne- og ungdomsskule. Det er og inngått avtale om kjøp av fellesbygget. Planarbeidet har framdrift som

planlagt. Planarbeidet for renovering av rådhuset er starta opp.

- Kommunal bustadmasse (inkl. Luster utleigebustader) har totalt 61 utleigeeiningar, per 31.12.14 var 50 bustader utleigd. Kommunen kjøpte ein bustad i Gaupne i 2014. Luster utleigebustader bygde to nye, Lundshaugen og Veitastrond. Det kom inn 31 søknader om kommunal bustad i 2014. 22 søkjarar fekk tildelt bustad. Nærare vurdering av kommunal bustadmasse er under arbeid. I påvente av bustadsosial handlingsplan, framdrift i bustadprosjektet på barnehagetomten i Gaupne og behov for flyktningebustader er ikkje dei to siste leilegheitene i Skåråkeren burettslag selt.
- Det er lagt ut tomter til sal i Beheim 2 på Hafslø. 5 privatpersoner er tildelt tomt etter loddtrekning. I tillegg er eit byggjefirma tildelt ein bustadtomt og ein rekkhestomt. Arbeidet med infrastruktur i feltet, opprusting av veg og ny avløpsleidning vert ferdigstilt sommaren/hausten 2015.
- Det er inngått avtale om grunnerverv for byggjefeltet Verket 2 i Gaupne. Det vert arbeidd med grunnforhandlingar i samband med byggjefeltet Salen i Gaupne og det er utarbeida anbudsdokument for Kvitevollen bustadfelt med 8 tomter.
- Sentrumstiltak Gaupne. I samarbeid med bla. anna Pyramiden kjøpesenter er det utarbeida anbudsoppgaver i forhold til valgt torgløyning framfor hovudinngangen. Torget skal realiserast i 2015.

Det kom ladestasjon for elbil i juni 2014. Forbruket har vore på 1967,35 kWh (9mnd). kr. 984,- sidan juni og stipulert årsforbruk straum på 1312,- Ladestasjonen er i bruk nesten dagleg.

Infrastruktur veg og anlegg.

- Driftsutgiftene for veg i 2013 vart på 8,3 mill. kr, mot 7,2 mill.kr føregående år. Vinter/vår 2014 var mild og med lite snømengder, men det vart ein del ekstra utgifter med vårarbeidet på grusvegane. Snøen kom tidleg, og i store mengder med svært høge brøyteknadar på slutten av 2014. Tiltak som vart gjennomførte i 2014 var, asfaltering kommunale vegar på Hafslø og Luster (Dalsdalen).

Veg/mur Engjadalsvegen rasa ut våren -14 og eit omfattande gjennoppbyggingarbeid er utført med kostnad om lag 2 million kroner.

Opprusting gangveg Krossen – Bøyum og rekkverk gangveg v/Luster omsorgssenter. - trafiktryggingstiltak.

Tal reisande med Solvornferja i 2014 er 46.332 passasjerar. (2013/46.341)

- Brannvernet i Luster har hatt 32 (33) utrykkingar i 2014, 5 av utrykkingane var til trafikkulykker. Ny brannstasjon i Øiene-bygget på Røneidsgrandane vart teken i bruk. Noko utrustningsarbeid, garderobefasilitetar mv gjenstår. SBR IKS har planar om å utvikle anlegget til eit regionalt kurs/øvingsområde.
- Det har vore jobba med ulike prosjekt innan veg-, vatn- og avlaupssektoren (VVA) i 2014. Boring etter vatn Drægne, ny pumpestasjon Lyngmo, nytt reinseanlegg Solvorn, ny brønn Veitastrond. Oppstart VVA-utbygging på Beheim 2. Driftsmessig har det vore asfaltering, førebygging

mot frosne kummar/vassleidningar, utskifting av gamle/øydela pumper og utbetring av eksisterande vassverk. Arbeidet med lekkasjesøk er eit kontinuerleg arbeid.

Sjølvkostrekningskapet syner dekking på 96,9 % for vatn og 102,3 % for avløp. Avløp har lågare drifts/vedlikehaldsutgifter enn normalt slik at reelt er det ein mindre underdekning på begge sjølvkostområda.

- Kart – og oppmåling har framleis nokre saker som er rekvirerte etter delingslova som ikkje er avslutta. I tillegg til kart og oppmålingsarbeid, retting av grenser, samanføyingar, grensejustering og oppretting av nye eigedommar, totalt 318 føringar, har dei og brukt tid på andre avdelinga, bla. anna arealplanen. Adresseprosjektet har i 2014 arbeidd med adressenamn. Mange namn var ute på høyring, med høyringsfrist i desember. Kart og oppmåling har i 2014 hatt oppretta 31 tomter, ført 3 saker for jordskifte og har 32 saker som går over til 2015.
- Renovasjonsordning fungerer tilfredstillande. Miljøstasjon i Gaupne har stor aktivitet. Simas kostar drifta som del av renovasjonsavgifta. Fokuset på sortering, gjennvinning og gjennbruk aukar.

Plan og byggjeaktivitet

- Arbeidet med planprogram for arealdelen av kommuneplanen vart starta opp sommaren 2013. Kommuneplanutvalet godkjende i januar planprogrammet. Vedtaket innebar m.a. at det vart fastsett kva område for bygningar og anlegg som skulle innarbeidast i framlegg til ny arealdel. Framlegg til ny arealdel vart lagt ut til offentleg ettersyn på seinhausten 2014, etter vedtak i kommuneplannemnda/formannskapet, 17.09.2014. Arbeidet med ny arealdel opptok det vesentlege av planleggingskapasiteten i kommunen i 2014.
- Som det går fram av tabellen nedanfor, vedtok kommunestyret 5 reguleringsplanar i 2014. I løpet av året har tenesteeining plan elles arbeidd med regulering av Bolstadmoen og Gjerde sentrum. Planen for Bolstadmoen vart ferdigstilt, men han kan ikkje leggjast fram for kommunestyret før Riksantikvaren har frigjeve reguleringsområdet. Luster kommune har elles vore engasjert som part/tilretteleggjar for bustadbygging på tomte til tidlegare Gaupne barnehage i Gaupne.
- Kommunestyret vedtok desse 5 reguleringsplanane i 2014:

Dato	Plan
13.03.2014	Detaljreguleringsplan for Gardavegen 20, Gaupne
13.03.2014	Detaljreguleringsplan for tursti Nymoen Vadøyane, Skjolden/Fortun
06.11.2014	Detaljreguleringsplan for masseuttak ved Tunsbergdalsdammen
06.11.2014	Detaljreguleringsplan/-endring for Bruflat 1.(Tidl. Gaupne barnehage)
18.12.2014	Detaljreguleringsplan for Modvoheisen.

Einskildvedtak i utvalde sakstypar dei 3 siste åra

Sakstypar	2013	2014
Utvalssaker (PFS)	17	10
Tiltaksløyve § 20-1	86	85
Tiltaksløyve § 20-2	69	41
Rammeløyve § 21-2	8	5
Igonsettingsløyve § 21-2	7	6
Tekne i bruk	69	----
Mellombels bruksløyve		15
Ferdigattest		66
Utførte tilsyn	8	12
Utsleppsløyve	5	11
Sum einskildvedtak	259	251

NB! Plansaker etter pbl kap.12 er ikkje med i oversikten.


- Gebyrinntektene vart kr. 697 320.- dvs. kr. 12 32 meir enn budsjettert.
- Tilsyn: Det vart gjennomført 12 tilsyn i byggesak, av desse var 12 på tema frå TEK10 og SAK10, og 0 var inspeksjon i nye bygg (inspeksjonstilsyn). Betaling til

SBR for avtala byggtilsyn kr. 191706.-, budsjettert sum var kr. 200000.-.

- Det vart handsama og godkjent 41 søknadar om nye bygg i LNF-område utanfor 100-meters beltet (pbl § 1-8), av desse 33 i samsvar med plan, og 8 dispensasjonssaker. (Av desse 5 naudnett-stasjonar)
- Tilskot til bustadbygging (tekne i bruk i 2014): 5 stk. utanfor regulerte felt, og 4 innanfor (Neshøgdi og Bukti).

Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggjar, komm. vegarr og gater




Økonomisk resultat


Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
190	Teknisk drift	0	-188		-108
301	Plansak	1 072	571	-88 %	473
302	Byggesak	626	670	7 %	541
303	Oppmåling	1 366	1 487	8 %	1 044
315	Bustadbygging	503	465	-8 %	8
330	Samferdsel	1 886	1 820	-4 %	1 849
332	Kommunale vegar	8 339	7 400	-13 %	7 259
334	Trafikksikringstiltak		50		
335	Sentrumsområde	239	305	22 %	-367
338	Førebygging mot brann og andre ulukker	656	925	29 %	731
339	Beredskap mot brann og andre ulukker	3 692	3 535	-4 %	3 289
345	Vassverk	-2 814	-3 617	-22 %	-3 079
353	Kloakk	-2 392	-1 713	40 %	-1 580
354	Tømming av slam				3
355	Renovasjonsordninga				6
	Sum	13 170	11 711	-12 %	10 068

Kommentar:

- 301 Fordelte lønskostnader på KPA går utover budsjettert.
- 302 Mindre pluss på gebyrinntekter og mindreforbruk drift.
- 303 Mindre inntekter på kart og oppmålingsgebyr, og refusjon tinglysningsgebyr, betre netto løn.
- 332 Større kostnader med vedlikehald, mykje snøbryting i november og desember, jf og at budsjettert vart redusert etter ein fin vinter/vår.
- 335 Tilskot til offentleg toalett mindre pga. oppseing av ein avtale og ikkje heilårs tilskot til eit anna toalett
- 338/339 Mindre kontigent til SBR IKS til førebyggjande brann, pos avrekning feiing, periodisering og eit mindre meirforbruk beredskap brann.
- 345 Meirforbruk vassverk skuldast i hovudsak:
 Fleire store vasslekkasjar/ leidningsbrot på kommunalt leidningsnett
 Havari på pumper bla. vassverk Røneid og vassbehandlingsanlegg Hafslø (Kalhagen)
 Nødvendig utskifting av automatikk, bla. Høgi, Bruheim og Klokkesteinvegen
- 353 Mindreforbruk kloakk skuldast i hovudsak:
 Pga. stor aktivitet og mykje hendingar på 345 Vassverk vart det mindre gjort på kloakk. Redusert stilling (60%) røyrleggar, medfører mindre aktivitet. Periodiseringsfeil tømning kommunale tankar ved at det manglar årsbelastning 2014.(Simas.)



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Tal årsverk:

2012	6,0
2013	6,0
2014	5,5

Næringsutvikling og naturforvaltning

Organisering

Tenesteområdet er organisert i ei stabseining (næring) og ei resultatseining (landbruk og naturforvaltning).

Overordna mål

Halda oppe talet på arbeidsplassar i kommunen, både i landbruket og andre næringar.

Vidareføra den kommunale næringspolitikken som skissert i k-sak 10/14: «Grunnlaget for handsaming av nærings saker i Luster kommune».

Leggja til rette for fast busetnad i heile kommunen, jf areal- og eigedomsforvaltninga.

Leggja til rette for friluftsliv og sikra innbyggjarane tilgang til jakt og fiske.

Ta vare på eit representativt tverrsnitt av naturtypar og naturkvalitetar for framtidige generasjonar og sikra levelege vilkår for vilt og fisk

Ta vare på kulturlandskapet og få redusert/stansa attgroinga.

Gjera berekraftig utvikling til eit overordna prinsipp ved all planlegging og drift.

Tenester og oppgåver - generelt

320 Kommunal næringsverksemd

Gjeld i hovudsak inntekter ved sal av konsesjonskraft, jf kommentar innleiingsvis.

Leigeinntekter for næringsbygg er budsjetterte på bakgrunn av avtalar. Avtalane baserer seg på prinsippa for husleigenivå på kommunale næringsbygg som vart vedteke i budsjettet for 2012

325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

Kontakt/samarbeid med næringslivet og samarbeidande partar som Innovasjon Noreg, fylkesmannen si landbruksavdeling, fylkeskommunen, næringsnettverket i Sogn og bankvesenet.

Forvalte kommunen sitt konsesjons- og næringsfond.

Delta i utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden.

Til ei kvar tid ha ledige tomter og bygg for næringstiltak

Delta i utvikling av kompetansen i næringslivet

Kommunen skal ha ei aktiv rolle i arbeidet med å vidareutvikla reiselivet

329 Landbruksforvaltning

Betra lønsemda innan tradisjonelt landbruk

Få bestanden av rovdyr ned på streifdyrnivå

Få etablert lønsame tilleggsnæringar på gardsbruk

Leggja til rette for "Inn på tunet"-tilbod

Handsama og kontrollera saker i høve Innovasjon Noreg (BU-ordninga).

Hjelpa dei som tek kontakt med søknader til Innovasjon Noreg.

Handsama saker etter gjeldande lovverk (jordlov, konsesjonslov, odelslov mv).

Følgja kommuneplanen ved avgjerder som vert fatta i areal- og eigedomsforvaltninga, t.d. ved å utøva ein liberal fradelingspolitikk av bustadtomter på uproduktiv mark.

Følgja opp gardsformidlingsprosjektet.

Sakshandsama og kontrollera statlege støtteordningar som areal-, kulturlandskaps- og produksjonstillegg for landbruket, SMIL-midlar mv.

Landbruksfagleg rettleiing og planlegging.

Handsama saker om elveforbygging og kraftutbygging

Føra tilsyn med elveforbyggingar i samsvar med instruks frå NVE. Synfara alle anlegg minst kvart femte år. Ein jamn aktivitet tilseier kontroll av ca. 25 anlegg årleg.

Administrera veterinærordninga for kommunane i Luster veterinærdistrikt (3). Syta for tilgang til veterinær heile døgnet, alle dagar i året. Betala ut godtgjeringar og tilskot.

360 Naturforvaltning

Viltforvaltning, fiskeforvaltning, miljøforvaltning og forvaltning av verneområde

Fjelloppsyn. Utføra naturoppsyn etter avtalar med ulike oppdragsgjevarar. I tillegg utføra oppsyn på område der kommunen sjølv er sett til å handheva regelverk.

Oppfølging av handlingsprogram for friluftslivet i gjeldande kommunedelplan.

Følgja opp handlingsprogrammet i kommunen sin vedtekte miljøplan

Arbeida for å få staten til å ta større ansvar for uttak av skadedyr/rovdyr.

Gjennomføra dei kommunale oppgåvene med jegerprøven i samsvar med instruks.

Arbeida med miljøfagleg rettleiing og yta hjelp til skular i prosjektarbeid i den grad det er kapasitet til det.

Styringsmål 2014:

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2014	Resultat 2014
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 veker svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	0
	B	Tal klagesaker m/omgjæringsvedtak	Registrering	1	-	0	1
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2012 Visma			<100%	«100%»
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2012	4,7	4,6	>4,5	4,7
	M	Sjuefråvær	Fråværsstatistikk 2012	0,3	-	<3,0	2
Ten omr	B	Andel saker innan naturforvaltning med fristbrot (tilskotsordningar)	Registrering	-	-	0	0

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål
- Jamt over gode resultat på styringsmål.

Utøva forvaltningsansvaret for verneområde kommunen har fått ansvaret for – i tråd med gjevne vernereglar og innarbeidd praksis i kommunen.

Følgja opp prosjektet "Naturarven som verdiskapar" og samarbeida med forvaltningsstyra og statlege stillingar knytt til oppsyn og forvaltning av verneområda.

Vera ein aktiv bidragsytar i arbeidet med å leggja om hjorteforvaltninga i tråd med nasjonale føringar, med mål om ei meir grunneigarstyrt og meir bestandstilpassa organisering basert på bestandsplanområde.

Aktivitet 2014

I februar 2014 hadde kommunestyret ein gjennomgang av «Grunnlaget for handsaming av nærings saker i Luster kommune». Kommunestyret gjorde mindre endringar i høve det føreliggjande grunnlaget. Grunna likviditetssituasjonen i næringsfondet vart det vedteke at ein til vanleg yter 20% (tidl. 25%) av kostnaden av ei investering i næringslån. Dette dokumentet er både ein administrativ og politisk styringsreiskap, som fungerer godt.

Talet på vedtakssaker i næringsutvalet i 2014 var ca 25, i 2013 var 40 saker, i 2012 var det 42 saker, tal saker i 2011 var 30.

Luster kommune er aktiv part i mykje av utviklingsretta aktivitet i næringslivet. Det gjeld særleg finansieringssaker, men også som ein instans for drøfting og vurdering av ulike tiltak. Kjøp av næringsareal frå kommunen er og eit viktig saksområde.

Næringsfondet

Dei fleste sakene i næringsutvalet er finansieringssaker i høve næringsfondet. Pr. 31.12.14 er det utlånt 75.0 mill. kr til næringslivet frå dette fondet (pr 31.12.13 var det utlånt 69 mill kr)

I 2014 er det utbetalt nye næringslån på til saman 12.5 mill kr. I 2013 vart det utbetalt 16.1 mill kr og i 2012 vart det utbetalt 9.5 mill kr i nye næringslån.

Det er betalt inn 5.6 mill kr i avdrag og 1.58 mill kr i renter på næringslån i 2014. I 2013 vart det betalt inn 7.6 mill kr i avdrag og 1.4 mill kr i renter på næringslån

Det vart gjeve tilsagn om 4.8 mill kr i næringslån i 2014, i 2013 vart det gjeve tilsagn om 14.3 mill kr og i 2012 15.5 mill kr i nye næringslån.

Næringsareal

Luster kommune har næringsareal tilgjengeleg i Gaupne. På Hafslø starta opparbeiding av nye næringsstomtar i Galdatoppen næringsområde januar 2015. Nye næringsstomtar på Hafslø – Galdatoppen vil vere klare sommaren 2015.

Samarbeid med andre

Luster kommune har økonomiske ressursar til å vere med å finansiere næringsutvikling. Det vert arbeidd aktivt i høve andre offentlege finansieringsinstitusjonar for å oppnå finansiering også frå desse. Både i høve Innovasjon Noreg, Fylkeskommunen og Fylkesmannen gjennom bygdeutviklingsmidlar er det god dialog i nærings saker.

Det er viktig for administrasjonen å halde seg oppdatert på endringar i verkemiddelapparatet, for å vere ein så god fagleg rådgjevar som råd. Det er mange verksemder i Luster som har medfinansiering frå dei ovannemnde offentlege institusjonane.

I høve bankvesenet, spesielt Luster sparebank, er det ein god dialog i finansieringssaker.

Det er fleire søknader frå Luster kommune om kraftprosjekt som har fått konsesjon og det er og fleire som no er til konsesjonsvurdering. Ingen nye kraftverk i Sogn får tilgang til nettet før lina Fardal-Ørskog er klar. Fram mot 2020 vil det bli store investeringar i kraftutbygging i Luster kommune.

Luster kommune deltok i 2014 som ein del av Sogn Regionråd, på "Framtidsfylket" si rekrutteringsmesse i Bergen og Oslo. I møte med ungdom frå kommunen - som tek høgare utdanning - vert spørsmål om "relevant" arbeid viktig. Mange ynskjer å ha jobb nr 1 borte frå Luster, men har planar om heimflytting etter kvart. Utviklinga i dei store offentlege institusjonane i Sogndal og Leikanger er sjølv sagt svært viktig for Luster i eit sysselsetjingsperspektiv. Her er det potensielt mange endringar framover.

Det har vore arrangert temamøte for næringslivet saman

med Luster Sparebank. Hovudmøtet i 2014 var ein brei presentasjon av næringslivet i kommunen med svært godt oppmøte.

Industri

Fleire av industriverksemdene i Luster har hatt vekst i 2014. Grunnlaget for vekst har vore ei målmedviten satsing på kompetanseutvikling, marknadsstilpassing og marknadssetting og investering i teknologi.

Dei to største industriverksemdene i kommunen; Avery Dennison NTP AS og LMI AS er no begge eigde av store internasjonale selskap. Internasjonale eigarskap gjev mulegheiter, men det er også ei utfordring med hovudkontor langt borte frå Luster.

Digital Etikett har gjort store investeringar i ny maskinteknologi og i tillegg flytt inn i nytt bygg i 2014. Selskapet Bluefjords har i 2014 gjennomført bygging av datasenter. Vanleg drift ved Bluefjords sitt anlegg vil bli sett i verk vinteren 2015.

Reiselivet

I 2012 starta arbeidet med å organisere reiselivet på «Sognefjordnivå», februar 2013 vart det nye selskapet skipa. Reismål Sogndal og Luster AS vart som ein konsekvens av det lagd ned. Luster kommune har kjøpt aksjar i det nye selskapet Visit Sognefjord AS (kr 77.700) og bunde seg til ein treårig avtale om å yte kr 399.150 i årleg marknadsbidrag. Det nye selskapet har kontor på Campus i Sogndal.

Visit Sognefjord skriv slik om 2014:

Vekst i 2014, og gode prognosar for 2015.

2014 var det fyrste året med samla reiselivsvekst sidan 2010. I Sogn var samla vekst 21.474 gjestedøgn (+6,2%) i 2014, med 12.581 (+5,6%) fleire utlendingar og ein auke på 8.893 (+7,3%) nordmenn. Hytte/camping hadde relativt størst vekst med 17.359 fleire gjestedøgn (+10,1%), fordelt med 9.442 (+8,1%) utlendingar og 7.917 fleire nordmenn (+14,3%). Veksten for hytte/camping var fordelt på fleire marknader, med særleg vekst frå m.a. Nederland, UK, Spania og Asia.

Samtidig får me signal frå nokre av overnattings- og aktivitetsbedriftene om auke i talet på gjester i vinter- og haustmånadene. Både april/mai (+5,1% i mai) og september/oktober var gode månader for fleire av aktørane i 2014, og Flåmsbana hadde rekordbesøk i desember samanlikna med tidlegare.

Låg kronekurs og fantastisk sommarvær var med på å gi gode besøkstal i sommar. Samtidig er den økonomiske situasjonen betre både i USA og deler av Europa, og næringa, Visit Sognefjord og Fjord Norge har hatt stor sals- og marknadsaktivitet i 2013 og 2014. Det vart gjennomført ein stor Norgeskampanje i 2014, og saman med Visit Flåm var Visit Sognefjord den største partneren i Fjord Norge i 2014. Dette gav Sognefjorden ein solid posisjon i Fjord Norge sitt arbeid, mellom anna i USA-kampanjen der Sognefjorden var ein av tre store partnerar saman med Bergen og Fjord Tours (Nutshell-turane). Auken frå USA var på heile 28,8% (+3.828 gjestedøgn) i fjor sommar. I tillegg har det vore relativt stor auke frå UK (27,6%, 2.075 gjestedøgn), Nederland (+4,9%, 1.666 gjestedøgn), Asia, Belgia, Spania og Danmark. Nedgongen frå den tyske marknaden dei siste åra har «flata ut», og tal gjestedøgn (- 2,2%,

-1.215 gjestedøgn) var om lag som i 2013 (sjå tabell nedanfor).

Innovasjon Norge reknar med minst 5% vekst i norsk reiseliv i 2015. Me trur på tilsvarende vekst for Sognefjord-regionen. Meir stabil økonomi i marknadene, framleis låg kronekurs og solid sals- og marknads-påverknad frå næringa, Visit Sognefjord og Fjord Norge skal sikre veksten.

I reiselivet i Luster, er det som elles i Sognefjordområdet og i dei rurale delene av Fjord Norge, store sesongsvingingar. Svært mange senger er "kalde" store deler av året. Mange verksemdar held stengt i store deler av året. Dei fleste verksemdene er familieselskap, dvs drifta er avhengig av stor innsats i sesongen frå heile familien. Det er relativt lite likvid eigenkapital, men næringa er likevel investeringsviljug.

Elles er det fleire av verksemdene frå Luster som markerer seg godt i det nasjonale reiselivs- og mediebiletet, i særleg grad kan ein då trekkje fram Walaker hotell, Nes gard, Turtagrø hotell, Bestebakken, Sognefjellet Sommarskisenter og Jostedalen breførarlag. Mange av lustraverksemdene får svært gode resultat/ vurderingar på TripAdvisor og booking.com. Slik forbrukardriven vurdering vert stadig viktigare for å få gjester. Stadig fleire nyttar seg av slike vurderingar når overnatting skal tingast.

Luster har mange aktivitetsbedrifter innan reiseliv som driv godt. Luster er truleg den kommunen i fylket med størst breidde i aktivitetstilbod. Dei fleste av desse selskapa hadde ein god sesong i 2014.

For reiselivsnæringa er ei vidare utvikling av sals- og marknadsretta aktivitet avgjerande, for å auke omsetning og inntening. Arbeidet til det nye selskapet Visit Sognefjord AS vil vere viktig for at området vårt skal bli endå meir synleg som eit reismål i internasjonal verdsklasse.

Sogn Skisenter har utvikla seg mykje også i 2014. Det viktigaste har vore arbeidet med å etablere betre vassforsyning til snøanlegget og bygginga av den nye «Sognaheisen». Den nye heisen er alt vorten ein suksess.

Breiband

I 2014 er det med kommunal delfinansiering utbygd radiobasert breiband til ei rad grender i kommunen jfr eiga kommunestyresak. Det er og etablert fiber til byggefeltet på Nes og Mørkridsdalen har fått tilfredsstillande mobildekning.

Det er og starta arbeid med utbygging av fiber til dei som bur i byggjefelta på Galden og Hestnes.

Røynsle og forbetring:

Vidare utvikling av næringslivet har fokus i Luster både politisk og administrativt. Både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og nyskaping er viktig. Verksemdar som rettar seg mot marknader utafor regionen vil ha ein større sjans til å utvikle seg, enn dei som har ein marknad som berre er regionalt basert. Kompetanseutvikling, marknadsorientering og effektivisering/teknologiutvikling er stikkord for både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og utvikling av nye tiltak.

LANDBRUKSFORVALTNING

Forvaltningsoppgåver

Ressursbruken ved eininga er delt mellom utføring av lovpålagde forvaltningsoppgåver innan landbruks- og miljøsektoren og forvaltning av kommunale ordningar for å oppnå måla i kommunale styringsdokument, utleige av tenester til andre m.m.

Jordbruk

Nedgangen i tal driftseiningar i kommunen har flata ut. Areal i drift og produsert mengde slakt har vore nokolunde stabilt over ei årrekke, men det er grunn til uro når det gjeld utviklinga innan mjølkeproduksjon. Tal mjølkeprodusentar er no kome ned under 60 totalt, dvs. meir enn ei halvering frå tusenårsskiftet.

Auka bærprisar utanlands har gjort konserverfabrikkane meir interesserte i norske bær. Samla bærproduksjon er nokolunde stabil frå føregående år.

Byggjeaktiviteten i landbruket (driftsbygningar) fekk ein oppsving etter at kommunen innførte gunstig låneordning gjennom næringsfondet. Til saman 6 gardsbruk fekk finansiering gjennom Innovasjon Noreg og kommunen til bruksutbygging for tradisjonelt landbruk i 2014.

Økonomien i sauehaldet har hatt ein betydeleg oppsving siste åra. Etter ein samanhengjande tilbakegang i dyretal kvart år sidan tusenårsskiftet, snur trenden frå 2009 til 2010, med ein oppgang på omlag 400 vinterføra. Frå og med 2010 syner statistikken nokolunde stabile tal, med om lag 10 000 vinterføra sauer totalt pr. 1. januar.

Beitesommaren 2014 ramma Indre Sogn sterkt med omsyn til rovviltskader. I Luster var det Jostedalen som var hardest ramma, der mellom anna ein brukar hadde tap til jerv på om lag 100 dyr.

NØKKELTAL – Jordbruk	2000	2005	2010	2014
Bruk i drift i alt	397	285	245	251
Bruk med husdyr	320	243	196	185
Mjølkeproduksjon	6 875 t	6 814 t	6 999 t	5 447 t
Slakt	546 t	553 t	483 t	480 t
Bærareal	505 daa	695 daa	515 daa	496 daa
Bærproduksjon	457 t	450 t	340 t	340 t

NØKKELTAL – Forvaltningssaker	2000	2005	2010	2014
Lovsaker administrativt avgjorde	49	116	101	100
Søknader om produksjonstilskot husdyr *	320	243	191	180
Søknader om areal- og kulturlandskaps-tilskot *	397	263	245	243
Tilskot til avløyning ved sjukdom m.v.	106	81	59	22
Planar etter forskrift for nydyrking	14	2	3	7
Planar for vatningsanlegg	2	2	2	1
Driftsplanlegging i samband med bruksutbygging	8	3	5	6
Fullstendig gjødselplan for gardsbruk	16	11	35	23

* For søknader om produksjonstilskot/areal- og kulturlandskapstilskot er det gjennomført stikkprøvekontrollar hjå 5% av søkjarane.

Overføringer og investeringsverkemidlar til landbruket

Tiltak	2005		2014	
	Tal søknader	Tilskot 1 000 kr	Tal søknader	Tilskot 1 000 kr
Statlege ordningar:				
Produksjonstillegg	535	33 400	451	43663
Regionalt miljøprogram RMP			173	3457
Avløyingsordninga		6 100	169	7400
BU-midlar, - tilskot (bedriftsretta), inkl. bioenergi	11	2 318	6	2431
BU-midlar, – rentestøtte (grunnlag/sum lån)	3	4 594	3	5995
Kulturlandskapstiltak (SMIL)	37(29 tilsagn)	690	30(27 tilsagn)	1077
Organisert beitebruk	10	68	6 (2 tilsagn)	22
Drenering av jordbruksjord (ny ordning)			5	43
Skogsvegbygging		499	1	0
Kommunale ordningar:				
Anleggstilskot bærplanting	11	85	12	144
Vatningsanlegg	2	35	0	0
Nydyrking	1	18	5	37
Vegbygging	0	0	6	263
Kjøp av mjølkekvotar	40	184	17	51
Tilskot ved generasjonsskifte	-	-	2	100

Skogbruk

Hogstaktiviteten har gått opp igjen frå 3500 m³ i 2013 og 11.187 m³ vart omsett gjennom dei to store tømmerkjøparane i fylket, Nortømmer og Sogn og Fjordane skogeigarlag i 2014. Det har og vore ei jamn positiv utvikling i skogplanting dei seinare åra. Saman med skogskjøtsel er det utført arbeid for kr. 185.880 og betalt ut kr 36.498,- i kommunalt tilskot til dette i 2014 noko som likevel er ein nedgang frå 2013. Det er gjeve statleg driftstilskot på til saman kr. 22.400 til total fire sokalla eigendrifter i 2014. Ordninga som kom loveleg seint, blei innført i 2013 skog og skulle kompensera skogeigarar som sjølv rydda opp i stormfelt skog.

Av dei seks utbetalingane av kommunalt tilskot til landbruksvegar er fire av desse reine skogsvegar. Når det

gjeld statstilskot har det ikkje vore utbetalingar i 2014 sjølv om noko veg vart ferdigstilt dette året. Det har å gjere med at mange anlegg er under bygging i fylket og det er for lite midlar. Det er og sendt inn søknad om statstilskot på ein snuplass for vogntog som dette året vart etablert på Simosetevegen, Hafslø. Kommunen har arrangert eit grunneigarmøte om hovudplan skogsveg Ulvongo og ein skogdag saman med Nortømmer på Hafslø i september.

Luster kommune har arrangert motorsagkurs for i alt åtte grupper og eit kurs med tema kapping i 2014. Skogbruksjefen har helde innlegg under årsmøte i Skognæringsforum Sogn og Fjordane, årsmøtet hjå Luster skogeigarlag og under skogdagen på Hafslø. Han har og delteke under fagsamling i skogbruk for kommunane i vestlandsfylka på Voss i juni.

Uttak av skogsvirke:	2011	2013	2014
Omsett gjennom Luster Skogeigarlag m ³	281	1510	2442
Annan hogst for sal med trekk til skogfond, m ³	4 496	1983	7815
+ Uttak av ved til brensel m ³	2 000	2000	2000
= Total m ³	6 777	5493	13187
= Førstehandsverdi kr	2, 0345 mill.	0,9 mill.	3,9561 mill.
Skogkultur:			
Nyplanting, tal planter	10 500	46600	30500
Planta areal	44 daa	180 daa	122 daa
Rydding av plantefelt	105 daa	73 daa	25 daa
Kostnader skogkultur	100 000 kr	286030 kr	185880 kr
Vegbygging:			
Ferdigstilt traktorveg	0	750 m	1150 m
Ferdigstilt skogsbilveg	560	0	300
Skogavgift:			
Innestående skogavgift pr. 31.12.	609 000 kr	1014152 kr	1268152 kr
Innbetalt skogavgift	125 000 kr	74019 kr	590724 kr
Utbetalt skogavgift	4 500 kr	53364 kr	336029 kr

NATURFORVALTNING

Naturarvprosjektet

«Mellom fjell, fjord og folk», naturarvprosjektet i Luster kommune vart formelt avslutta august 2014. (jf omtale i temadel i årsrapport side 7.)

Vilt

Etter nokre år med stabile fellingstal vart 2014 igjen eit rekordår for hjortejakta, med 535 felte dyr. «Sett hjort»-tala stadfestar inntrykket av at stammen er stor, noko som også har gjeve seg uttrykk gjennom tilbakemeldingar om beiteskader frå ulike deler av kommunen.

Til liks med dei aller fleste kommunane i fylket er Luster med i prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017» ved Sogn og Fjordane Skogeigarlag. Gjennom prosjektet skal ein implementera forskriftsendingane frå 2012, med det nye forvaltningsnivået «bestandsplanområde», der ansvaret for mål og

fellingsstrategi vert overført til grunneigarane. Det har vore halde ope møte om dette, men diskusjonen så langt har stort sett handla om den geografiske avgrensinga av bestandsplanområda. Det gjenstår mykje arbeid med å få på plass organisasjonar, jaktavtalar og bestandsplanar.

Etter sju år utan jakt har endeleg villreinstamma i Vest-Jotunheimen vakse seg stor nok til at det i 2014 igjen kunne opnast for jakt. Av 100 løyve, vart 67 dyr felte. Jegrane melde om flotte dyr i god kondisjon. I tabellen under ligg også resultat frå Luster sine rettar i Ottadalen villreinområde.

Verneområde

Forvaltningsplanen for Nigardsbreen er ferdig, og planen for Hafsløvatnet fuglefredingsområde er i avslutningsfasen. Forvaltningsplanar for naturreservata på Loi, Ytamoen, Bargarden og i Luster vestre statsallmenning er under arbeid. All gran i Nigardsbreen naturreservat vart fjerna hausten 2014, og det er rydda ein god del gran frå Bargarden.

Statistikk viltforvaltning

	2010			2012			2014		
	Tal vald	Tal løyve	Tal felte	Tal vald	Tal løyve	Tal felte	Tal vald	Tal løyve	Tal felte
Hjort	88	950	514	87	985	457	89	1092	535
Elg	2	4	2	2	5	3	2	5	3
Rådyr	3	7	0	3	7	1	3	7	3
Villrein Vest-Jotunh.*	Ikkje ope for jakt							100	67
Villrein Ottad.		37	28		52	26		52	38

*Heile villreinområdet inkl. Årdalssida.

2014 var 100-årsjubileum for fredinga av Skogateigen naturreservat som er eit av dei aller eldste naturreservata i landet, og som i dag er del av Luster allmenning naturreservat. Jubileet vart markert med ein tematur 30. august.

I Hafslavatnet fuglefredingsområde har attgroings situasjonen hatt mykje fokus, men det vil fyrst verta opna for tiltak i 2015 når forvaltningsplanen er ferdig.

Miljø

Ei handfull nye verksemdar er vortne sertifiserte etter ordninga «miljøfyrtårn».

I 2014 vart det store køyretydeponiet i Flåten rydda, og arealet sådd til med gras. Ei stor og gamal ureinings sak er dermed avslutta. Ein kombinasjon av krav, dialog og økonomisk støtte frå kommunen var avgjerande for å få til dette. Ei rekkje mindre ureinings saker og forsøplingssaker har vorte fylgt opp etter varsling frå publikum, men det har ikkje vore ressursar til å ta eige initiativ til ein reinare kommune.

Arbeidet med kommunen sin motorferdselplan vart lagt på vent til endringane i motorferdsellova er vedtekne.



Det har vore stor interesse for kappekurser som har vorte arrangert. (Arkivfoto).

Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
285	Breiband	883			
320	Kommunal næringsverksemd	-329	-273	-21 %	-12 967
321	Konsesjonskraftgevinst	-7 500	-7 500	0 %	
325	Tilrettelegging og hjelp for næringslivet	10 092	14 237	29 %	14 147
329	Landbruksforvaltning	4 064	4 078	0 %	3 977
360	Naturforvaltning	1 290	644	-100 %	2 039
	Sum	7 617	11 186	32 %	7 196

285. Breibandkostnadene er knytt til delfinansiering av mobilutbygging i Mørkridsdalen, delfinansiering av radiobasert breiband til ei rad grender i Luster og fiber til bustadfeltet på Nes.


I utgangspunktet var dette budsjettert over investeringsprogrammet, men i og med at dette er anleggsbidrag til anna anleggseigar skal/må det finansierast over drift.

320 Inntekter/utgifter kommunale næringsbygg betre enn budsjettt.


321 Svikt i inntekter, men nedregulert via T1/T2'. I rekneskap innt.; 7.375+ 125 frå fond = 7.500.

325 Drift av næring i samsvar med budsjettt. «Tilrettelegging og hjelp av næringslivet» har meirinntekter i høve budsjettt på over 4 millionar. Dette er hovudsakleg innbetalte avdrag og rente på lån i næringsfondet som ikkje var budsjettterte. Det er og vesentleg høgare utlån til næringslivet, men det vert utlikna mot næringsfondet og kjem ikkje fram her.

360 Avvik vert dekkja opp via fond/statstilskot og drift er i hovudsak som planlagt.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Tal årsverk:

2012	3,0
2013	3,0
2014	3,0

Kultur

Organisering

Tenestekområdet er organisert slik: Biblioteket som eiga tenesteeining, Lustrabadet som eige KF, kulturskulen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) og øvrige kulturtilbod og tiltak som ein del av rådmannen sin stab.

Overordna mål

Dei overordna måla er nedfelt i kommuneplanen, kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (2012-23), plan for lokale kulturhus (2010-21), kommunedelplan for forvaltning av kulturminne og fagplanar om barn og ungdom og rusførebygging. Dei overordna måla er:

- Gje innbyggjarane tilgang til moderne og tilpassa kulturanlegg,
- Utvikle eit mangfald av lag organisasjonar og stimulere til auka aktivitet i desse,
- Stø opp om profesjonelt kulturarbeid og vurdere tilskot til ungdom som har valt å satse "profesjonelt" innan ei kulturell ytring,
- Satse på private investorar i bygging og drift av større kulturanlegg,
- Skape "Lustraidentitet" og ta vare på språkleg kulturarv (nynorsk, dialekt, stadnamn),
- Nytte kultur som potensiale for næringsaktivitet.

Tenester og oppgåver - generelt

231 Aktivitetstilbod barn og unge/tilskot til lag og organisasjonar.

Ordninga er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål.

365 Kulturminnevern

Koordinere den kommunale innsatsen innan kulturminnevernet, museum og lokalhistorisk arbeid. Aktiviteten er forankra i kommunen sitt reglement for tilskot til kulturføremål og gjeldande kommunedelplan.

370 Bibliotek

Funksjonen omfattar formidling av informasjon, kunnskap og kultur gjennom medium som bøker, tidsskrift, CD-ar og informasjonsteknologi. Skulebibliotek og andre formidlings- og opplæringstiltak overfor grunnskulen i Luster.

377 Kunstformidling

Den kulturelle skulesekken og andre lokale kulturprosjekt der kommunen er part. Ordninga skal vidareførast innan gitte råmer (budsjett, eksterne tilskot).

380/386: Drift av idrettshall og samfunnshus

Gaupne idrettshall er lagt opp som kommunal aktivitet for skulane og barnehagane i Gaupne for gymnastikk på dagtid.

Luster idrettsråd (brukarstyre) fordeler brukartid på ettermiddag og helg. Ny avtale av 2008 regulerer bruken av hallen (fordeling av tid, reglar for utleige/satsar/betaling/ekstravask). Den gamle gymnastikksalen ved Luster ungdomsskule inngår også som ein ressurs for bruk på ettermiddag og kveldstid.

Jostedal samfunnshus er lagt opp som kommunal aktivitet for skule og barnehage sin bruk av gymnastikksal/symjebasseng på dagtid og frivillige lag/organisasjonar på kveldstid og i ledige tidsrom. *Fjordstova i Skjolden* har ein eigen avtale om drift av symjebasseng, gymnastikksal og off. toalett. Budsjettert kjøp av tenester. Avtalen vart politisk handsama i k-sak 60/04.

380 Idrett

Området er regulert av kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (2012-2023). I samsvar med vedtak om bygging av anlegg finansiert med statstilskot garanterer kommunen for at anlegga skal vera opne og drivast forsvarleg. Tilskot til drift er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål. Sogn Skisenter får eit årleg driftstilskot (k-sak 11/09) og det er føresett årleg driftstilskot til Lustrabadet (k-sak 60/09).

383 Musikk- og kulturskule

Skulen vert organisert som eit interkommunalt samarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster, med felles administrasjon og Leikanger som vertkommune.

385 Prosjektretta kulturtiltak

Funksjonen er samansett av tiltak som lokale arrangement i Den Kulturelle Skulesekken, Den Kulturelle Spaserstokken, tilskot til nærmiljøanlegg, kulturpris/kulturstipend og tilskot til Luster frivilligsentral.

391 Kyrkja mv

Kontaktledd/rammeansvarleg for overføringar til kyrkjer, kyrkjegardar og andre trussamfunn.

I tillegg til ovannemnde funksjonar medverkar administrasjonen også innan planlegging, informasjonstiltak, prosjektarbeid, regionale samarbeidstiltak, større kulturarrangement, kontaktverksemd regionalt og nasjonalt/internasjonalt.

Styringsmål 2014:

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2014	Resultat 2014
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	-
	B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0	-
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2014 Visma			< 100%	«103»
	M	Medarbeidertilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2012	4,8	4,6		-
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk 2014	0,3	-		-
Tenesteområde	B	Tal utlånte bøker pr. innbyggjar	SSB	5,6	3,4	6,5	6,9
	B	Utlån av alle mediar frå bibliotek pr. innbyggjar	SSB	8,7	4,9	9,0	8,7
	B	Andel av elevar i kulturskulen, av tal barn i alderen 6-15 år	SSB	-	15%		18%
	B	Tal besøk i biblioteka	Registrering	10,4	4,2	10,0	10

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål (obs - ikkje tal pga for få personar), Ø = Økonomimål

*) Dette styringsmålet er nytt og registrering av ev. avvik/status vil bli gjort frå oppgradering av sak arkiv i 2015.

Ø = Bruk av tidlegare avsette midlar har ikkje vore budsjettert i 2014, omsynete dette er forbruk innanfor budsjett.

Aktivitet 2014

Aktivitetstilbod barn og unge

114 organisasjonar mottok kulturtilskot frå kommunen i 2014 (113 i 2013).

Talet på organisasjonar med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som sine hovudaktivitetar og som søkte og mottok kommunalt tilskot var i 2014 9. (talet var 17 i 2013).

Talet på andre barne og ungdomsorganisasjonar var 13 (13 i 2013).

Fritidsklubbar var i aktivitet på Hafslo, i Jostedal, og i Gaupne (som for 2013). I tillegg har Lyngmo ungdomssenter søkt og fått tilskot til fritidsleing på sin leiraktivitet.

Kommunen praktiserer eit definert samarbeidsforhold til aktivitetstilbodet MENU i Gaupne, og Danseverkstaden, sjå eiga melding under Folkehelse.

Kommunen deltek i det regionale samarbeidet om saker som vedkjem barn og unge.

Kulturminnevern, museum og lokalhistorie

Kommunen innvilga tilskot til 12 prosjekt innan teknisk kulturminnevern (6 i 2013), og til 4 prosjekt innan immaterielt kulturvern (7 i 2013).

Formidling av lokalhistorisk litteratur har halde seg på eit høgt nivå og kommunen omsette bygdebøker for kr 290.000 (258.000 i 2013).

Arbeidet med slutføringa av bygdebøkene bn.11 og 12 føregår på dugnad i eit samarbeid mellom bygdeboknemnda i Hafslo sogelag og forfattarane Lars E Øyane og Terje Mikael Hasle Joranger.

Stadnamnprosjektet og adresseprosjektet vart gjennomført i samarbeid med ressurspersonar Jostedal historielag og Hafslo- og Luster sogelag.

Kommunen har delteke i det regionale samarbeidet om drift av Sogn Folkemuseum på Kaupanger i Sogndal kommune.

Kommunen deltok i arbeidsgruppa for oppretting av Stiftinga Wittgenstein i Skjolden, og ordføraren i Luster kommune vart valt til den første leiaren i stiftinga.

Planarbeidet med revisjon av kommunedelplanen for kulturminnevernet vart teke opp att.

Bibliotek.

Grunnlovsjubileet, med mange arrangement og utstillingar, sette preg på året som gjekk. Statistikken viser nedgang i utlånet, som følgje av redusert opningstid ved avdeling Hafslo og avvikling av Luster vidaregåande skule. I april gjekk startskotet for utlån av e-bøker. Gjennom året vart det gjennomført utgreiing av bibliotektenesta, med kommunestyrehandsaming i desember. Folkebibliotektenesta vert vidareført og utvikla i Gaupne, og det vert oppretta oppvekstbibliotek i alle skulekrinsar med utlån i barnehagar og skular. Dette vert innført i 2015.

Forfattarar, forteljarar, bibliotekar og andre formidlarar ga mange ulike opplevingar i biblioteket i 2014.

Bruk av egne ressursar, tilførte prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket og bidrag frå Luster folkeakademi gjorde den store og varierte aktiviteten muleg. Saman med biblioteka i Balestrand, Eid, Flora, Vik og Årdal mottok Luster bibliotek kr 100.000 i støtte til

prosjektet «Grunnlova 1814-2014». Det blei fokusert på jubileet i mange av arrangementa:
«I Grunnlovens hus»: bokkafe for vaksne, ved Atle Næss
«Folkeliv i Sogn på 1800-talet»: laurdagsforedraget ved Bjørg Hovland
«Vårt 1814». Laurdagsforedraget ved Johs B. Thue
«Vestlandsmålaren»: eit biletprogram om nasjonalromantikkens Anders Askevold ved Thor Warberg.
«Luster 1814»: laurdagsforedraget ved Oddmund Hoel.
«I Grunnlovens hus» for Hafslo barne- og ungdomsskule, ved Atle Næss.

Andre arrangement

Bokkafe med Erlend Loe
6 eigeproduserte bokkafear og 6 språkkafear

Arrangement for barn og unge:

- Program med litteraturformidling for Jostedal oppvekstsenter, barnehage.
- Litteraturformidling i leseveka klassevis, Gaupne skule, 1.-4.klasse.
- Bibliotekopplæring og litteraturformidling for 5. og 8.klasse, Gaupne skule og Hafslo barne- og ungdomsskule.
- Novellekonkurranse for Luster ungdomsskule i samband med Verdas bokdag, fomidling ved Janne Karin Støylen, Nynorsksenteret.
- Teaterframsyning «I Bakvendtland» med Barnehageteateret.

Utlån av elektroniske bøker

Oppstart av e-bokutlån var 10.april. Felles bestand for e-bøker («Digitale tekstbøker») i konsortiet (Sogn og Fjordane) per 31.12.2014:

E-bøker for barn: 398 eksemplar. E-bøker for vaksne: 1352 eksemplar

Utlån i Luster: Vaksne: 403, barn: 151. Dette utlånet viser at lustringar er i toppen av utlånsstatistikken i fylket for dette mediet.

Bokbåt (fylkeskommunal drift)

Stoppestader: Kroken og Solvorn med kulturarrangement. Utlån: 1311, besøk: 208
Auke i utlån 17,26 %. Bokbåttenesta er vedteken nedlagt frå hausten 2015.

Turistinformasjon

I sommarsesongen 2014 var turistinformasjonen driven frå biblioteket med godt resultat.

Kunstformidling

Luster kommune har rapportert lokal, eigenaktivitet i 2014 innan Den Kulturelle Skulesekken for til saman kr 153.574 (kr 132.000 i 2013).

I tillegg samarbeider kommunen med Sogn og Fjordane fylkeskommune om formidling av turneprogram til grunnskulane.

Luster kommune har gjennom ein samarbeidsavtale med Folkeakademiet Luster søkt og fått innvilga statstilskot til gjennomføring av Den Kulturelle Spaserstokken. Til saman vart det gjennomført 29 program (32 i 2013).

Idrett

Luster kommune handsama, og vidaresende 8 søknader

om statstilskot til ordinære idrettsanlegg i 2014. Alle prosjekta vart godkjende for spelemiddelfinansiering. 4 anlegg nådde opp i prioritering og vart innvilga spelemidlar i 2014.. Desse anlegga fekk: Hafslo i.l.: Sjuarbane med kunstgras ved Hafslo barne- og ungdomsskule, Luster kommune: Servicebygg på Krossen, Mollandsmarki og på Bergset, Krundalen i Jostedal og Dagsturhytte på Molden.
Sogn Skisenter fekk utarbeida sin plan for den framtidige utbygginga av skianlegga på Heggmyrane. Luster kommune har varsla oppstart av reguleringsplanarbeid. Modvoheisen vart ferdigstilt og teken i bruk til sesongstart 2014-15.

Lustrabadet KF har eigen årsrapport. Driftstilskotet vart auka for 2014 til 3,2 million kroner. Anlegget har fungert godt og badet er populært for besøkande frå heile regionen og i reiselivssamanheng. Besøkstala har gått ned i 2014 med om lag 20% til 43.150 pluss 8-10.00 skulebesøk. Slutt på nyhendeinteresse og det gjennomgåande gode veret i 2014 må reknast som faktorar so har påverka dette. Driftsrekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk på nærare 300.000.

Kulturskule

Kulturskulen hadde 202 elevplassar i Luster våren 2014 og 120 om hausten. Nedgang vesentleg på grunn av avviking av SFO sin gratis kulturskuletime. Tilsvarande tal på venteliste var 64 vår og 37 haust. Kulturskulen heldt dirigentar til tre korps i 2014. Dale skulemusikk, Jostedal skulemusikk og Gaupne skule- og ungdomskorps. Dette er tilsvarande aktivitet som for 2013.

Skulen hadde om lag 3 årsverk til undervisning i Luster kommune i 2014. Tilsvarande tal for 2013 var 3,5 årsverk om våren og 3 årsverk hausten 2013. Sogn kulturskule løna åtte kor- og korpsdirigentar i kommunane Luster, Sogndal og Leikanger. Kulturskulen hadde om lag 7,5 årsverk knytt til undervisning våren 2014 og 7,9 om hausten.

Kulturskulen har hatt eit elevtal på om lag 463 våren og 278 hausten 2014. Den store nedgangen i elevtalet skriv seg frå at gratistilbodet «kulturskuletimen» forsvann parallelt med at skulen har gjennomført reduksjon i aktiviteten. Det kan også sjå ut som det er ein trend med nedgåande søkjartal. Ventelista var 135 vår og 83 haust.

Kulturskulen har fire halve stillingar som distriktsmusikarar. Lønsutgiftene til desse muskarstillingane deler kulturskulen med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Distriktsmusikarane har hatt jamn og god aktivitet og delteke på prosjekt med Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane symfoniorkester, Åmot operagard, Den kulturelle skulesekken, og eit stort tal profesjonelle og frivillige kulturaktørar.

Andre kulturaktivitetar / prosjektretta kulturtiltak

Luster kommune yter administrativ støtte i form av opplæring og ulike støttefunksjonar i arbeidet til Ungdommen sitt kommunestyre og arbeidsutval. Samarbeidet med Luster Frivilligsentral om Frivilligskulen vart vidareført med satsingsområda: søknadsproduksjon og utarbeiding av planar og prosjekt, nærmiljøtiltak og tilskot til spesielle tiltak (kulturforemål).

Kommunen var også aktiv med i lokale prosjektarbeid som t.d. InnI Luster, Sentrumsnære turveggar og registrering av friluftsområde / Naturarv.

Lustramarknaden har utvikla seg til å bli eit fyrtårn for Luster kommune, og har vorte eit samanhengande stort kulturarrangement over 8 dagar.

Folkeakademiet Luster har også i 2014 medverka til eit sterkare arrangør- og teamarbeid i forhold til å skaffe ressursar til kommunen. Samla sett vart det arrangert 79 arrangement med om lag 7700 publikum (73 arr. og 5770 publikum i 2013).

I den nasjonale satsinga Krafftak for song er Luster kommune teken opp som ein av fleire pilotkommunar. Arbeidet har fem satsingsområde: song for barn og unge, Song i eldreomsorga, Song og inkludering, Song og helse og Song i lokalsamfunnet. Luster kommune rapporterte aktivitet innan all fem satsingsområda.

Skjolden bygdelaag fekk fylkeskommunen sin utmerking for iderike bygdesamfunn i 2014. «Bydelaget bidreg til optimisme, skaparkraft og bulyst innerst i Sognefjorden» ... er referert frå grunngevinga.


Kulturstipend vart innvilga Einar Bolstad, Therese Bøyum, Ann Kr. Fredheim, Henning Lad, Mathilde Skjæret, Sandra Solvi, Kine Svori, Sina Sørheim Søhoel. Kulturprisen vart tildelt Arve Bjørn Røneid.



Arve Bjørn Røneid var ein verdig kulturprisvinnar.

Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter til kultur i kr pr. innbyggjar:



Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 14	Bud 14(r)	Avvik	Rekn 13
231	Aktivitetstilbod til barn og unge	693	700	1 %	522
365	Kulturminnevern	146	100	-46 %	100
370	Bibliotek	2 436	2 499	3 %	2 426
375	Museum	180	176	-2 %	175
377	Kunstformidling	52	45	-15 %	55
380	Idrett	2 269	1 800	-26 %	1 788
381	Idrettsbygg	4 317	4 153	-4 %	3 399
383	Kulturskule	2 517	2 426	-4 %	2 244
385	Andre kulturaktivitetar	1 647	1 876	12 %	2 066
386	Kulturbygg	858	858	0 %	858
390	Kyrkjer	6 256	6 256	0 %	6 256
392	Andre religiøse føremål	230	130	-77 %	176
	Sum	21 602	21 019	-3 %	20 067

Kommentar:

365 Kulturminnevern, overskridinga heng saman med at unytta løyvingar frå tidlegare vart trekte inn for så å verta løyvde opp att på nytt til nye prosjekt innan same tenesteområde.

380: Idrett, overskridinga heng saman med eit mellombels bokført forskottering av spelemidlar frå kommunen til Hafslø i.l. vedk. bygging av ballbane med kunstgras ved skulen.

381 Idrettsbygg, overskridinga er i stor grad knytt opp mot drifta av Jostedal samfunnshus og drift av badetilbod der utover lagt til grunn i b-14.

383 Kulturskuletimen i SFO.

385 Andre kulturaktivitetar har hatt eit mindreforbruk som både heng saman med redusert støtte til prosjektretta kulturtiltak og manglande kvalitet på søknader, auke i tilskot frå fylkeskommunen til kulturvern, men også ein generell reduksjon i aktiviteten til ungdommen sitt kommunestyre.

392 Andre religiøse føremål gjeld overføring av tilskot til andre religiøse føremål enn den norske kyrkja. Tilskotsfaktoren vert utrekna med grunnlag i det samla forbruket på D.N. kyrkja fordelt på talet medlemar. Denne faktoren vert så multiplisert opp med talet på medlemar i desse andre kyrkjjesamfunna som har registrerte medlemar i Luster kommune. Dette talet aukar.

Rekneskapen 2014

Nøkkeltal


Brutto og netto driftsutgifter
(prisjustert i 1000 kr,
2014-kroner)



Frå Kostra 2014	Luster	Kostragruppe 12	Sogn og Fjordane	Landet	Landet uten Oslo
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,1	2,2	3,1	0,4	0,5
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,3	2,3	2,9	1,1	1,1
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	244	227,2	216	201,8	209,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	30,8	15,8	12,9	12	14,9
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	52 418	71 748	66 717	40 512	49 613

Nøkkeltal

Langsiktig gjeld
(kroner pr 31.12.14 pr innbygger)
Brutto, inkl. Gullringen



REKNESKAPSSKJEMA 1A - DRIFTSREKNESKAPEN

	Regnskap 2014	Reg. budsjett 2014	Oppr.budsjett 2014	Regnskap i fjor 2013
Skatt på inntekt og formue	136 267 357,06	134 661 000,00	135 861 000,00	133 477 755,23
Ordinært rammetilskudd	149 420 214,00	151 100 000,00	151 100 000,00	141 054 277,00
Skatt på eiendom	62 133 236,12	62 000 000,00	62 000 000,00	65 076 316,32
Andre direkte eller indirekte skatter	14 729 176,00	14 743 000,00	14 743 000,00	14 547 207,00
Andre generelle statstilskudd	9 729 494,40	6 752 800,00	2 715 000,00	6 561 683,35
Sum frie disponible inntekter	372 279 477,58	369 256 800,00	366 419 000,00	360 717 238,90
Renteinntekter og utbytte	8 450 480,95	11 675 000,00	10 675 000,00	8 242 426,04
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	7 282 914,66	4 000 000,00	-	10 130 488,58
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	11 453 412,70	13 777 200,00	13 775 000,00	11 947 792,28
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	24 512 274,00	23 685 000,00	23 685 000,00	22 675 774,00
Netto finansinnt./utg.	-20 232 291,09	-21 787 200,00	-26 785 000,00	-16 250 651,66
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsetninger	9 564 820,00	9 564 820,00	14 600 000,00	16 464 274,00
Til bundne avsetninger	28 354 760,84	19 827 000,00	20 437 000,00	27 427 717,97
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	9 564 819,94	9 564 820,00	-	6 117 515,29
Bruk av ubundne avsetninger	8 855 752,00	8 855 752,00	14 401 352,00	13 111 657,00
Bruk av bundne avsetninger	27 596 462,44	26 809 000,00	14 710 000,00	34 162 494,06
Netto avsetninger	8 097 453,54	15 837 752,00	-5 925 648,00	9 499 674,38
Overført til investeringsregnskapet	100 000,00	100 000,00	-	8 657 875,00
Til fordeling drift	360 044 640,03	363 207 352,00	333 708 352,00	345 308 386,62
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	354 157 512,39	363 207 352,00	333 708 352,00	335 743 567,00
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	5 887 127,64	-	-	9 564 819,62

REKNESKAPSSKJEMA 1B

		Rekneskap 2014	Reg.budsjett 2014	Budsjett 2014	Rekneskap 2013
100	Politisk styring	2 957 314	3 227 000	3 273 000	3 264 397
110	Revisjon og kontrollutval	758 176	896 500	796 500	845 170
120	Administrasjon	23 914 369	24 375 306	24 828 500	22 432 009
121	Eigedomsforvaltning	1 355 241	1 865 000	1 635 000	1 593 508
130	Administrasjonslokale	1 256 790	1 237 495	1 137 495	951 179
170	Premieavvik	-	-	-14 600 000	-3539550,6
171	Premieavvik tidl. År	-	-	8 405 600	10496641,200
172	Pensjon	45 084	-	-	-
180	Diverse fellesutgifter	54 756	2 758 512	9 238 500	212173,13
190	Teknisk drift	-483	-187 521	-448 584	-107 550
201	Barnehage	29 642 833	29 320 094	26 896 967	26 526 181
202	Grunnskule	75 031 767	74 966 309	74 503 443	71 820 308
211	Styrka barnehagetilbod	2 597 904	2 860 867	3 056 000	2 152 430
213	Vaksenopplæring	-60 139	-9 000	-9 000	-2 298
215	Skulefritidstilbod	1 945 282	2 073 933	1 937 800	2 025 442
221	Barnehagelokale	2 848 917	2 660 449	2 513 449	1 989 634
222	Skulelokale	9 720 041	9 744 039	9 319 039	9 205 980
223	Skuleskyss	2 012 901	2 000 000	2 000 000	1 973 072
